

Løysingsfokusert samtaleteknikk (LØFT) i fritidsklubbar

*Rapport frå eit forprosjekt
om fritidsklubbar og rusførebygging*

Ingrid Smette

Løysingsfokusert samtaleteknikk (LØFT) i fritidsklubbar

Rapport frå eit forprosjekt om fritidsklubbar og rusførebygging

INGRID SMETTE

Norsk institutt for forskning om
oppvekst, velferd og aldring
NOVA Rapport 12/05

Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) ble opprettet i 1996 og er et statlig forvaltningsorgan med særskilte fullmakter. Instituttet er administrativt underlagt Utdannings- og forskningsdepartementet (UFD).

Instituttet har som formål å drive forskning og utviklingsarbeid som kan bidra til økt kunnskap om sosiale forhold og endringsprosesser. Instituttet skal fokusere på problemstillinger om livsløp, levekår og livskvalitet, samt velferdssamfunnets tiltak og tjenester.

Instituttet har et særlig ansvar for å

- utføre forskning om sosiale problemer, offentlige tjenester og overføringsordninger
- ivareta og videreutvikle forskning om familie, barn og unge og deres oppvekstvilkår
- ivareta og videreutvikle forskning, forsøks- og utviklingsarbeid med særlig vekt på utsatte grupper og barnevernets temaer, målgrupper og organisering
- ivareta og videreutvikle gerontologisk forskning og forsøksvirksomhet, herunder også gerontologien som tverrfaglig vitenskap

Instituttet skal sammenholde innsikt fra ulike fagområder for å belyse problemene i et helhetlig og tverrfaglig perspektiv.

© Norsk institutt for forskning om oppvekst,
velferd og aldring (NOVA) 2005
NOVA – Norwegian Social Research

ISBN 82-7894-214-5
ISSN 0808-5013

Illustrasjonsbilde: © Stig Stasig / Samfoto
Desktop: Hussein Monfared
Trykk: Allkopi

Henvendelser vedrørende publikasjoner kan rettes til:

Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring
Munthesgt. 29 · Postboks 3223 Elisenberg · 0208 Oslo

Telefon: 22 54 12 00
Telefaks: 22 54 12 01
Nettadresse: <http://www.nova.no>

Forord

Bakgrunnen for forprosjektet som blir presentert i denne rapporten har vore spørsmålet om korleis ein kan styrke og synleggjere det rusførebyggande arbeidet i fritidsklubbar. *Ungdom & Fritid – landsforening for fritidsklubbar og ungdomshus* tok overfor Sosial- og helsedirektoratet initiativ til å setje i gang eit prosjekt med dette spørsmålet som fokus. Direktoratet har saman med Akershus fylkeskommune finansiert prosjektet og medverka til utforminga. NOVA fekk oppdraget som grunna dei økonomiske rammene blei definert som eit forprosjekt. Prosjektet blei av personalmessige årsaker noko forseinka, og NOVA takkar med dette oppdragsgjevar for tolmod og fleksibilitet.

Hovudmålsetjinga med forprosjektet var å følgje og analysere erfaringane med opplæring av dei tilsette i ein fritidsklubb i løysingsfokuserert samtaleteknikk, LØFT. Med denne metoden ønskte ein å medverke til å få ungdommar i klubb til å reflektere over og stille spørsmål rundt eiga rusåtfærd. Eit sentralt bakteppe for diskusjonane rundt erfaringane med denne metoden er dei strukturelle rammene som dei to klubbane og dei tilsette i desse arbeider innanfor. Ein konklusjon er at desse strukturelle rammene ser ut til å vere viktige for korleis ein metode som LØFT kan brukast i klubb. Ein bør difor undersøke nærare kva desse rammene har å seie for korleis ein gjennom klubb kan drive rusførebyggande arbeid.

Som sosialantropolog og ungdomsforskar har det vore ei stor glede å få arbeide med dette prosjektet. Av dei fem månadene som prosjektet varte, blei i overkant av tre månader brukt til feltarbeid i to ulike fritidsklubbar. Gjennom feltarbeidet har eg fått eit kort, men lærerikt innblikk i kvardagslivet for ungdom i nokre av Oslo sine nærområde. Eg vil med dette takke både ungdommar og tilsette i dei to klubbane – som av anonymitetsomsyn ikkje kan nemnast ved namn – for den gode mottakinga og for å ha delt tankar og erfaringar med meg. Ein stor takk også til Bjørn Lindstad, prosjektleder i Ungdom & Fritid, for godt samarbeid og tiltrettelegging av prosjektet. Viggo Vestel, NOVA, får med dette takk for forarbeidet med prosjektet og konstruktive innspel undervegs. Kristinn Hegna, NOVA, skal ha takk for kyndig hjelp med statistikken og forskingsleiar Elisabeth Backe-Hansen for god støtte under arbeidet. Takk også til kollegaer og andre som har vore diskusjonspartnarar gjennom prosjektet.

Oslo, april 2005

Ingrid Smette

Innhold

Samandrag	7
1. Innleiing	9
Bakgrunn og problemstillingar	9
Fritidsklubb som førebyggingsarena	14
Ulike perspektiv på førebygging	16
Ungdom og rusmiddel	18
Gangen i rapporten	19
2. Løsningsfokusert samtaleteknikk som verktøy for rusforebygging i fritidsklubb	21
<i>Av Bjørn Lindstad, prosjektleder Ungdom & Fritid</i>	
Kort om metoden	21
Valg av metode	21
Om opplæringen	23
3. Evaluering og metode	27
Evaluering	27
Feltarbeidet	29
4. Almåsen og Bjørkelia – presentasjon av to fritidsklubbar	33
Almåsen fritidsklubb	33
Bjørkelia fritidsklubb	36
Relasjonar i klubb og førebygging	39
5. Fritidsklubb og rusmiddel: Tal og kontekst	45
Rusbruk blant ungdom i klubb	45
Oversikt over førekomst	47
Mønster i rusbruk og konsekvensar for førebygging	51
Klubbane i lokale ruskulturar	52
Tobakk	53
Alkohol	54
Cannabis/hasj	60
Kva tyder klubben for ungdomane sin rusbruk?	64
6. Erfaringar med LØFT i Almåsen fritidsklubb	66
Sju veker med LØFT i Almåsen	67
«Vi satt og prata om rus og alt mulig sånn her om dagen.»	72
Moglegheiter og avgrensingar for LØFT i fritidsklubb	76
1. Var opplæringa tilstrekkeleg?	76
2. Medverkar metoden til at ungdomen sine refleksjonar kjem i fokus?	78
3. Er eksisterande verksemd eigna for å bruke LØFT?	81
4. Endring – i og utanfor klubb?	83
Oppsummering	85

7. Tilrådingar for vidareutvikling av prosjektet	87
Utvikle refleksjonsskapande samtaler om rus	88
Styrke fritidsklubbar sin legitimitet som førebyggjande verksemd	91
Avslutning	94
Summary	97
Referansar	99

Samandrag

Førebygging har alltid vore eit viktig argument for drive fritidsklubbar. Målsetjinga for prosjektet som blir skildra i denne rapporten er å målrette det rusførebyggande arbeidet innanfor klubbane. Metoden som er prøvd ut for å nå dette målet er ein forenkla versjon av terapimetoden løysingsfokuseret samtaleteknikk, her kalla LØFT. Ved hjelp av dette samtaleverktøyet skal leiarane få ungdom til å reflektere rundt og stille spørsmål ved eiga rusåtfærd. Hovudproblemstillinga i rapporten er om dette verktøyet er eigna til å nå denne målsetjinga. Ei underordna problemstilling har vore å undersøke kva strukturelle rammer og samhandlingsmønster i klubben har å seie for at relasjonane mellom ungdom og leiarar i klubb skal kunne brukast til rusførebygging.

To fritidsklubbar har vore involvert i prosjektet som har status som forprosjekt. Desse to klubbane blei følgde gjennom eit tremånaders feltarbeid. Halvvegs i feltarbeidet fekk leiarane i den eine klubben ei dagars opplæring i det nemnde samtaleverktøyet, og i andre del av feltarbeidet undersøkte vi korleis leiarane tok i bruk verktøyet og kva slags former for samhandling som bruken av dette medførte.

Den korte prosjektperioden gjer at vi ikkje kan trekkje eintydige konklusjonar omkring kva potensiale ein metode som LØFT kan ha i klubb. Materialet frå forprosjektet tyder likevel på at trass i at dei tilsette i kursklubben opplevde opplæringa som inspirerande og lærerik, var opplæringa truleg for knapp til å meistre metoden tilstrekkeleg. Eit anna viktig hinder for å oppdage ein eventuell effekt på ungdomane var dessutan den avgrensa bruken av metoden i klubben. Sjølv om dette, samt den korte perioden med feltarbeid i etterkant av opplæringa, vil kunne endrast om ein går vidare med metoden, synest det rimeleg å peike på nokre andre utfordringar om ein skal oppnå ein merkbar og varig gjennomføring av metoden. Ei utfordring knyter seg til korleis ein skal sikre at klubbtilsette får tilstrekkeleg høve til å praktisere metoden og støtte kvarandre i bruken. Erfaringane frå dette prosjektet tyder på at det som synest å vere eit vanlege kjenneteikn ved klubbar, mange tilsette i små stillingar, vil vere eit hinder for å få dette til. Ei slik samansetjing av personalgruppa vil også innebære at dei relasjonane klubbtilsette har til dei enkelte ungdomane i klubben vil vere av varierende kvalitet og innebære ulike gradar av kontinuitet. Erfaringar frå klubbane i denne studien tydar på at gode og tillitsbaserte relasjonar mellom tilsette og

ungdom er eit naudsynt vilkår for at metoden skal kunne brukast på ein meiningsfull måte. I denne samanhangen er det også relevant å peike på eit funn i samanlikninga av dei to klubbane som var involvert i studien. Det syntes som graden av og kvaliteten på integreringa av fritidsklubben i det lokale førebyggingslandskapet hadde mykje å seie både for korleis leiarane kunne bygge relasjonar til ungdomane og på ein fruktbar måte handtere saker som dreidde seg om rusbruk.

Dei strukturelle rammevilkåra for klubbane ser altså ut til å vere viktige for førebyggjande arbeid i klubb. Rapporten argumenterer for at dette perspektivet er viktig med tanke på det vidare arbeidet med prosjektet. Ei innvending mot ein metode som LØFT blir på denne bakgrunnen at metoden krev svært mykje av dei tilsette utan at ein tek høgde for dei rammevilkåra dei og klubben arbeider innanfor. Tiltrådingane for det vidare arbeidet med prosjektet er difor todelte: (1) Arbeid med å kartlegge og systematisere erfaringar med å bygge relasjonar i klubb. Denne kunnskapen kan deretter brukast som utgangspunkt for å utvikle refleksjonsskapande samtaler om rus. I eit slikt arbeid må ein også inkludere ein analyse av samanhengen mellom klubben sine rammevilkår og moglegheitene for å utvikle relasjonar mellom ungdom og tilsette. (2) Arbeid med å samle informasjon om integrering av klubbar i kommunalt førebyggjande arbeid. Undersøk korleis ulike former for integrering påverkar korleis klubbane kan drive rusførebyggjande arbeid. Også her vil det vere viktig å sjå på samanhengen mellom tilgjengelege ressursar og førebyggjingsarbeid.

1 Innleiing

Denne rapporten skildrar eit forprosjekt for utvikling og evaluering av fritidsklubb som rusførebyggjande arena. Hovudspørsmålet som blir stilt er om løysingsfokusert samtaleteknikk er eigna som verkty for å drive rusførebyggjande arbeid i fritidsklubbar. To klubbar har vore med i prosjektet som totalt har gått over fem månader. Formålet med rapporten er å skildre gjennomføringa av prosjektet samt å diskutere potensiale og avgrensingar ved metoden som er valt. På bakgrunn av erfaringane frå forprosjektet vil vi også fremje og drøfte forslag til vidareutvikling av prosjektet.

Bakgrunn og problemstillingar

I følgje *Ungdom & Fritid – landsforening for fritidsklubber og ungdomshus*,¹ interesseorganisasjon for om lag 570 fritidsklubbar i Noreg,² har det førebyggjande arbeidet frå ein kommunal ståstad alltid vore sett på som ein viktig grunn for å drive fritidsklubbar (Jacobsen 2003). Klubbane har også sjølve sett det rusførebyggjande arbeidet som viktig i legitimeringa av verksemda. Arbeidet mot rusmiddel – både alkohol og narkotika – har vore markert både ved at klubben skal vere eit rusfritt tilbod til ungdom, men også gjennom meir aktivt haldningsskapande arbeid (ibid.).

Argumentet om at fritidsklubbar er rusførebyggjande synest likevel først og fremst å bli fremja i det offentlege rom når klubbar er truga av nedlegging. Eit døme på det er avisoppslaga hausten 2004 i samband med at fleire Oslo-klubbar blei foreslått nedlagt i dei kommunale budsjetta. Ungdomar som brukte klubbane demonstrerte mot forslaget, og både politi, ungdomsarbeidarar og leiarartiklar i aviser argumenterte mot nedlegging med påstandar om at utan klubb ville det bli både meir hærverk, uro og rus.³ Ein av klubbane som var med i dette prosjektet blei også truga i den kommunale budsjettbehandlinga, og ungdomar og tilsette protesterte mot planane ved hjelp av liknande argument.

¹ Heretter berre kalla *Ungdom & Fritid*

² Per 01.12.2004

³ «Legger ned fritidsklubber - ber ungdom dra til sentrum» i *Aftenposten nettutgåve* 02.11.2004, <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article903708.ece>

Argumentet om at fritidsklubbar er førebyggande, synest altså godt etablert i ei folkeleg og politisk forståing. Men er det faktisk slik at klubbar verkar førebyggande? Ei problematisering av påstanden om at medlemskap i organisasjonar, der i blant fritidsklubbar, i seg sjølv er rusførebyggande, finn vi i artikkelen «Forebyggende foreningsliv?» (Pedersen 1993). Pedersen fann at ungdom som er medlem i organisasjonar eller som brukar fritidsklubbar *ikkje* brukte mindre rusmiddel enn annan ungdom, og at mellom andre ungdom i fritidsklubb skilde seg ut med å ha eit høgare forbruk av enkelte rusmiddel enn annan ungdom.

I fleire publikasjonar frå studiar av ungdom i svenske fritidsklubbar (*youth recreation centers, fritidsgårdar*)⁴ blir det også stilt spørsmål ved påstanden om at ustrukturert ungdomsverksemd, som til dømes fritidsklubbar, verkar førebyggande (Mahoney og Stattin 2000; Mahoney, Stattin et al. 2001; Persson, Kerr et al. 2004). Funna i desse undersøkingane viser at gutar som deltek på slike arenaer var meir involvert i kriminalitet enn andre gutar, og at jenter hadde større sjanse for å vere fulle, naske og drive hærverk. Dette kunne til ein viss grad forklarast ved at ungdom som oppsøkte desse arenaene hadde fleire problem når dei byrja i klubbane. Men også ungdom som i utgangspunktet ikkje hadde slike problem blei meir problembelasta etter å ha vore i fritidsklubb enn dei som ikkje hadde vore det. Desse funna stod også fast etter at forskarane hadde kontrollert for ei rekke bakgrunnsfaktorar som spelar ei rolle for problemåtferd. Forfattarane hevdar at det er sosialisering inn i jamaldergruppa i desse klubbane som synest å vere den mest trulege årsaka til denne effekten.

Konklusjonen i dei nemnde studiane kan synast å gå på tvers av påstanden om at fritidsklubbar er førebyggande. Dei er likevel relevante for dette prosjektet på to måtar: For det første viser dei at fritidsklubbar når målgruppa dei er tenkt for – ungdom som i ei viss utstrekning er kjenneteikna av risikofaktorar, til dømes når det gjeld rusbruk. Pedersen argumenterer på bakgrunn av dette for at ungdomsorganisasjonar generelt og fritidsklubbar spesielt bør bli viktigare arenaar for førebyggande arbeid

⁴ Det er ikkje utan vidare uproblematisk å samanlikne norske fritidsklubbar og svenske *fritidsgårdar*, ettersom dei svenske verksemdene ofte har færre tilsette og i hovudsak er lokalisert i større byar (Sylvi Jørgensen, leiar i sentralstyret for Ung & Fri, munnleg kommunikasjon). Når det gjeld pedagogisk grunnlag (sjå til dømes Laxvik 2001) er det likevel klare likskapstrekk mellom dei norske og svenske verksemdene. Ettersom det er stor variasjon når det gjeld talet på tilsette og verksemd også når det gjeld norske fritidsklubbar, meiner vi likevel at det er relevant å drøfte funna frå den svenske forskinga her.

(1993: 210, 1998:113). I dei svenske studiane blir det også argumentert for at *fritidsgårdar* kan fungere som arena for fokuserte førebyggingsstrategiar ettersom ein her vil treffe ein høg konsentrasjon av problembelasta ungdom (Persson, Kerr et al. 2004).⁵ I eit seinare kapittel i denne rapporten skal vi sjå nærare på dette gjennom analyser av data frå ei representativ ungdomsundersøking, *Ung i Norge 2002*.

For det andre er desse studiane relevante for prosjektet fordi dei problematiserer den kanskje tatt for gitt forståinga av at det å legge til rette for stader å vere for ungdom *i seg sjølv* er førebyggande – eller som dei svenske forskarane uttrykkjer det: «[P]roviding places where youths can be off the streets does not necessarily mean that they will be out of trouble», (Persson, Kerr et al. 2004: 596). Undersøkingane synleggjer at måten klubbverksemda blir organisert på, mellom anna når det gjeld kva rolle dei vaksne leiarane har, truleg vil vere viktig for at klubbar skal kunne ha førebyggande effekt, til dømes i forhold til rusbruk. Dette er eit viktig utgangspunktet for prosjektet som blir skildra i denne rapporten.

Prosjektet har gått ut på å følgje to kommunale fritidsklubbar gjennom eit antropologisk feltarbeid. Feltarbeidet har gått over eit haustsemester. Klubbane har fått namna Almåsen og Bjørkelia. I den eine av dei to klubbane, Almåsen, gjennomgjekk leiarane midtvegs i feltarbeidet eit kurs i eit samtaleverktøy for å snakke med ungdomar om rus. Opplæringa baserer seg på element frå løysingsfokusera samtaleteknikk – heretter kalla LØFT. Bakgrunnen for metoden og for valet av han skal presenterast av oppdragsgjevar i eit eige kapittel. Målsetjinga med kurset var å utvikle leiarane sine evner til å initiere det som kan kallast refleksjonsskapande samtaler rundt temaet rus. Dei tilsette i klubben skulle gjennom å ta i bruk ein ny reiskap få ungdom til å reflektere over eigen rusbruk på ein ny måte.

Målet for evalueringa av tiltaket har vore «å kunne avdekke språklige eller uttalte atferdsmessige endringer eller andre prosesser som indikerer at opplæringa av ansatte gir positive utslag i ungdoms refleksjon rundt egen atferd i rusrelaterte spørsmål.»⁶ Denne målformuleringa er svært kompleks, både fordi ho peikar mot ei rekke ulike område der ein skal sjå etter endring, men også fordi storleikane ein skal måle endring i, er diffuse. Ein del av oppdraget for forprosjektet har difor vore å drøfte både kva som bør målast i ei eventuell seinare evaluering, men også å avgrense målsetjinga ut frå kva

⁵ Dei peikar likevel på at faren for at slike innsatsar kan ha motsett effekt er såpass stor at slike innsatsar må evaluerast grundig.

⁶ Denne formuleringa er henta frå brev til Sosial- og helsedirektoratet frå Ungdom og Fritid datert 27.04.04.

som synest å vere realistisk å oppnå (jf. Holth og Helsedirektoratet 2003). I kapitlet som tek for seg gjennomføringa av LØFT, vil vi sjå nærare på spørsmålet om kva som kan vere målbare storleikar. I denne innleiinga er målet difor berre å avklare målformuleringane på ein måte som er formålsteneleg og tilstrekkeleg til å formulere ei problemstilling for rapporten.

I formuleringa over er det språklege og uttalt åtferdsmessige endringar som er framheva, men ein opnar også for at det kan vere andre endringsprosessar som kan vere relevante. Med språklege endringar vil det vere rimeleg at ein siktar til korleis ungdomane snakkar om rus, og at ein tenkjer at dette seier noko om kva for haldningar dei har til rusmiddel. «Uttalt åtferdsmessige endringar» kan tolkast på fleire måtar; som faktiske endringar i ungdomane sitt ruskonsum og som åtferd i klubben som indikerer endringar i ruskonsum utanfor klubben. Det valde endringsverktøyet si vektlegging av det språklege tilseier at eventuelle endringar blir forventa å kome til uttrykk verbalt. Sett i samanheng med omgrepet *refleksjon* kan vi tolke «positive utslag» som språklege uttrykk for at ungdomane tenkjer meir over sitt eige forhold til rusmiddel enn før gjennomføringa av kurset.

Refleksjon har som omgrep i løysingsfokuserert samtaleteknikk ei særskilt tyding som peikar mot det å problematisere ein del kulturelle førestellingar i omgjevnadane, «som vi aldri har hatt et bevisst forhold til og som vi derfor tar som en selvfølge» (Aambø 2004: 290). Holth (2003) er kritisk til bruk av omgrep som refleksjon som mål for i førebyggjande tiltak, mellom anna fordi ein med ei slik formulering ikkje seier noko om kva refleksjonsnivået er *før* det førebyggjande tiltaket blir i verksett.

Formuleringa «rusrelaterte spørsmål» treng også ei avklaring. Med rusmiddel meiner vi gjerne «ulike former for alkohol, narkotiske stoffer og medikamenter som gir mennesket en annerledes opplevelse» (Henriksen og Sande 1995). Rusmiddel har altså til felles at dei endrar måten vi opplever oss sjølve og omgjevnadane på, men rusmiddel blir kategorisert ulikt etter om dei blir rekna som legale – som alkohol – eller illegale – som hasj og andre narkotiske stoff. For fritidsklubbane si målgruppe er både alkohol og narkotika i og for seg illegale rusmiddel, ettersom ungdomane etter lova ikkje er gamle nok til å nyte alkohol. Skiljet mellom legale og illegale stoff vil likevel vere relevant fordi eksperimentering med illegale stoff vanlegvis blir rekna som meir alvorleg enn erfaring med legale rusmiddel. Tobakk blir vanlegvis ikkje rekna som eit rusmiddel på lik line med til dømes alkohol fordi rusopplevinga med tobakk ikkje er av same art (Pedersen 1998). I kartleggingar av rusbruk er det likevel vanleg å inkludere tobakk ettersom røyking inngår i bestemte mønster i høve til annan rusmiddelbruk, og også

ettersom både skadeverknadar og risiko for å bli avhengig er samanliknbart med andre rusmiddel (ibid., Skretting og Bye 2003). I målformuleringa ovanfor er det ikkje spesifisert kva for rusmiddel som skal førebyggast, men det går fram i den vidare grunngjevinga av prosjektet at ein siktar både til illegale og legale rusmiddel, men i utgangspunktet ikkje til tobakk.

Med utgangspunkt i desse presiseringane av målformuleringa, stiller vi i denne rapporten følgjande hovudspørsmål:

Kan eit verkty for å samtale med ungdom om rus – løysingsfokusert samtaleteknikk (LØFT) – medverke til å få ungdom i fritidsklubb til i større grad å stille spørsmål rundt eiga rusåtfærd?

Fleire underliggande spørsmål er relevante å sjå nærare på her: Det første spørsmålet knyter seg til målsetjinga om at leiarane sin bruk av LØFT skal føre til at ungdomane reflekterer meir over eiga rusåtfærd. LØFT er i utgangspunktet ein terapimetode (De Shazer 1991). I klubben vil det vera gjennom relasjonen mellom ungdom og klubbtilsette at metoden skal formidlast. Relasjonen mellom leiar og ungdom i fritidsklubb både liknar og skil seg frå relasjonen mellom terapeut og klient. Likskapane finn vi i det at ungdom og vaksne i klubb har ulike roller og står i ein ulikeverdig maktrelasjon til kvarandre. Ulikskapane er å finne mellom anna i at relasjonen mellom ungdom og leiarar ikkje er definert som samhandling som skal føre til at den vaksne skal endre den unge. Terapisituasjonar kan vere både frivillige og tvungne, men i fritidsklubben vil ungdomane vanlegvis når som helst kunne forlate samtalen. Det blir difor viktig å undersøke korleis rammene for relasjonen mellom klubbleiarar og ungdom påverkar potensialet metoden har for å skape endring i ungdomane sine refleksjonar rundt rus. Er klubben og klubbtilsette i det heile teke relevante for ungdom sine avgjerder når det gjeld eige rusbruk? I kva grad vil refleksjonar i samtaler som finn stad i klubben vere relevante ute i dei kontekstane der ungdom blir stilt overfor val knytt til bruk av rusmiddel?

Desse spørsmåla leier oss over i eit problemfelt som går bakanfor det valet som allereie er gjort av metode: Kva blir kravd av relasjonen mellom klubbtilsette og ungdom for at han skal kunne tene som utgangspunkt for refleksjonsskapande samtaler med rusførebygging som målsetjing? Korleis kan ein bygge slike relasjonar? For å finne ut av dette, må ein kartleggje samhandlingsmønstra i klubben og undersøke kva slags relasjonar som blir bygde gjennom denne samhandlinga. Men ein treng også å undersøke korleis dei strukturelle rammene for klubbdrifta skapar vilkåra som relasjonar skal

utviklast innanfor. Den andre problemstillinga i denne rapporten er difor den følgjande:

Kva har strukturelle rammer og samhandlingsmønster i klubben å seie for at relasjonane mellom ungdom og leiarar i klubb skal kunne brukast til rusførebygging?

Dei to klubbane som har vore del av dette prosjektet, viste seg å representere gode case for ei nærare utforskning av dette spørsmålet. Situasjonane i dei to klubbane var også eit godt bakteppe for å diskutere i kva grad strukturelle rammevilkår faktisk *skapar* samhandlingsformer og dermed formar relasjonane som blir bygde. Desse spørsmåla inneber ei problematisering av nokre av dei sentrale premissa for valet av LØFT som metode: Er det rimeleg å ha som utgangspremiss at dei eksisterande relasjonane mellom tilsette og ungdom i fritidsklubbar er eigna som grunnlag for å bruke LØFT som eit verkty for rusførebygging? Kan LØFT vere eit eigna verkty for å *bygge* relasjonar mellom ungdom og tilsette i klubb? Kan det tenkjast at det er andre verkemiddel enn opplæring i eit samtaleverkty som vil vere viktig for rusførebygging i fritidsklubb?

Fritidsklubb som førebyggingsarena

Omgrepet «fritidsklubb» dekkjer eit vidt spekter av ulike tiltak retta mot ungdom i aldersgruppa 13 til 18 år. Det finst både private og kommunale fritidsklubbar. Fritidsklubbar er ueinsarta tilbod, mellom anna som ein konsekvens av at dei har ulik tilgang på ressursar i ulike kommunar, og fordi dei har ulike roller i det kommunale barne-, ungdoms- og kulturarbeidet.

Dei første fritidsklubbane i Noreg blei oppretta på 50-talet. Grunngevinga for å etablere desse tiltaka var at ein trong nye måtar å arbeide mot ungdomskriminalitet på. Tanken bak klubbverksemda var at ei meningsfull fritid skulle vere utgangspunkt for haldningsskapande arbeid (Jacobsen 2000). Med fritidsklubbane ønskte ein både å nå ungdom i risikosona og normalfungerande ungdom. Med framveksten av «narkotikaproblemet» i Noreg på 60- og 70-talet, fekk fritidsklubben ei tydelegare rolle som førebyggjande arena. Som rusfritt alternativ skulle klubbane vere «sosiale møteplasser under vaksent tilsyn og med en sterk vektlegging av ungdomskulturelle uttrykk» (ibid.: 23). Gjennom dette håpa ein å skape alternativ til rus for ungdommane (ibid.).

Eit varemerke for klubbverksemd har vore at klubb skal vere eit alternativ til dei tradisjonelle organiserte fritidstilboda ved at aktivitet skal vere frivillig og at inkludering skal vere viktigare enn det å reindyrke ferdig-

heiter (ibid. :25). Ei svensk bok skildrar fritidsklubben som ein stad for «vere-kultur», i motsetnad til skulen sin «gjere-kultur» (Laxvik 2001: 24). I dag synest argumentet om at klubbane når den uorganiserte ungdomen som andre barne- og ungdomsorganisasjonar ikkje når, å vere sentralt. Trass i dette kan ein i litteraturen om fritidsklubbar få inntrykk av at det finst ei underliggende spenning mellom forståinga av klubb som førebyggingstiltak retta mot problemungdom på den eine sida, og fritidsklubb som kulturtiltak retta mot all ungdom på den andre (Frønes 1979; Stafseng 1984). Det at klubbar rundt om i kommunane vekselvis er knytt til kulturetaten eller til sosiale tenester kan kanskje også seinast å reflektere denne spenninga (Jacobsen 2000: 28).

Dei tilsette i klubb er ei svært ueinsarta gruppe. *Ungdom & Fritid* si klubbundersøking frå 2002, viser 36 prosent av klubbleiarane ikkje har utdanning utover vidaregåande opplæring, og at nesten halvparten av dei tilsette i klubb har arbeidd i berre to år eller mindre i stillinga (Jacobsen 2003). Det å arbeide i klubb er på mange måtar ei uklar yrkesrolle, delvis på grunn av manglande fagutdanning retta mot klubb. Dette kan vere ein bakgrunn for at vaksenrolla i klubb blir forstått på ulike måtar, på den eine sida som «kommunal vaktmeister» for eit «gatehjørne med tak», og på den andre sida som ungdomsfagleg tilsett i eit sosialpedagogisk tiltak (Jacobsen 2000).

Jacobsen tolkar desse ulike forståingane av leiarrolla som eit skilje mellom ei forståing av klubb som oppbevaring og klubb som førebygging (ibid.). Den viktigaste konsekvensane av dette skiljet knyter seg til korleis relasjonar blir utvikla på ulike måtar avhengig av kva for klubbmodell ein er innanfor. I oppbevaringsmodellen blir haldningar og relasjonar utvikla tilfeldig «på miljøets egne premisser», medan ein innanfor førebyggingsmodellen ser for seg at haldningar og relasjonar skal påverkast aktivt «ved voksen deltagelse og tilrettelegging» (ibid.: 22). Sjølv om Jacobsen argumenterer for at ein har gått *frå* ein tanke om oppbevaring *til* ei forståing av førebygging når det gjeld klubbverksemd, vil det truleg vere grunnlag for å seie at det er stor grad av variasjon når det gjeld kor aktiv den vaksne påverknaden og deltakinga i fritidsklubb er også i dag. Dei to klubbane som var med i dette prosjektet vitna om dette.

Det metodiske og ideologiske grunnlaget for førebyggjande arbeid i fritidsklubbar i Noreg blei tematisert i litteratur på 70- og 80-talet (Frønes 1979; Stafseng 1984), men har også blitt teke opp igjen dei seinare åra (Jacobsen 2000). Sosialpedagogikk blir brukt som nemning på den metodikken ein arbeider ut frå i fritidsklubb. Denne pedagogiske tradisjonen er basert på ei forståing av at læring skjer i samvere med andre og gjennom

påverknad frå samfunnet, og at den førebyggjande verksemda som finn stad i klubbane er knytt til den sosiale læringa. Innanfor denne tradisjonen er altså førebygging eit omgrep som i særleg grad er knytt til det å fremje ungdom sin vekst på ulike plan. Sosialpedagogikken gjev likevel ikkje i seg sjølv eit eintydig svar på kva leiarrølla skal innebere eller graden av styring og tilrettelegging som skal finne stad (Stafseng 1984). Gjennom målsetjinga om å heve klubbtilsette sine evner til å styrke ungdoms refleksjon rundt eigen rusbruk, står tiltaket som blir prøvd ut i dette prosjektet likevel tydeleg i den sosialpedagogiske førebyggingstradisjonen. Det nye i denne tilnærminga er først og fremst vektlegginga av at relasjonen mellom ungdom og tilsette i klubb er ein underutnytta ressurs, og at det å utnytte klubbleiarrolla som ei rettleiarrolle kan vere fruktbart med tanke på rusførebygging. Eit viktig spørsmål når ein skal vurdere denne metoden i fritidsklubb vil difor vere i kor stor grad tilsette i klubb er komfortable med å ta ei meir aktiv rolle overfor ungdomane når det gjeld temaet rus. Vidare må ein å sjå på kva for moglegheiter klubbleiarar har til å skape samhandlingssituasjonar der samtale-teknikken kan brukast på ein meningsfull måte.

Ulike perspektiv på førebygging

Førebygging er tilsynelatande eit enkelt ord: Det handlar om å hindre at bestemte typar åtferd får utvikle seg og dermed bli eit problem (Henriksen og Sande 1995). Spørsmålet om kva ein skal førebygge, korleis ein skal drive førebyggjande arbeid og kva som faktisk verkar førebyggjande, er likevel gjenstand for mykje diskusjon.

Når det gjeld forståinga av kva førebygging er, har det utvikla seg to ulike tradisjonar eller perspektiv på dette: eit sjukdomsførebyggjande og eit helsefremjande perspektiv (Schancke 2003). Sjukdomsførebyggjande arbeid har som mål å hindre utvikling av sjukdom, redusere risiko for skade og død. Helsefremjande arbeid blir definert som prosessar som gjer folk i stand til å ta vare på helse si på ein betre måte. Slike tiltak handlar om å auke målgruppa sin kontroll over og meistring av ulike forhold (ibid.). I tråd med dette skiljet finn ein også ei utvikling innanfor førebygging i skule-samanheng frå eit fokus på rusmidla i seg sjølv, til eit fokus på rusmidla si tyding – til dømes innanfor ein ungdomskulturell samanheng (Lilja, Giota et al. 2004). Denne utviklinga inneber ei dreining frå fokus på medisinske skader av rusmiddelbruk til eit fokus på rusmiddelbruk sine konsekvensar for utvikling av sosial kompetanse. Koplinga mellom alkohol/narkotika og sosial kompetanse blir vurdert som viktig fordi ungdom ofte brukar alkohol for å etablere nye kontaktar med andre ungdommar (ibid: 299).

Denne dreininga i førebyggingsforståing er relevant for metoden som har blitt utprøvd i dette prosjektet, ettersom tiltaket blir prøvd ut i ein kontekst der sosial læring står sentralt. Omgrep som *empowerment* (myndiggjering) og meistring er sentrale omgrep i litteraturen om LØFT (Langslet 2004; Aambø 2004). Gjennom å bruke LØFT i klubb ønskjer ein at ungdom skal bli styrka i å ta gode og helsebringande val når det gjeld eige rusbruk, som til dømes å ta fornuftige forholdsreglar for å omgå risiko-situasjonar i tilknytning til rusbruk.⁷ Slik sett er tiltaket positivt vinkla, med fokus på ressursar. Dette er i tråd med det som blir oppfatta som eit kjenne-teikn ved fritidsklubbar – det å orientere seg mot unge sine ressursar og ikkje problemåtferd (Stephansen 1983 :8; Jacobsen 2000; Laxvik 2001). Samstundes vil eit slikt tiltak også uunngåeleg vil ha element av konvensjonell førebygging ved det at ein tek utgangspunkt i rusmiddelbruk, som når det blir kopla til eit ord som førebygging, uunngåeleg blir forstått som negative fenomen.

Ein annan måte å dele inn førebyggande arbeid på, er å skilje mellom primær-, sekundær- og tertiær-førebygging (Henriksen og Sande 1995; Schancke 2003). Når det gjeld rusførebygging mellom ungdom vil primærførebygging vere tiltak som er retta inn mot breie grupper av ungdom for å forhindre at problem eller skade oppstår. Sekundærførebygging blir ofte forstått som å avgrense skade av eit problem som allereie har oppstått, som til dømes tiltak retta mot ungdom i risikosona som ikkje enno brukar rusmiddel. Tertiærførebygging er tiltak retta mot ungdom som allereie er brukarar av illegale rusmiddel, og som viser teikn på andre psykososiale problem som peikar mot misbruk (Ravndal 2003: 147). Fritidsklubbane legg vekt på å drive primærførebygging retta mot breie grupper av ungdom. Med bakgrunn i den kunnskapen ein har om ungdom i klubb sitt rusmiddelkonsum, vil det rusførebyggande tiltak i fritidsklubbar også ha potensial til å vere førebyggande på alle desse nivåa.

Med utgangspunkt i desse ulike forståingane av førebygging kan vi stille nokre spørsmål om dette prosjektet: Kva slags målsetjing har ein med det rusførebyggande arbeid i klubb: Har ein som mål å redusere bruken av alkohol og illegale stoff, eller ønskjer ein rett og slett å styrke ungdomane sitt refleksjons- og eventuelt kunnskapsnivå på dette feltet? Kva grupper i klubben skal LØFT brukast overfor; i det generelle samveret eller i arbeid med enkeltungdomar? Dette skal drøftast nærare mot slutten av rapporten.

⁷ Jf. intervju med prosjektleiar i Ungdom og Fritid, Bjørn Lindstad.

Ungdom og rusmiddel

[Rusmidler] utgjør i vår kulturkrets – om en liker det eller ikke – et symbol på at barndommen er over. De markerer for en selv og omgivelsene at en har erobret et nytt sett normer. De representerer sosialitet, stil og frihet og er samtidig en sterk markør av jevnaldergruppas viktigste fellesskap. På den andre siden har rusmidlene en kaskade av mulige kostnader: Skader, ulykker og seksuelle krenkelser er akutte, tett sammenvevde konsekvenser. (Pedersen 1998: 22)

Willy Pedersen si skildring av sammenhengen mellom ungdomstid og rusmiddel peikar mot kvifor rusmiddel ofte er sentrale tema der ungdom samlast: Å bli ungdom inneber mellom anna å ta del i handlingar som er assosiert med vaksenlivet, og det å konsumere rusmiddel er ein av desse handlingane. Ravndal (2003) hevdar at budskapet om «du må vente med å drikke alkohol til du er voksen nok» slik lett blir ein dobbelt budskap

som sannsynligvis bare forsterker opplevelsen av at bruk av rusmidler er noe som hører vaksenlivet til. Dermed vil bruk av rusmidler lett kunne symbolisere autonomi og frihet som tilsynelatende tegn på en voksenstatus» (ibid.: 146).

Sjølv om det å bruke rusmiddel for ungdom kan sjåast på som eit steg mot vaksenverda, brukar også ungdom rusmiddel på måtar som er særmerkte for ungdomstida og for ungdomssosialitet: Rusmiddel blir ein særskilt meiningsberande type åtferd som er viktig for å kommunisere til dømes tilhøyre i ungdomsgrupper (Henriksen og Sande 1995; Vestel 1997) eller utforming av kjønnsidentitet (Nielsen, Rudberg et al. 1990; Danesi 1993).

Men sjølv om ungdomstid gjerne er assosiert med større grad av tilsynelatande grenslaus rusbruk enn det ein vanlegvis identifiserer som vaksen rusbruk, gjev både tidlegare forskning (sjå Henriksen og Sande 1995; Pedersen 1998), og intervju med ungdom som er gjort i denne studien, tydeleg uttrykk for at rusbruk også mellom ungdom er regulert på ulike måtar. Vi tenkjer gjerne på regulering i form av lover og reglar som styresmaktene har fastsett, til dømes som at det er straffbart å bruke eller selje narkotiske stoff, og at det er ulovleg å selje alkohol til personar under 18 år. Men rusbruk blir også regulert på andre måtar enn gjennom lover. Ulike samfunn vil alltid ha normer for kva som er akseptabel og uakseptabel bruk av rusmiddel, og desse normene kan sjåast på som element i lokal ruskultur (Henriksen og Sande 1995). Normene heng i ulik grad saman med lovverket, og kan variere i ulike subkulturar. I nokre tilfelle kan både

ungdom og vaksne ha ei anna grense for kva som er akseptabel rusbruk enn det lovverket fastset. Eit døme på det er at mange meiner at det er greitt å byrje å drikke når ein er 16-17 år, sjølv om lovverket slår fast at ein må vere 18 år. Vidare kan ulike ungdomsgrupperingar ha ulike synspunkt, både på kva slags rusmiddel som er akseptable og på kva alderstrinn ein kan byrje å bruke bestemte rusmiddel. Gjennom å snakke om korleis dei tolkar normer for rusmiddelbruk, viser ungdomane at dei allereie reflekterer rundt rusmiddel og rusmiddelbruk. Dette perspektivet på regulering er ein viktig bakgrunn når vi skal prøve å fastslå om eit samtaleverkty medverkar til å *auke* ungdom sitt refleksjonsnivå omkring rusmiddel.

Her er det særskilt *ei* utfordring som peiker seg ut når det gjeld å ta i bruk LØFT: På bakgrunn av normene som regulerer rusbruk vil både ungdom og vaksne ha forventingar til andre sine haldningar til ulike former for rusmiddel. Desse forventingane kan vere med på å legge føringar for samtale om rus. Som sitatet frå Pedersen (1998) ovanfor viser, vil det ofte vere slik at ungdom legg mest vekt på dei positive sidene ved rusmiddelbruk, medan vaksne er opptekne av dei negative sidene ved rusbruk når det gjeld ungdom. Det ligg i namnet *løysingsfokuser* at denne metoden har som mål å løyse problem. Korleis vil ungdom og leiarar sine til dels ulike forståingar av kva som er problematisk rusmiddelbruk påverke ein løysingsfokuser dialog? Vil samtalen, trass i at intensjonen er å vende fokuset mot ungdomane sine eigne refleksjonar, likevel bli prega av vaksne sine problemforståingar?

Gangen i rapporten

I dette første kapitlet har vi skildra bakgrunnen for prosjektet og for fritidsklubben som førebyggingsarena. Det neste kapitlet er skriva av prosjektleiararen frå *Ungdom & Fritid*. Her blir LØFT og bakgrunnen for valet av denne metoden presentert. I kapittel tre drøftar vi ulike former for evaluering og vi presenterer feltarbeidet som er brukt som metode i dette prosjektet. I det fjerde kapitlet introduserer vi dei to klubbane som var med i prosjektet og samanliknar dei strukturelle rammene for drifta og samhandlingsmønstra i klubben. I kapittel fem presenterer vi først tal som omhandlar rusbruk blant ungdom i fritidsklubb. Tala er henta frå den landsomfattande skuleundersøkinga *Ung i Noreg 2002*. I den andre delen av kapitlet drøftar vi korleis dei to klubbane posisjonerer seg i relasjon til ruskulturar i lokalmiljøet, og vi ser på korleis leiarane tek opp spørsmål knytt til rusbruk med ungdomane. I kapittel seks er temaet erfaringar med bruk av LØFT i den eine av dei to klubbane. Dette kapitlet har altså hovudvekt på den første problemstillinga,

spørsmålet om samtaleverktøyet kan få ungdom til å stille fleire spørsmål ved eiga rusåtferd. I kapittel sju, som er det siste og avsluttande kapitlet, går vi eit steg tilbake for å drøfte den andre problemstillinga for rapporten, spørsmålet om kva strukturelle rammer og samhandlingsmønster har å seie for at relasjonen mellom ungdom og leiarar i klubb skal kunne brukast til rusførebygging. Til slutt i kapitlet presenterer vi forslag til vidareutvikling av prosjektet.

2 Løsningsfokusert samtaleteknikk som verktøy for rusforebygging i fritidsklubb

Av Bjørn Lindstad, prosjektleder Ungdom & Fritid

Kort om metoden

Den følgende framstillingen av LØFT er i hovedsak basert på boka *Løft av organisasjoner* av Gro Johnsrud Langslet (Langslet 1996). Utviklingen av LØFT metodikken har sitt utspring i *Mental Research Institute* (MRI) i California der flere sentrale personer innen humanistisk og samfunnsvitenskapelige forskning har bidratt fra midten av 1940 tallet (Gregory Bateson, Margareth Mead, Paul Watzlawick, Steve de Shazer, Insoo Kim Berg, Scott Miller m.fl.). Flere av disse sto i en skarp faglig opposisjon til den rådende psykoanalytiske tradisjonen. Bruddet lå i påstanden om at problematferd ikke hadde sitt opphav i individet som sådan, men oppsto i relasjon til omgivelsene. Med basis i systemteoretisk tenkning ble det utviklet ulike spørreteknikker for å øke et individs eller en gruppes egenrefleksjon over en gitt atferd. For å få til atferdsendring var det viktig å oppnå bevisstgjøring og refleksjon. Metodikken hadde som mål å oppmuntre individet eller gruppen til å språksette allerede eksisterende positive erfaringer. Man hadde empiriske funn som tilsa at dette økte sjansen for at individet eller gruppen utviklet strategier de selv mente det var mulig å gjennomføre for å oppnå endring av atferden. Senere har også *Brief Family Therapy Center of Milwaukee* vært sentral i utprøvingen av en alternativ tilnærming til terapi og problemløsning, nemlig såkalt *Solution Focused Approach* (De Shazer 1985; De Shazer 1988; De Shazer 1991; Berg og Miller 1992; Walter og Peller 1992; Berg 1994; De Shazer 1994). Korttidsterapi har vært konteksten for bruk og utvikling av metoden.

Valg av metode

LØFT brukes i dag også i andre sammenhenger enn det terapeutiske. Særlig innenfor organisasjoner og i næringsliv i forbindelse med konflikthåndtering, restruktureringer og som et personalpolitisk virkemiddel (se for

eksempel Furman og Ahola 2002; Langslet 2002). I tillegg er det bøker på markedet som reklamerer for LØFT i dagliglivet, som for eksempel Gro Johnsrud Langslets «Gi hverdagen et LØFT» (Langslet 2004) Boken tar mål av seg å gi leseren verdifulle innspill til å overkomme frustrasjoner som hindrer oss i å ha det så bra som vi ønsker. Her heter det blant annet at: «Med utgangspunkt i en løsningsfokuseret tilnærming, får vi konkrete råd og tips som kan tas i bruk umiddelbart» (ibid). Dette var en indikasjon på at LØFT ikke bare er en terapeutisk metode som utøves av fagfolk, men også finnes i en enklere utgave som i anvendelse tar mål av seg til å hjelpe folk til selv å endre negative perspektiver på egen livssituasjon.

Metoden måtte velges ut i fra gitt økonomiske rammer

Prosjektet hadde begrensede midler og var et pilotprosjekt. Metoden som ble valgt måtte derfor ikke føre til store økonomiske kostnader. I prosjektperioden ble det diskutert om rammevilkårene var så begrensede at opplæringen av ansatte ikke ville være av en tilstrekkelig god nok kvalitet. Ungdom & Fritid mente at man uansett ville kunne høste interessante erfaringer, og besluttet derfor å gjennomføre opplæringen etter oppsatt plan.

Metoden måtte stimulere til et mer målrettet rusforebyggende arbeid

I forsøket på å utvikle en metode for evaluering av fritidsklubben som rusforebyggende arena ble LØFT valgt som påvirkning i et forsøk på å stimulere personalgruppen til å jobbe mer målrettet. LØFT var interessant fordi metoden bygger på elementer som tillit og god kommunikasjon. Dette er også viktige elementer for fritidsklubben når de møter ungdom i lokalmiljøet. Men på tross av at fritidsklubben er en sosial møteplass har ansatte i liten grad sett betydningen av, eller til og med kanskje undervurdert, systematisert og metodisk bruk av samtalen i den direkte kontakten mellom ungdom og voksne. Ungdom & Fritid ønsket derfor å bruke LØFT til å styrke ansattes kompetanse i spesielle spørreteknikker for å se om dette ga utslag blant brukerne på en fritidsklubb.

Metoden måtte ikke være for omfattende

Det var av avgjørende betydning at metoden som ble valgt ikke var for omfattende. I terapeutisk sammenheng er LØFT et relativt komplekst system som krever kompetanse og erfaring som ansatte i fritidsklubb (vanligvis) ikke har. Fritidsklubben er ikke en arena for store forebyggende programmer. Fritidsklubben skal ha karakter av å være en normalaktivitet, være en del av det primærforebyggende ungdomsarbeidet og ikke preges for mye av

kontrollerte, voksenstyrte, pedagogiske rammer. Det ble derfor ansett som viktig at den valgte påvirkningen skulle være enkel og håndterbar. *Ungdom & Fritid* ønsket derfor å prøve ut en enklere utgave av LØFT metoden.

Metoden måtte innføre noe nytt

Det ble sett på som viktig at metoden som ble valgt måtte tilføre fritidsklubben noe nytt. Dette skulle være med å heve motivasjonen til de ansatte på den fritidsklubben som skulle få opplæring. I tillegg mente man at eventuelle resultater lettere kunne spores hvis ansatte i fritidsklubben begynte å praktisere en ny metodikk. Et viktig element ved LØFT-metodikken er at fokus flyttes fra hva den voksne mener om den enkelte eller gruppens rusatferd til hva den enkelte ungdom eller gruppen *selv* mener. Gjennom spesielle spørreteknikker oppfordres ungdom blant annet til å beskrive egen og venners atferd knyttet til rusbruk. Videre blir de oppfordret til å si noe om positive eller negative trekk ved atferden, og hva de eventuelt tenker at de kan gjøre selv hvis de ønsker endringer. Den voksne skal la den enkelte eller gruppen utrede svarene på egen hånd. På den måten økes bevisstheten om alternative strategier til eksisterende rusatferd som allerede ligger latent i individet/gruppen.

Metoden skulle lett kunne integreres i eksisterende virksomhet

I valget av metode i opplæringen var det avgjørende at den enkelt kunne tilpasses en personalgruppe i fritidsklubb, både med hensyn til faglig nivå og tiden som var til rådighet. Metoden inneholder flere aspekter som gjør den overførbart til den dynamikken som ofte finnes i relasjonen mellom grupper og individer i fritidsklubb og de voksne ansatte som jobber der. LØFT baserer seg på at problemer oppstår i relasjoner mellom mennesker og ikke i individet. Det samme grunnsynet finner vi i fritidsklubben.

LØFT anvendes både i arbeid med individer og grupper. I fritidsklubben retter aktivitetene seg hovedsakelig inn mot grupper av ungdom, men også mot individer. Selv om rammene er mer uformelle i fritidsklubben, ble prinsippene i LØFT oppfattet å være av en slik karakter at voksne ansatte aktivt kan bruke enkle prinsipper fra metodikken i samtale med ungdom.

Om opplæringen

Halvveis ut i feltarbeidet gjennomgikk de ansatte på den ene fritidsklubben et todagers opplæringskurs. Kurset, som besto av fire hovedbolker, ble ledet

av prosjektleder Bjørn Lindstad. Den konkrete opplæringen i LØFT ble i sin helhet lagt til andre kursdag og en ekstern fagperson på metodikken hadde ansvaret for gjennomføringen. Ansvaret for kursopplegget var lagt til prosjektleder.

1. Pedagogisk tilnærming i fritidsklubb

For å sette det daglige arbeidet som gjøres i fritidsklubb i en pedagogisk sammenheng, ble det lagt vekt på å bevisstgjøre deltakerne på hvilke pedagogiske teorier fritidsklubben som fritidsarena henter sin inspirasjon fra (sosialpedagogikk, virksomhetspedagogikk, fritidspedagogikk osv.). Vi diskuterte også forholdet mellom det tradisjonelle forebyggingsbegrepet og det, for mange, mindre kjente *empowerment*-begrepet for å vise til nyere strømninger i det holdningsskapende arbeid med barn og ungdom internasjonalt. Dette ble gjort gjennom et foredrag med aktiv medvirkning fra deltakerne. Målet var at kursdeltakerne skulle få en økt teoretisk forståelse for den rolle og funksjon den voksne lederen tradisjonelt har hatt i fritidsklubben og de mulighetene som ligger i nye strømninger i feltet. Denne forståelsen var viktig for at deltakerne lettere skulle se det som er annerledes og nytt ved LØFT metodikken. Særlig ble det lagt vekt på å synliggjøre den voksnes rolle som veileder som et vesentlig element ved anvendelsen av LØFT. Dette er en rolle voksne ansatte i fritidsklubb i liten grad har hatt fokus på.

Denne delen av kurset tok også opp i seg diskusjoner om hva de ansatte måtte gjøre for å nå frem til de ulike grupperingene i fritidsklubben, hvordan personalgruppen kunne koordinere seg, hvordan de kunne følge opp samtaler og hvordan løse hindre som måtte oppstå underveis.

2. Bevisstgjøring av egen erfaring med rus.

I den andre bolken skulle deltakerne gå sammen to og to der de etter tur skulle svare på 18 spørsmål om egen eller venners tilnærming til og bruk av rusmidler. Gjennom denne oppgaven skulle deltakerne bli mer kjent med hva man vil si og hva man ikke vil si når man forteller andre om sin egen erfaring med rus. Etter gruppearbeidet gikk man i plenum detaljert igjennom deltakernes emosjonelle reaksjoner på de enkelte spørsmålene. Hensikten var at deltakerne skulle bli mer sensitive og lydhøre overfor ungdommenes grenser i sine samtaler med de ansatte etter opplæringen.

3. Spørreteknikker i LØFT

LØFT-metodikken forespeiler at man ved å bruke spesielle spørreteknikker kan øke en persons evne til å reflektere over egen atferd. Opplæringen i LØFT besto derfor av å introdusere og praktisere et utvalg spørsmål som de ansatte i fritidsklubben skulle anvende i sine samtaler med ungdommene på fritidsklubben. Opplæringen, som ble ledet av en ekstern fagperson på LØFT-metodikken, bestod av to seksjoner.

Foredrag med aktiv deltakelse

Det ble holdt en times foredrag som kort beskrev den teoretiske bakgrunnen for LØFT-metodikken. I tillegg ble det introdusert fire sentrale spørsmålsstillinger i metodikken som kunne brukes som basis for samtaler med ungdom. Alle spørsmålsstillinger ble satt i et rusperspektiv.

- *Mirakelspørsmål:* «Hvis du kunne bestemme, hvordan skulle idealfesten din se ut?» «Idealvennene dine være, idealforeldrene være?»
Oppfølgings spørsmål: «Har det hendt at det noen ganger har vært slik?» Eller: «Hva skal til for at du opplever det igjen?» «Hva kan du gjøre for det skjer igjen?»
- *Skalaspørsmål:* «På en skala fra 1 til 10 der 1 er veldig dårlig og 10 er veldig bra: Hvordan er det på de festene du pleier å gå på?» Eller: «Hvordan pleier vennene dine å være mot deg når du er på fest?» Eller: «Hvordan oppfører foreldrene dine seg mot deg når du kommer hjem fra fest?»
Oppfølgings spørsmål: «Hva tror du skal til for at du skal bevege deg opp på skalaen?»
- *Unntaksspørsmål:* «Hvis det er slik at det er noen ganger du ikke drikker/ruser deg så mye som du pleier, hva kommer det av?» Eller: «Hvis det er slik at livet noen ganger er helt topp, hva kommer dette av?»
Oppfølgings spørsmål: «Hva skal til for at du klarer å komme dit igjen?»
- *Relasjonsspørsmål:* «Hva tror du bestemoren din mener om at du drikker?» «Hvor mye tror du hun synes er OK at du drikker når du er på fest?» Eller: «Hva tror du er grunnen til at vennene dine synes at du drikker mye når du selv ikke synes det?» Eller: «Hvis du et øyeblikk later som du er kjæresten din. Hvordan tror du han opplever deg når du er på fest?»
Oppfølgings spørsmål: Kan være ulike varianter av unntaksspørsmål eller skalaspørsmål.

Alle oppfølgings spørsmålene oppmuntrer personen til å gå inn på mer nøyaktige beskrivelser av de strategier hun eller han tror kan føre til endringer som oppleves som fordelaktige for en selv.

4. Rollespill med eksempelsituasjoner der spørreteknikkene praktiseres

Til det praktiske arbeidet med de fire spørsmålsstillingene ble deltakerne introdusert for tre rollespill med rusrelaterte eksempelsituasjoner fra fritidsklubb. De fikk utdelt hver sin store lapp som kort beskrev den personen de skulle spille. Rollen som LØFT-veileder gikk på omgang slik at deltakerne fikk prøve den nye voksenrollen i alle rollespillene. Rollespillene ble filmet og evaluert fortløpende. Hensikten var at deltakerne fikk praktisere LØFT under kyndig veiledning slik at de skulle være tryggere på teknikken når de kom tilbake i jobbhverdagen.

Fritidsklubben ble i stor grad overlatt til seg selv etter endt kurs. Men lederen på fritidsklubben hadde tilbud om å ta kontakt med prosjektleder ved behov for veiledning underveis. Prosjektleder kunne også oppsøke personalgruppen hvis fritidsklubbleder mente det var behov for dette.

3 Evaluering og metode

I dette kapitlet skal vi gje ei kort skildringa av metodane som er nytta i forprosjektet. Ei drøfting av innhaldet i feltarbeidet vil vere det mest sentrale, men vi vil innleiingsvis kort kome inn på korleis metoden som er anvendt i dette prosjektet plasserer seg i høve til ulike former for evaluering.

Evaluering

Ein sentral debatt når ein snakkar om førebygging, er spørsmålet om kva tiltak som verkar og korleis ein skal vurdere kva som verkar. Krava til at tiltak som får offentleg støtte må kunne dokumentere effekt har blitt strengare i Noreg dei siste åra (Ravndal 2003). I USA har ein i lang tid hatt eit system som gjer at skular får offentleg støtte til førebyggingsprogram berre om dei vel «validerte» program (Lilja, Giota et al. 2004). I 2003 kom ei offentleg utgreiing med tittelen *Forskning på rusmiddelfeltet: En oppsummering av kunnskap om effekt av tiltak* (Brofoss, Sosialdepartementet et al. 2003 skriv som NOU 2003: 4) som vurderte dokumentasjonen av ulike former for tiltak sin effekt. I tråd med dette er det også oppretta ei nettside/database (forebygging.no) finansiert av Statens institutt for rusmiddel-forskning (SIRUS), som ut frå dokumentasjon av ulike tiltak sin effekt har sett opp ei liste av anbefalte tiltak. Ein viktig skilnad mellom amerikansk og nordisk tilnærming til og evaluering av førebygging, er at medan ein gjerne måler endring i konsum av rusmiddel i amerikanske evalueringar, måler ein i ein nordisk samanheng heller korleis haldningar til rusmiddel blir påverka av eit førebyggingsprogram (Lilja, Giota et al. 2004).

Når ein snakkar om evaluering er det vanleg å skilje mellom effekt-evaluering og prosessevaluering.⁸ Målsetjinga for effektevaluering er å bestemme i kva grad måla blir oppfylde, medan ein i ei prosessevaluering i større grad er oppteken av å undersøke *korleis* måla blir oppnådd, altså «mekanismerna i det system som bestämmer måluppfyllelsen» (ibid.: 300). Ettersom dette prosjektet var definert som eit forprosjekt, var det rimeleg å tenkje i retning av prosessevaluering. Ei årsak til dette valet er at omfanget av prosjektet utelukkar ei reell effektevaluering. Ei anna og like viktig årsak er at vi gjennom prosjektet har ønska å undersøke både *kva* som skjer når ein

⁸ Av og til kalla følgjeforskning, sjå Baklien (1993).

set i verk tiltaket og *kvifor* det skjer. Ved at ein prøver å forstå både kva som skjer og kvifor, får ein eit betre grunnlag for å vurdere kva ved tiltaket som kan forbeistrast for å få meir av dei resultata ein ønskjer. I dette prosjektet var det til dømes viktig å vite om ein eventuell mangel på effekt eller endring som følgje av tiltaket skuldast at metoden i seg sjølv ikkje var god nok, eller om det skuldast at metoden ikkje i tilstrekkeleg grad blei nytta.⁹

Vidare var ein viktig del av målsetjinga med prosjektet å vurdere kva som ville vere realistiske målsetjingar eller «suksesskriterium» for eit slikt nytt tiltak, og korleis ein best kunne måle i kva grad desse blei oppnådd. I bakgrunnsdokumenta for prosjektet er det lagt vekt på at ein gjennom tiltaket skal medverke til refleksjon rundt rusmiddelbruk. Men kva skal ein ta som eit teikn på at ungdom reflekterer meir? Og korleis skal ein måle det? Desse spørsmåla har det vore viktig å prøve å finne svar på gjennom å følgje utprøvinga av tiltaket på nært hald, og gjennom å få kjennskap til dei sosiale prosessane knytt til rusmiddelbruk i dei lokale ungdomsmiljøa.

Prosjektdesignet blei utvikla i ein tidleg fase av prosjektet. Opplegget der berre ein av dei to klubbane skulle prøve ut eit tiltak medan den andre klubben var tiltenkt rolla som «kontrollklubb», minner om eit design for ei lita effektevaluering. Dei to klubbane som blei vald ut til prosjektet skulle vere så like som mogleg når det gjaldt lokalmiljø, personalressursar, brukargrupper og omfang av rusmiddelbruk blant ungdomane som brukte klubben. Med to like utgangspunkt ville ei eventuell endring i den eine klubben kanskje ha blitt lettare å oppdage. Med tanke på at feltarbeid var vald som metode og at ein person utanfrå ville vere mykje tilstades i klubben og ha fokus på russpørsmål, er eit design med kontrollgruppe heller ikkje urimeleg, ettersom feltarbeidaren i ein slik samanheng i seg sjølv vil vere ein påverknad som kan føre til endring, til dømes når det gjeld måten det blir snakka om rusmiddel på.

Etter ganske kort tid blei det likevel klart at det ville ha vore meir fruktbart å endre utforminga av prosjektet, slik at kurset i LØFT hadde blitt prøvd ut i begge klubbane. Grunnen til dette var at klubbane, trass i at dei i skildringa av utvalskriteria verka like, viste seg å vere svært ulike på nokre sentrale punkt. Dei to klubbane skal presenterast i neste kapittel, og vi skal

⁹ Det er i denne samanhengen relevant å nemne tiltaket vi snakkar om her ikkje umiddelbart fell inn under definisjonen av eit førebyggingsprogram, sjølv om definisjonen av eit program i nordisk samanheng gjerne er nokså vid: Program blir gjerne brukt førebyggjande verksemd i skular, gjerne basert på informasjon, formidla til skular og lærarar gjennom ein form for skriftleg materiale som gjev ein viss grad av einskap i kva som blir formidla og korleis det blir gjort (Lilja et al 2004: 297-307).

her berre kort nemne at desse skilnadane i hovudsak dreidde seg om klubbane sine ulike posisjonar i førebyggjande arbeid på kommunenivå, samt organisering av personalressursar. Det ville truleg ha vore interessant og nyttig for det vidare arbeidet med dette prosjektet å sjå korleis tiltaket hadde fungert i to såpass ulike klubbar, men det var dessverre ikkje mogleg å endre utforminga av prosjektet på tidspunktet da vi blei klar over denne uheldige sida ved prosjektdesignet. Det å ha to klubbar gav likevel eit nyttig inntak til ulike forståingar av fritidsklubb og forebygging i kommunal samanheng, men også internt i klubbane. Slik sett var det likevel fruktbart at feltarbeidet gjekk føre seg i to klubbar. Vi vil kome tilbake til analysar av skilnadane mellom klubbane utover i rapporten.

Feltarbeidet

Feltarbeidet blei gjennomført i løpet av tretten veker hausten 2004. Bjørkelia blei besøkt fjorten gonger, Almåsen 22 gonger. Kvar feltarbeidsøkt varte vanlegvis mellom tre og fem timar. Eg konsentrerte meg i perioden før og etter kurset om Almåsen, klubben der leiarane fekk kurs, for å få best mogleg grunnlag for å vurdere eventuelle endringar som ei følgje av opplæringa. Kurset for leiarane i den eine klubben blei gjennomført etter seks veker, altså om lag halvvegs i feltarbeidet.

Feltarbeid er ein metode som gjerne bli definert gjennom det noko diffuse omgrepet «deltakande observasjon.» I dei fleste situasjonar er det likevel rett å seie at feltarbeid inneber ei rekke ulike metodar for å skaffe kunnskap om særskilte forhold innanfor ein meir eller mindre avgrensa kontekst. Eit anna viktig kjenneteikn ved feltarbeidet, slik det er vanleg å utføre det blant antropologar, er at det er produksjon og analyse av kvalitative data som blir vektlagt. For dette prosjektet innebar det at det materialet som er samla inn ikkje er kvantifisert og analysert etter kor mange som har svart ja eller nei på ulike spørsmål. I staden har det styrande i analysen vore målsetjinga om å forstå kva for mekanismar eller prosessar som gjer seg gjeldande i samhandlinga mellom ungdom og tilsette i klubbane. Bakgrunnen for å kartlegge dette er ein hypotese om at dersom ein skal forstå kvifor og korleis eit tiltak som LØFT eventuelt får konsekvensar i ein fritidsklubb, må ein forstå på kva måtar metoden grip inn i den samhandlinga som finn stad innanfor desse kontekstane.

Vi skal her ikkje gå nærare inn på diskusjonar omkring feltarbeid som metode, men i staden skildre så konkret som mogleg korleis vi har gått fram for å få kunnskap om dei sidene ved samhandling i klubben som vi meiner er

relevante for denne undersøkinga. I dei høva der det blir brukt «eg» i teksten, viser dette til forfattaren som feltarbeidar.

Det empiriske materialet består av to hovuddelar: Den eine delen er observasjonar av samhandling mellom ungdom, mellom leiarar og mellom ungdom og leiarar i dei to klubbane, samt uformelle samtaler med leiarar og ungdom. Dette materialet er nedteikna i ei feltdagbok, delvis ut frå notat gjort under samtalene, delvis ut frå notat nedteikna umiddelbart etter kvar feltarbeidsøkt. Den andre delen er delvis strukturerte intervju med alle leiarane i Almåsen fritidsklubb, fire av seks leiarar i Bjørkelia fritidsklubb, nitten ungdomar (ti jenter og ni gutar) i Almåsen og ni ungdomar (fem jenter og fire gutar) i Bjørkelia. Intervjua med leiarane varte mellom ein og to timar, medan intervjua med ungdomane varte mellom 30 minutt og ein time. Alle intervjua blei tekne opp på band. Alle intervjua med leiarane og ungdomane i Bjørkelia fritidsklubb er fullstendig transkribert. Ein del av intervjua med ungdomar i Almåsen fritidsklubb er av tidsomsyn ikkje transkribert. Denne prioriteringa er gjort fordi materialet frå Almåsen i utgangspunktet er fyldigare, dels som ei følgje av at feltarbeidet der var av større omfang, og dels fordi det opplevdes som enklare å kome i kontakt med ulike grupper av ungdomar i denne klubben enn i Bjørkelia.¹⁰ Ungdomane blei spurd om ulike sider ved det å nytte fritidsklubben, deira relasjon til leiarane og korleis dei opplevde at leiarane snakka om og handterte ungdomane sin bruk av rusmiddel. Vidare blei dei spurd om eigne erfaringar med og haldningar til ulike rusmiddel. Leiarane blei stilt spørsmål om opplevinga av arbeidet, relasjonen til ungdomar og kollegaer, forståing av klubben og av eiga rolle i forhold til førebygging samt konkrete erfaringar med å snakke med ungdom om rusmiddel. Alle intervjua med leiarane i Almåsen blei gjort før gjennomføringa av kurset, slik at det skulle vere mogleg å kartlegge korleis leiaren opplevde eigne strategiar for samtaler om rus før kurset. Materialet med leiarane sine erfaringar med å prøve ut metodane dei lærte på kurset blei gjort i form av uformelle intervju og samtaler, men med systematiske og gjentekne spørsmål om erfaringar med LØFT i heile den siste perioden av feltarbeidet. I og med at prosjektet er såpass avgrensa tidsmessig, har det ikkje vore rom for å utnytte intervjumaterialet så mykje som ein kunne ønske, særleg i forhold til ungdomane sine forteljingar om kva tydingar rusmiddel har i lokale ungdomskulturar.

¹⁰ Bakgrunnen for dette skal eg kome tilbake til under presentasjonen av klubbane i neste kapittel. At det var lettare å etablere kontaktar i Almåsen hadde sjølvstapt også samanheng med at eg periodevis tilbrakte meir tid i denne klubben.

I ettertid blei det også tydeleg at det ville ha vore ein fordel om feltarbeidaren hadde delteke på kurset som leiarane gjekk på. Betre kjennskap til metoden og til det som blei formidla ville truleg ha vore nyttig for å analysere forholdet mellom dette og det som blei prøvd ut i praksis.

Observasjon av samhandling er eit svært nyttig supplement til eit intervju- og samtalebasert materiale. Det å observere samhandling inneber å kunne kome på sporet av kva folk «eigentleg gjer» eller «eigentleg meiner» i litt større grad enn ein ofte førestiller seg at ein gjer gjennom intervju. Likevel er det når det gjeld slike samhandlingsdata viktig å vere klar over at feltarbeidaren også her påverkar den samhandlinga han observerer. Overfor ungdomane i begge fritidsklubbane kunne dette gje seg utslag i at samtalen eller samhandlinga endra seg når feltarbeidaren kom inn og ungdomane kjende seg observerte og av og til utrygge med ein framand i nærleiken.

Fritidsklubbane hadde sendt ut brev til alle foreldra om prosjektet på førehand med moglegheit for at foreldra kunne reservere seg mot at ungdomane deira deltok. I klubben introduserte eg meg overfor alle nye ungdomar eg møtte med namn, målsetjinga med at eg var i klubben, informasjon om taushetsplikt, om at undersøkinga var anonym og at det var frivillig å snakke med meg. Likevel kunne det nok ofte vere litt uklart for ungdomane kva det å vere feltarbeidar eller forskar innebar. Var eg ein slags leiar, eller var det taushetsplikta som forskar som gjaldt mest?

Det er også truleg at leiarane meir eller mindre medvitne blei påverka av at feltarbeidaren var tilstades. Dei var med på eit prosjekt som eg skulle evaluere, og sjølv om eg understreka at spørsmålet som var av interesse var om metoden var eigna og ikkje om dei var flinke, ville det vere naturleg om dei til ein viss grad følte seg vurderte gjennom mitt nærver. Med mine spørsmål om dei hadde nye erfaringar med LØFT å fortelje om sidan sist, er det også truleg at forskaren i seg sjølv påverka til at metode blei brukt oftare, eller at dei var meir medvitne om at dei burde bruke han, enn om dei hadde blitt overletne til seg sjølv etter kurset.

Gjennom å observere og registrere samhandlingssituasjonar anten mellom ungdom eller mellom ungdom og leiarar der rus var tema, hadde eg håpa å gjere observasjonar som kunne seie noko om eventuelle endringar som følgde av opplæringa leiaren i Almåsen fritidsklubb fekk. Som vi vil kome nærare inn på i analysane av erfaringane med LØFT, viste det seg svært vanskeleg å observere tilstrekkeleg med situasjonar både før og etter kurset til å kunne seie noko om slike endringar. Eg fekk til ein viss grad tilgang til å observere samtaler der leiarane brukte den nye samtaleteknikken, men eg kunne ikkje spore endringar i måten ungdomane snakka

med kvarandre eller med meg om rus på. Om det ikkje var for at eg hadde kunnskap om at metoden blei såpass lite anvendt, ville det ha vore vanskeleg å seie noko om kva som var årsaka til at det at det var vanskeleg å oppdage endringar. Desse spørsmåla skal vi drøfte nærare seinare. Innanfor rammene av ei metodeutgreiing er det likevel verdt å nemne at feltarbeidaren i denne situasjonen kan vere eit så viktig forstyrrande element at han eller ho lett kunne nøytralisere eventuelle endringar i situasjonar der han eller ho var tilstades. Ei kritisk utfordring når det gjeld å identifisere endringar på dette feltet, er altså at måleinstrumentet – anten det er eit spørjeskjema eller ein forskar – i seg sjølv vil bli ein påverknad, og at kva som skjer når denne påverknaden ikkje er tilstades, ikkje er tilgjengeleg for måling.

4 Almåsen og Bjørkelia – presentasjon av to fritidsklubbar

I dette kapitlet blir dei to klubbane som var med i prosjektet presenterte. Målsetjinga med kapitlet er å skildre klubbane med vekt på to dimensjonar: Den eine dimensjonen dreier seg om dei strukturelle rammene for klubbdrifta, slik som omfanget av personalressursar, klubblokala og posisjonen i det kommunale barne- og ungdomsarbeidet. Klubbane var i utgangspunktet vald ut til prosjektet fordi dei ut frå kriterium som personalressursar, sosioøkonomiske tilhøve i kommunen, samansetjing av brukargrupper og kjennskap til rusproblem var ganske like. Som tidlegare nemnd avdekte feltarbeidet at klubbane trass i desse ytre likskapstrekk var svært ulike på fleire viktige punkt. Desse skilnadane var også viktige for den andre dimensjonen ved klubbane som skal skildrast her – samhandlingsmønster mellom ungdom og tilsette. Vi vil først presentere klubbane kva for seg, og deretter trekke ut nokre viktige punkt for samanlikning.

Klubbane har fått fiktive namn – Almåsen og Bjørkelia. Trekk ved lokalitetane eller leiarar og ungdom som ville kunne føre til at klubbane kan identifiserast, er endra.

Almåsen fritidsklubb

Almåsen er ein tettstad i ein kommune eit stykke utanfor Oslo. Kommunen er folkerik, men busetjinga er samla i fleire små tettstader, og området gjev difor inntrykk av å vere landleg. Frå busstoppen går ein berre nokre få minutt forbi ein videokiosk og nokre vanlege butikkar, og så er ein framme ved Almåsen fritidsklubb. Ved inngangspartiet står ein plakat med opningstider: Frå klokka 14 på tysdag, onsdag og torsdag. Tysdag og onsdag er klubben open til åtte, torsdag til 21.30. Om ein kjem til Almåsen tidleg på ettermiddagen, får ein følgje frå busstoppen av ungdomar med sekkar og gymbaggar på veg bort til klubben. For mange er klubben ein kvilestasjon etter ein lang skuledag før dei tek turen heim. For andre er klubben opphaldsstad heile kvelden.

Om ikkje veret er altfor umildt, finn ein ofte eit titals ungdomar ved inngangen. Her kan ein røyke, prate og dessutan ha oversikt over folk som går mellom klubben og butikkssenteret like bak. Innanfor døra er det ein stor

gang med sofa, informasjonstavle og brusautomat. Litt innanfor er hovudrommet på rundt 50 kvadratmeter. Her er det fleire små sofagrupper, datamaskiner med internett og ein «bardisk». I dette rommet oppheld både leiarar og ungdomar seg det meste av tida. Etter skuletid finne ein gjerne slitne ungdomar delvis liggande i sofaane, elles er rommet prega av mykje rørsle og venskapleg småslossing. Ein gjeng av på to-tre av dei eldste ungdomane har ansvar for kioskdriфта, og det er berre dei og leiarane som får kome bak disken. Enno lenger inn i etasjen er det eit eige rom for biljard og bordtennis. Her er høgtalarane til musikkanlegget, og dette er det mest lydrike rommet i lokalet. Ungdomane oppsøker ofte leiarane ved å setje seg saman med dei i ein sofa eller på stolar framom disken, men leiarane tek også sjølvve initiativ til å setje seg ned saman med ungdomar i ei av dei mange sofagruppene.

Fritidsklubben er først og fremst ein stad å vere, der ungdomane kan slappe av og prate med vener. «Å møte vener» er den motivasjonen for å gå på klubb som synest å vere viktigast for ungdomane. Mange er på klubben kvar dag det er ope, medan andre berre stikk innom. Det er om lag like mange personar på klubben dei tre opningsdagane, men det er vanskeleg å talfeste kor mange som er innom, ettersom ungdomane går ganske mykje ut og inn, og mange er innom berre ei kort stund. Dei tilsette registrerer ikkje ungdomane, men dei har inntrykk av at det kan vere omlag 30-40 ungdomar innom på ein kveld. Brukarane på klubben er i «vanleg klubbaldre», frå 14 til 18, med hovudvekt av ungdomar i 10. klasse og 1. klasse på vidaregåande. Det er ei overvekt av gutar mellom dei eldste, medan dei fleste jentene er i ungdomskulealder. Det er nesten ingen ungdomar med minoritetsbakgrunn i klubben. Gjennom intervju blei det tydeleg at ungdomane som brukar klubben på mange måtar oppfattar at dei tilhøyrer *ein* gjeng i den forstand at det ikkje er klart åtskilde grupper på klubben. Fleire ungdomar forklarte også at dei som byrjar på klubben stort sett kjenner nokon som går der frå før.

Ungdomane går gjerne fleire gonger mellom senteret og klubben i løpet av ein ettermiddag eller kveld. Det å vere på klubben er difor delvis det same som «å vere i sentrum» av Ålmåsen. Ungdomane fortel at dei tidlegare blei jaga frå alle stadene dei opphaldt seg i lokalmiljøet, mellom anna frå butikkssenteret. Klubben er derimot ein stad å vere der ein ikkje blir jaga. At ungdom i sentrum blir oppfatta som problem for handelsstanden, er også ein del av bakgrunnen for at ei av leiarstillingane er delfinansiert av kjøpesenteret som ligg i nærleiken av klubben. Det er Geir som har denne stillinga. Han er i overkant av 40, og han har tidlegare vore vektar og dørvakt fleire stader i lokalmiljøet. Ettersom dei sponsar Geir si stilling, kan senteret

tilkalle han dersom dei har problem med ungdomar eller andre, til dømes ei gruppe tyngre narkomane som held til der. Ein del av Geir si stilling er også definert som utekontakt eller feltarbeidar. Trass i alle desse ulike rollene er Geir sjølv oppteken av ikkje å skilje mellom den rolla han har som ungdomsleiar på klubben, vakt på senteret og feltarbeidar ute blant ungdom. At han i tillegg er både dørvakt og trenar, gjer at Geir har ei svært brei kontaktflate ut til mange ulike ungdomsmiljø. Denne kontaktflata kjenneteiknar ikkje berre Geir si rolle, men heile klubben, og kan på mange måtar forståast som nøkkelen til den posisjonen klubben har i lokalmiljøet.

Ei anna viktig brikke i klubben sin posisjon i lokalmiljøet er at leiaren for klubben, Bente på 40 år, er SLT-koordinator¹¹ med ansvar for samordning av lokale kriminalitetsførebyggande tiltak for barn og unge. Bente møter i eigenskap av denne rolla personar frå barnevern, skule og politi til regelmessige møte. Bente er dessutan feltarbeidarar/utekontakt saman med Geir, og dei to arbeider saman i eit ungdomsteam som fungerer som eit tilbod for foreldre, ungdom og andre som på ulike måtar kjem i kontakt med ungdom. Både Geir og Bente er på klubben kvar dag, og dei opplever at dei har eit tett samarbeid med andre instansar som arbeider med ungdom, som til dømes skule og barnevern.

Geir og Bente er dei meste sentrale vaksne på klubben. Dei har størst kontaktflate ut til både ungdomsmiljø og andre kommunale instansar som arbeider med ungdom. Det er difor dei som har mest oversikt og som i første rekke blir oppsøkt av ungdomane om det er eit eller anna problem. Men klubben har også tre andre tilsette som på ulike måtar er viktige for miljøet og som ikkje minst gjer at det til ei kvar tid er mellom tre og fire vaksne til stades på klubben. Til saman utgjer stillingane knytt til klubben vel to årsverk (235 prosent). Eit og eit halvt av desse årsverka er feltarbeidar/utekontakt-stillingar med ein del av verksemda lagt til klubben, 0,85 årsverk er «rein» tid på klubben. I praksis blei ein stor del av tida klubbtid. Denne hausten var det i tillegg til desse stillingane ei ung jente i praksis som var tilstades i heile opningstida: Tove er i byrjinga av 20-åra og den yngste og nyaste leiaren på klubben. Ho samlar praksis for barnevernsutdanning. To kveldar i veka arbeider Anders. Han er 30 år og driv eige firma i tillegg til å vere på klubben. Han nyt stor respekt for sin kunnskap om data og er mykje saman med særleg ein gjeng gutar som er opptekne mellom anna av å bygge

¹¹ «Samordning av lokale kriminalitetsførebyggande tiltak for barn og unge», SLT, er ei ordning som blei starta som eit prøveprosjekt av Det kriminalitetsforebyggende råd på 90-talet. 98 kommunar har til nå innført modellen. For å lese meir om kva modellen inneber, sjå: http://www.krad.dep.no/render2.asp?chp=SLT&maingr=krad_gir_rad

datamaskiner. Ein kveld annankvar veke arbeider også Anne, kona til Geir, på klubben. Ho er i tillegg assistent på ungdomsskulen og kjenner slik ein del av ungdomane frå denne arenaen.

Det ligg ikkje innanfor rammene for dette prosjektet å evaluere modellen for organisering av klubbdrift som blei brukt i denne kommunen. Modellen med klubleiar som SLT-koordinator og bruk av klubbtilsette i andre stillingar knytt til lokalt ungdomsarbeid, er likevel svært relevant for å forstå kva for rolle fritidsklubben hadde i det lokale førebyggjande arbeidet. Ingen av leiarane hadde barne- eller ungdomsfagleg utdanning, men dei hadde alle lang erfaring med ulike former for sosialt arbeid på forskjellige arenaer. Fritidsklubbane hadde hatt kontinuerleg drift over fleire år, og opplevde i svært liten grad å vere truga i budsjettsamanheng.

Verken ungdom eller leiarar oppfatta brukarane av klubben som større konsumentar av alkohol eller hasj enn snittet av ungdomane i lokalmiljøet. Ungdomane sjølve karakteriserte brukarane av klubben som «sosiale ungdomar». Leiarane på si side oppfatta klubbungdomane som litt meir skuletrøytt enn gjennomsnittet, og langt mindre deltakande i organiserte aktivitetar enn andre ungdomar. Ungdomane som var i klubben nå blei dessutan oppfatta som annleis enn dei som prega klubben for eit par år sidan. Da hadde da ein ungdomsgjeng som blei oppfatta som mykje «tøffare» og som var involvert i småkriminalitet og nokre valdsepisodar på klubben hatt ein dominerande posisjon. Nokre av ungdomane frå denne gjengen kom framleis på klubben innimellom.

Ved avslutninga av halvåret oppsummerte leiarane klubbhausten som nokså vanleg, utan dei store hendingane, og med jamt, men kanskje litt mindre besøk enn tidlegare. Klubben si rolle i høve til rusbruk skal drøftast nærare i det neste kapitlet.

Bjørkelia fritidsklubb

Bjørkelia ligg ein liten times reise frå Oslo. Etter å ha gått av bussen kan ein anten gå til høgref, til videokiosken og kjøpesenteret, eller ein kan gå til andre kanten, til skuleplassen, der klubben ligg attmed ein opplyst fotballbane, ein stor asfaltert plass og ei skaterampe. Om det ikkje er klubbkveld, treffer ein gjerne ei gruppe ungdomar utanfor videokiosken. Om det er ein måndag eller onsdag mellom klokka 18 og 22, er det gode sjansar for at dei same ungdomane er innanfor klubblokala. Er det ein fredag, kan dei same ungdomane av og til vere på klubben, men dei er også ofte på fest. Siste halvdel av hausten

var klubben også open på laurdagar, men desse kveldane var dårleg besøkt. Laurdag er festkveld for mange av dei faste ungdomane i klubben.

Innanfor liknar klubben mykje på det mange vil forbinde med ein tradisjonell fritidsklubb: Klubben har fleire hundre kvadratmeter store lokale i ein tidlegare gymsal. Interiøret er halde i ein røff stil, med graffiti-utsmykkingar og sterke, mørke farger. Hovudrommet er dominert av biljard og bordtennisbord, samt eit par andre, store spel, og sitjegrupper langs veggen. I tillegg til hovudrommet er det eit lite kjøkken og eit stort rom som er kinosal på måndag og onsdag, og diskotek på fredagar. I tilknytning til lokala ligg det også eit mindre rom med eit ekstra biljardbord og ein pc, og innanfor der er kontoret, som står avlåst. Ein vanleg klubbkveld finn ein gjerne nokre ungdomar som spelar kort i sitjegruppene og ein seks-sju ungdomar vekslar på å spele biljard. Ein CD-spelar står på ved inngangen til kjøkenet, men denne står lågt på: Det er det berre på fredagar (og laurdagar) at det er diskotekvolum på hovudanlegget. Filmvisinga engasjerer gjerne størstedelen av ungdomane som er på klubben for ein stor del av kvelden, og det kan bli ganske tomt i lokalet medan filmen blir vist. Det er leiarane som har ansvar for kioskdirifta, men det er klubben si DJ-gruppe som (i teorien) skal ha ansvar for å spele musikk på diskotekkveldar. Dette har ikkje fungert så bra denne hausten.

Det er eit svært varierende tal personar innom kvar kveld, vanlegvis mellom 15 og 25. Denne hausten er ein gjeng klart dominerande, både i tal og i plassen dei tek i klubben: Det er ein gjeng gitar på mellom 16 og 17, hovudsakleg frå yrkesfagleg klasser vidaregåande. Leirane har eit ambivalent forhold til at desse gutane har ein så sentral posisjon i klubben. Dei opplever at dei ikkje er så positive for klubben sitt miljø eller omdøme, og at dei er vanskelege å engasjere til rydding eller ansvar for klubbdrifta. Samstundes seier dei også at det er positivt at ungdomane er på klubben, ettersom desse gutane er rekna som nokre av dei sentrale uromakarane i lokal-samfunnet. «Så lenge ungdomane er i klubben, driv dei ikkje hærverk eller anna bråk», blir det ofte sagt. I tilknytning til denne gjengen er det også ein del jenter som kjem til klubben, dei fleste av dei er eit par år yngre. Denne gruppa gitar og jenter er saman også utanfor klubben, både på dei andre vekedagane og på festar i helgene.

Ei anna gruppe i klubben er tre ungdomar på 16-17 som blir karakterisert som «søte og snille ungdomar» av leiarane. Dei har vore i klubben sidan dei var små, og er meir fokuserte på klubbleiarane enn på dei andre ungdomane. Mot slutten av halvåret trekker dei seg bort frå klubben og mot ein fritidsklubb som har litt eldre ungdomar som målgruppe. Den siste

avgrensa gruppa på klubben er gjeng på fem-seks 10.-klassegutar som kjem for å spele biljard kvar einaste kveld klubben er open – også fredag og laurdag.

Klubben har seks tilsette i små stillingsbrøkar som til saman utgjer mindre enn eit årsverk. Leiarane arbeider ein til to kveldar i veka, og alle har andre jobbar i tillegg. Fleire har fulltidsjobbar ved sidan av. Ein person under utdanning og ein som arbeider i barnehage har barne- eller ungdomsfagleg bakgrunn eller, elles arbeider leiarane i andre yrke. Fleire av leiarane har sjølv vore klubbbrukarar i den same klubben som dei nå arbeider. Klubbleiar er Tore, ein mann på 30 som har arbeidd i klubb sidan han var 18. Han har fulltidsjobb ved sidan av den knapt 30 prosent store stillinga i klubb. Dei andre leiarane har stillingsbrøkar på mellom sju og femten prosent: Marianne på 40 har også arbeidd lenge i klubben, og ho arbeider innanfor omsorgssektoren utanom klubbstillinga. Hilde på 30 har også fulltidsjobb utanom, men har i periodar vore engasjert med ulike former for prosjektarbeid i klubben. Stine på 25 har også arbeid utanom. Alle desse fire arbeider to kveldar i veka. Andre tilsette er Åge på 35 og Karsten på 35, som begge arbeider på fredagar. Det er alltid to leiarar på klubben i løpet av ein kveld. Laurdagar er det varierende mannskap, med ein del eldre ungdommar som er tidlegare brukarar.

Dei fleste av leiarane er ganske mykje på kjøkenet, sjølv om fleire av dei prøver å ikkje opphalde seg *for* mykje der. Ein regel om at ungdom ikkje skal vere på kjøkenet blei innskjerpa mot slutten av hausten, men inntil da var det her at mange av samtalene mellom ungdommar og leiarar gjekk føre seg. Den dominerande gutegjengen er vanskeleg å få kontakt med for både feltarbeidar og tilsette, og Bjørkelia er ikkje i så stor grad ein stad for samtaler som Almåsen. Aktivitet er viktigare. Det å spele bordtennis eller biljard, eller det å ta initiativ til kortspel eller andre spel er måtar leiarane prøver å etablere kontakt med ungdomane på.

Klubben er også ein stad som er prega av at det er ei overvekt av gutar der, og av at jentene som er på klubben synest å vere nærare knytte til gjengen av gutar enn til klubben i seg sjølv. Dette har i følgje nokre av jentene samanheng med at det å bruke klubben er forbunde med noko negativt i lokalmiljøet. Dei som brukar klubben blir sett på som «sentervankarar». Det inneber å henge mykje ute, utan å gjere noko spesielt og å vere saman med ungdommar som driv med ein del negativ åtferd. Nokre ungdommar fortel at det å vere «sentervankar» blir karakterisert som det å «ikkje ha noko liv». Leiarane fortel at mange foreldre ikkje let ungdommane sine gå på klubben, fordi dei trur at der lærer ungdomane å røyke og drikke.

Klubben sitt rykte på dette feltet har truleg samanheng både med at nokre av gutane i denne gjengen var ansvarlege for ein del hærverk tidlegare, og at dei er mykje på fest i helgene. Det kan også ha bakgrunn i tidlegare hendingar, mellom anna at nokre personar frå eit miljø som var kjend for relativt utbreidd hasjbruk var assosiert med klubben.

Men det er også truleg at dette omdømet kan knytast til den rolla klubben har i kommunen. Leiarane opplevde sjølve at klubben ikkje blei teken heilt på alvor som førebyggjande tiltak, og at dei ikkje i særleg grad blei trekte inn i samarbeid med andre instansar. Dei opplevde at samarbeidet med politiet var rimeleg bra, men på den andre sida at dei blei direkte motarbeidd av skulen. Dei opplevde vidare å ha vanskar med å få aksept som eit *bra* tilbod for ungdom i lokalmiljøet. Sjølv om Bjørkelia også formelt var tilknytta eit SLT-nettverk, var dette ei langt meir perifer tilknytning enn i Ålmåsen. Ingen av klubbleiarane sjølve, men derimot ungdomskonsulentene med ansvar for alle klubbane i kommunen, var den som gjekk til møta i SLT-nettverket.

Klubbhausten i Bjørkelia var prega av litt motgang, i alle fall slik ein del av leiarane oppfatta det. Som dei andre klubbane i kommunen blei også Bjørkelia truga med nedlegging da kommunebudsjettet skulle behandlast. Ungdomane i klubbane mobilserte til demonstrasjonar mot kommunestyret, og det blei til slutt ingenting av nedleggingsplanane.

Trass i at mange av ungdomane stilte opp til desse demonstrasjonane, var mange av leiarane frustrerte over lite samarbeidsvilje frå den dominerande gutegjengen, og mot slutten av hausten toppa det heile seg ved at nokre ungdomar blir utviste for drikking, og at leiarane innkallte til allmøte for innskjerping av klubbreglementet. Møtet synest ikkje å vekke særleg stort engasjement hjå ungdomane, og ei tid etter utvisingssaka og møtet var det svært få ungdomar på klubben.

Klubben i Bjørkelia hadde altså ein noko annleis posisjon i lokalmiljøet enn det som var tilfelle i Ålmåsen, og det var også skilnadar mellom ungdomane sine relasjonar til leiarane i dei to klubbane. Nedanfor skal vi drøfte nokre av desse skilnadane nærare.

Relasjonar i klubb og førebygging

Fritidsklubbar er omskiftelege arenaer. Dei fleste klubbar vil difor truleg ha erfaring med at det er variasjonar mellom ungdomskulla, og at desse variasjonane kan gjere at klubbmiljøet kan forandre seg mykje frå år til år. Dette tyder at sjølv om dei to klubbane i løpet av feltarbeidet gav inntrykk

av å vere nokså ulike, kunne desse skilnadane godt ha blitt mindre påfallande om ein hadde gjort ein studie over ein lengre periode som hadde fått med seg skilnadar mellom ulike ungdomskull.

Fleire ting var felles for klubbane: Ungdomane i begge klubbane la vekt på at det som var bra med klubben først og fremst var at han var ein stad å vere og ein stad å treffe vener. Det å treffe vener var den uttalt viktigaste motivasjonen for å vere i klubben, og aktivitetane som blei tilbode i klubben syntes å spele ei mindre rolle enn det å rett og slett vere saman. Begge klubbane syntes å rekruttere ungdomar som var svært opptekne av samvere med jamaldringar. For ein del av jentene var det tydeleg at omgang med litt eldre gutar var særskilt attraktivt. Mange av klubbungdomane meinte også at dei som *ikkje* gjekk i klubben var ungdom som var skulefokuserte, litt barnslege og kjedelege. Leiarane i Almåsen oppfatta ikkje ungdomane som var i klubben nå som spesielt problembelasta ungdom. Det hadde som nemnd vore annleis litt tidlegare. I Bjørkelia, derimot, var dei inne i ein fase der klubben var dominert av ein gjeng ungdomar, særskilt gutar, som i lokalmiljøet gjekk for å vere problemungdomar. Det var truleg ein medverkande årsak til at klubben hadde problem med å rekruttere nye ungdomar. Det var dermed var relativt få ungdomar som brukte klubben i Bjørkelia samanlikna med Almåsen.

Men det var også nokre skilnadar mellom klubbane som verke knytt til meir grunnleggande forhold ved organiseringa av klubben og ressursane dei hadde tilgjengeleg. Desse skal drøftast her fordi det er bakgrunnsfaktorar som vil vere av viktige for tiltaket som blei prøvd ut i dette prosjektet. Ein slik skilnad dreidde seg om forholdet mellom jamalderrelasjonar og relasjonar mellom leiarar og ungdom i klubben. Ein viktig observasjon frå feltarbeidet var at relasjonane mellom ungdomar var dei viktigaste relasjonane i Bjørkelia, medan relasjonane mellom ungdom og tilsette spelte ei viktigare rolle i Almåsen. To konkrete episodar kan illustrere denne skilnaden: I Bjørkelia hadde nokre ungdomar ein kveld kasta ein masse snø inn i «kinosalen». To av leiarane, Tore og Marianne, stoppa filmen og kravde at snøen skulle ryddast før filmen kunne halde fram. Eit titals ungdomar blei sitjande i djupt i stolane sine utan å gjere noko for å rydde snø. Til slutt var det ei litt eldre jente – som slett ikkje hadde kasta snø – som gjekk fram og plukka opp snøen for å få sjå resten av filmen. Ein tilsvarande episode i Almåsen fekk eit nokså annleis utfall: Geir sat i sofaen da han fekk høyre at ein av ungdomane hadde tømt eit stor mengde fyrstikker utover heile inngangspartiet. Geir gjekk ut og bad guten som hadde tømt fyrstikkene om å plukke opp og gjekk deretter inn igjen og heldt fram samtalen han hadde

gått frå. Om litt kom guten med fyrstikkene og fortalde Geir at han nå hadde rydda opp etter seg.

At denne guten gjerne ville fortelje at han hadde rydda, kan sjølvsagt tolkast som at han var redd for å bli utestengd frå klubben om han ikkje hadde gjort det. Geir sjølv meinte da også at grunnen til at han kom tilbake og til at ungdomane generelt var lette å be om å rydde, var at klubben var så viktig for ungdomane at dei ville følt det som om noko viktig var blitt borte frå livet dersom dei blei utestengd. Men ei anna forklaring er også mogleg: Relasjonen til Geir var openbart svært viktig for mange av ungdomane i klubben. Dei såg opp til han og ville gjerne bli likt og respektert av han. Når denne guten rydda opp og gjerne ville fortelje dette til Geir, sa det ikkje berre noko om hans relasjon til klubben, men også om hans relasjon til Geir. Denne relasjonen var i denne situasjonen truleg viktigare for han enn relasjonen til eventuelle kameratar som kunne finne på å gjere narr av han for dette. Dømet frå Bjørkelia illustrer på den andre sida ikkje nødvendigvis mangel på respekt for leiarane, men derimot at relasjonen til jamaldergruppa var viktigast i ein situasjon der det å følgje leiarane si oppmoding kunne medføre negative reaksjonar frå jamaldringane. Dette blei også synleg da mange frå den dominerande gutegjengen forsvann for ein periode da tre gutar frå denne gjengen blei utviste på grunn av drikking. Denne tolkinga av desse situasjonane blir også underbygd av at dei to klubbane i ulike grad greidde å få ungdom til å ta medansvar for drifta. I Ålmåsen var det ein gjeng ungdomar som hadde ansvar for kioskdrifta og som tok denne oppgåva svært alvorleg. Det var tydeleg ein viss status forbunde med å ansvar for å selje drikke og pizza til dei andre ungdomane. Berre dei ungdomane som hjelte til fekk lov til å kome bak disken, halde orden på kassa og spele musikk. I Bjørkelia hadde dei store problem med å få ungdomar til å hjelpe til med til dømes kioskdrift. Leiarane fortalde at ungdomar som hjelte til blei erta av enkelte av jamaldringane, og det var etter kvart umogleg å få nokon av gutane til å hjelpe til i kiosken.

I Ålmåsen var ein stor del av ungdomane som vanka dagleg på klubben nært knytte til og svært oppsøkande i overfor leiarane. Fleire av ungdomane fortalde i intervju at dei hadde fått ulike former for hjelp gjennom å ha oppsøkt leiarane, som – avhengig av alvorsgraden – anten hadde vist ungdomane vidare til andre hjelpeinstansar eller sjølv hatt jamlege samtaler med ungdomane. I Bjørkelia var ikkje kontakten med leiarane ein så sentral del av klubbssamveret for dei fleste ungdomane. Ein gut på 16 gav uttrykk for dette når han uttalte at «Jeg ser på klubben som et sted å være, jeg synes ikke lederne liksom skal passe på oss sånn veldig, at de må snakke med oss hele

tiden og sånn. Hvis de skal spørre og spørre og sånn.» Ei forståing av at klubben skulle vere ein fristad der ein ikkje skulle spørje og grave for mykje var også meir framtrudande mellom leiarane i denne klubben, sjølv om det også her var individuelle variasjonar både i haldning og praksis mellom leiarane.

Det er fleire moglege forklaringar på skilnadane mellom klubbane når det gjaldt innhaldet i og utviklinga av relasjonar mellom leiarar og ungdom. Eit poeng kan vere at fleire av leiarane i Bjørkelia hadde gått vegen frå sjølv å vere klubbbrukarar til nå å vere leiarar. Deira egne erfaringar som brukarar var til ein viss grad med på å prege det dei meinte at ein klubb burde vere. Nokre hadde til dømes minne om at dei sjølv som klubb-ungdom hadde ønskt å få vere i fred i utkanten av klubbmiljøet og ikkje ønskte så mykje kontakt med leiarane.

Ulik vektlegging av samtale må også knytast til skilnadane mellom klubblokala i Almåsen og Bjørkelia: Almåsen sine lokale var små og intime med små sitjegrupper der ein kunne snakke nesten uforstyrta, dersom ein ville. Bjørkelia, derimot, hadde store, opne lokale som hadde få moglegeheiter til å skjerme seg frå andre under ein samtale. Både leiarar og ungdomar forklarte at om ein ville snakke med leiarane, ville det vere naturleg å gå til eit av dei avlåste romma i tilknytning til klubblokalet. Det seier seg sjølv at det å ta initiativ til ein slik samtale ville vere eit større steg enn å dumpe ned i ein sofa attmed ein leiar.

Ein metafor som kanskje kan gripe dei ulike tyngdepunkta i relasjonane i dei to klubbane er at leiarane i ulike grad *perforerte* ungdomsgrupperingane i klubbane. Perforeringsmetaforen kan tydeleggjere at det ikkje først og fremst var manglande vilje blant leiarane i Bjørkelia som gjorde at relasjonane med ungdomane ikkje blei så nære, men at mange av leiarane opplevde den dominerande ungdomsgruppa som litt ugjennomtrengeleg. Men det er heller ikkje så enkelt som at ungdomane i Bjørkelia ikkje ønskte kontakt med leiarane i klubben, medan ungdomane i Almåsen gjorde det. Eit viktig poeng her er at samtale ikkje treng å vere den einaste måten å bygge relasjonar på. Tore, leiaren i Bjørkelia, la til dømes vekt på det å spele bordtennis eller biljard med ungdomar som ein måte å bygge relasjonar på.

Trass i at det altså kan vere ulike forståingar av korleis relasjonar bør byggast, kan det likevel vere nyttig å sjå nærare på korleis dei strukturelle rammene for klubbdrifta påverka høve for relasjonsbygging i dei to klubbane. Det er i samband med dette i første rekke viktig å peike på dei ulike personalressursane klubbane hadde tilgjengeleg: Bjørkelia hadde til saman mindre enn eit årsverk, medan Almåsen hadde nesten to og eit halvt. Det

betydde at det alltid var fleire leiarar til stades samstundes i Ålmåsen enn i Bjørkelia, noko som medførte at leiarane fylte rommet på ein annan, og tydelegare, måte i Ålmåsen enn i Bjørkelia. Dette blei sjølvstundt også forsterka av at lokala var så ulike, og at det dermed skulle meir til for å fylle lokala i Bjørkelia.

Men kanskje like viktig som talet på personar som var tilstades, var det faktum at to av leiarane i Almåsen hadde fulle stillingar som ungdomsarbeidarar, og at desse både var knytt til klubben og til ungdomsarenaer utanom klubben. Som nemnd innleiingsvis gav dette klubben ei stor kontaktflate både til ulike kommunale instansar som arbeidde med ungdom, men også til ulike ungdomsmiljø i lokalmiljøet. Bente og Geir opplevde dermed at dei hadde god oversikt over den sosiale situasjonen til ungdomane i klubben, og dei fortalde også at ungdomane ofte ringte eller tok kontakt på annan måte for å gjere dei merksame på vener som hadde problem eller til og med om bråk mellom ungdomsgjengar som kunne vere under oppsegling.

At to av stillingane i Almåsen var så store, gjorde også at det blei lettare å oppretthalde kontinuitet i personalgruppa i denne klubben. Bente og Geir var i klubben to til tre kveldar kvar veke. Dei tre andre leiarane var i klubben noko sjeldnare, men alle møtte Bente og Geir i løpet av arbeidstida og informasjonen mellom leiarane såg ut til å flyte godt. Rammevilkåra som leiarane i Bjørkelia arbeidde under gjorde tilsvarande informasjonsflyt mykje vanskelegare. I denne klubben var det fleire tilsette, men dei hadde mindre stillingsbrøkar, og dermed mindre kontinuitet overfor ungdomane og dei andre kollegaene. Mange av kollegaene såg kvarandre nesten berre på møte ein gong i halvåret, og dei hadde liten oversikt over kva som skjedde på klubben dei kveldane dei ikkje jobba. Klubben hadde dessutan lite møte-tid, særleg etter at dei hadde kuttet ut ein del møte i ein innsparingsrunde for ikkje å stele av opningstida på klubben. Resultatet blei at det var vanskeleg å bygge ei felles og heilskapleg forståing av kva klubben skulle vere, og det blei mykje opp til dei enkelte leiarane korleis dei utforma klubben dei kveldane dei var på jobb. At leiarane kunne vere usamde om grenser og reglar for klubben, må sjåast som ein konsekvens av dette.

Ei anna side ved dei strukturelle forholda ved klubbane handla om i kva grad dei hadde gode kontaktar til andre verksemder i kommunen. Ovanfor skildra vi korleis Almåsen opplevde å ha svært gode relasjonar til andre instansar i kommunen mellom anna gjennom rolla i SLT-ordninga i kommunen, medan Bjørkelia ikkje blei trekt med i nettverk på ein måte som kunne ha gjeve dei ein tilsvarande posisjon. Spørsmålet blir så kva som var årsaka til desse skilnadane? Ei forklaring *kunne* vere omdømet Bjørkelia

hadde som stad «der ungdom lærte og røyke og drikke», og at dette omdømet gjorde at andre instansar som arbeidde med ungdom ikkje ville trekke klubben med. Det var likevel ein påfallande skilnad mellom dei to kommunane si forståing av kva fritidsklubbane burde vere: Kommunen der Almåsen låg hadde gjort ei medviten satsing på klubben som eit sentralt førebyggjande ungdomstiltak, og hadde slik sørgd for at klubben fekk ein nøkkelposisjon blant dei lokale verksemdene som arbeidde med ungdom. Leiarane i Almåsen fekk stadig viktige roller i konkrete saker som gjaldt ungdom og rus, medan Bjørkelia ikkje blei involvert på same måte i tilsvarende saker. Desse ulike posisjonane fekk tydelege konsekvensar for måten klubbane kunne drive førebyggjande arbeid på. Dette skal vi kome nærare inn på i neste kapittel. Dei ulike posisjonane som klubbane hadde i lokalmiljøet og dei strukturelle rammene for klubbdrifta, la også føringar for korleis leiarane utvikla relasjonar til ungdomane. Dette er eit viktig bakteppe når vi seinare skal drøfte korleis eit tiltak som LØFT vil kunne fungere i dei ulike klubbane.

5 Fritidsklubb og rusmiddel: Tal og kontekst

Når Ungdom og Fritid ønskjer å bruke fritidsklubbar meir målretta i rusførebyggande arbeid, er det to grunngevingar som er nemnde: Den eine årsaka er at ein tidlegare har sett at ungdom som brukar fritidsklubbar brukar meir rusmiddel enn gjennomsnittet. Den andre årsaka er påstanden om at fritidsklubb er ein arena der ein kan møte ungdom *på andre måtar* enn til dømes ein skulearena, og at ein dermed har eit anna utgangspunkt for å påverke ungdom sine haldningar til rusmiddel enn til dømes i ein skulekontekst.

I dette kapitlet skal vi sjå nærare på desse grunngevingane. I den første delen av kapitlet skal vi bruke materialet frå den landsrepresentative undersøkinga *Ung i Noreg 2002* for å undersøke om ungdom som brukar fritidsklubb skil seg frå annan ungdom med tanke på rusmiddelbruk, slik tidlegare undersøkingar har tyda på. Denne delen har som mål å undersøke om det er rett at ungdom i fritidsklubb er ei særleg viktig gruppe å nå med tanke på å førebygge rusmiddelbruk.

Dette talmaterialet er likevel ikkje tilstrekkeleg for å seie noko om på kva måtar fritidsklubb eventuelt fungerer eller kan fungere rusførebyggjande. I dette kapitlet samt i det neste er målet å gå nærare inn på korleis møtet mellom fritidsklubb som rusførebyggjande arena og ungdom som brukar legale og illegale rusmiddel går føre seg. Kapitlet vil dels vere deskriptivt, med utgangspunkt i korleis ungdomane skildrar dei måtane rusmiddel blir brukt på av dei sjølve og i lokalmiljøet elles. Ved å bruke materialet frå feltarbeidet i dei to klubbane, skal vi undersøke kva slags posisjon klubben og leiarane i høve til ungdomane sin rusbruk. Det overordna spørsmålet her er *om* og eventuelt *i kva grad* fritidsklubben er relevant for ungdomane og dei ruskulturanane dei er ein del av. Dette spørsmålet er viktig for å kunne seie noko om grunnlaget for å tenkje at leiarar i fritidsklubbar har ein posisjon som er eigna for å drive rusførebyggande arbeid ved hjelp av LØFT.

Rusbruk blant ungdom i klubb

Ung i Noreg-undersøkinga frå 2002 er ei landsrepresentativ skuleundersøking der ungdom mellom 13 og 19 år deltok. Over 11 000 unge fylte ut spørjeskjema på skulen, og svarprosenten er god (92 prosent). Nærare

detaljar om datagrunnlaget finst i ein eigen metoderapport (Rossow og Bø 2003). Analysane som er gjort her er svært enkle undersøkingar av utbreiing av rusmiddelbruk blant ungdom som oppgjev å ha vore i fritidsklubb samanlikna med ungdom som oppgjev ikkje å ha vore det. Vi har sett på heile spekteret av rusmiddel som det er vanleg å sjå på i rusmiddelundersøkingar – tobakk, alkohol, cannabis, sniffing og andre narkotiske stoff – sjølv om det som tidlegare nemnd kan vere usemje om tobakk skal reknast som eit rusmiddel i ein vanleg forstand.

Med bakgrunn i at det kan tenkjast å vere skilnadar mellom ungdom som er i fritidsklubb ein gong i veka, og ungdom som er i klubb enno oftare, kanskje tilsvarande eit skilje som mange i klubbar vil kjenne igjen som «gjestar» og «medlemmer/faste brukarar», køyrde vi først analyser som skilde mellom dei som hadde vore ein gong i klubb siste veke, og dei som hadde kryssa for å ha vore i klubb fleire gonger siste veke. Da det ikkje var eintydige mønster av skilnadar mellom desse gruppene, valde vi å slå desse gruppene saman for å gjere analysane meir oversiktlege. Vi har dermed samanlikna ungdom som har oppgitt at dei har vore i klubb ein eller fleire gonger siste veke med ungdom som ikkje har vore det. Med denne inndelinga vil det truleg vere ein del ungdomar som er i klubb ein gong i blant, men som tilfeldigvis ikkje var det veka før dei svarte på spørjeskjemaet, som er kome med i feil gruppe. Hovudtendensen i skiljet mellom ungdom som brukar klubb jamleg og ungdom som ikkje gjer det, vil likevel kome godt fram.

Først kan det vere interessant å merke seg delen av ungdomar på kvart alderstrinn som brukar fritidsklubb: I 2002 hadde 20,5 prosent av ungdomane mellom 13 og 18 år vore i fritidsklubb ein eller fleire gonger siste veke; 22, 5 prosent av gutane og 18, 5 prosent av jentene. I ei tilsvarande undersøking i 1992 hadde 27 prosent av gutane og 25 prosent av jentene vore i klubb. Det er altså ein tydeleg nedgang i delen av ungdom som brukar fritidsklubb, og denne nedgangen er lik for gutar og jenter.

Tabell. 1: Bruk av fritidsklubb siste uke etter alder. Prosent. (N= 9439)

Alder	Vore i fritidsklubb ein eller fleire gonger siste veke	Ikkje vore i fritidsklubb siste veke	Total (N)
13	28	72	100 (1457)
14	28	72	100 (1802)
15	26	74	100 (1861)
16	16	84	100 (1790)
17	11	89	100 (1965)
18	9	91	100 (564)

Tabellen viser at bruken av fritidsklubbar naturleg nok varierer med alder. Tendensen er at det er mest populært for dei yngste tenåringane, og at det går relativt bratt nedover frå 16 år og utover. I 2002 hadde 28 prosent av 13 og 14-åringane vore i klubb og medan berre 11 prosent av 17-åringane hadde vore det.

Variasjonen i delen av det totale ungdomskullet som brukar klubb er viktig å ha med seg når vi nå skal analysere tal som gjeld rusmiddelbruk på ulike alderstrinn: På dei lågare alderstrinna er tala vi samanliknar relativt store, medan det på dei høgare alderstrinna er ein liten del av ungdomane som er klubb-brukarar. Når vi kjem til relativt marginale fenomen – som til dømes spørsmål om sniffing og eksperimentering med andre narkotiske stoff enn cannabis, vil det særleg for dei høgare alderstrinn vere svært små tal vi samanliknar. Dei vidare analysane blir gjort berre opp til 17 år, ettersom svært få av 18-åringane oppgjev å ha vore i fritidsklubb.

Oversikt over førekomst

I analysane konsentrerte oss om samanhangen mellom det å ha vore i fritidsklubb eller ikkje og det å bruke rusmiddel, og vi såg på kva kjønn og alder hadde å seie for desse skilnadane.¹²

Dei sterkaste samanhengane mellom fritidsklubb og rusmiddelbruk fann vi for røyking. Samanhangen var sterk på mange alderstrinn og for begge kjønn. Den same, sterke¹³ samanhangen finn også Pedersen (1993). I analysane laga vi ein todelt kategori; aldri røykt eller røykt før, og røyker av og til eller dagleg. Samanhengane mellom det å røyke av og til eller dagleg

¹² Vi såg også overflåtisk på ein del andre variablar, som ungdom som brukar fritidsklubb sine haldningar til skule, og familiesamansetjing (bur saman med ein eller to foreldre osv.). Vi fann ingen signifikante skilnadar mellom desse gruppene på desse områda. Vi undersøke ikkje skilnadar mellom sosioøkonomisk bakgrunn hjå ungdom i fritidsklubb samanlikna med anna ungdom, sjølv om Pedersen (1999) finn relevante skilnadar her. Slike analyser ville krevje eit meir omfattande arbeid enn det er rom for i denne undersøkinga.

¹³ Når vi snakkar om sterke samanhengar i statistiske analysar viser dette til omgrepet statistisk signifikans. Dette blir forklart på følgjande måte i Storvoll og Krange (2003). At skilnadar i til dømes prosentnivå er statistisk signifikante vil seie at dei er store nok til at dei ikkje skuldast tilfeldigheter i utvalet. Det er vanleg å vise til tre ulike signifikansnivå, som også skal brukast her: $p < 0,05$ (*), $p < 0,01$ (**) og $p < 0,001$ (***). Dess lågare verdi p har (eller jo fleire asteriksteikn), dess meir markerte er gruppeskilnadane. Dette blir i teksten uttrykt som at samanhengen er sterk. I denne presentasjonen vil vi også vise til nokre prosentkilnadar som ikkje er statistisk signifikante (fordi utvala er så små), men som likevel kan peike mot ein konsekvent tendens til skilnad mellom ungdom som har vore i fritidsklubb og ungdom som ikkje har vore det.

og det å ha vore i fritidsklubb ein eller fleire gonger sist veke var sterk for begge kjønn på alderstrinna 14 og 15 år. Av dei 14-årige jentene som *ikkje* hadde vore i fritidsklubb var det 21 prosent av jentene som røykte av og til eller dagleg. For dei 14-årige jentene som *hadde* vore i fritidsklubb ein eller fritidsklubb sist veke var det heile 40 prosent som røykte av og til eller dagleg. Av 14-årige jenter i fritidsklubb er det altså ein nesten dobbelt så stor del som røyker samanlikna med dei som ikkje har vore i klubb. For dei 14-årige gutane var ikkje skilnaden like stor, men framleis tydeleg: 19 prosent av gutane som ikkje hadde vore i fritidsklubb sist veke røykte av og til eller dagleg, medan 30 prosent av gutane som hadde vore i fritidsklubb gjorde det. Samanhengen mellom røyking og fritidsklubb er sterkare for jenter enn for gutar blant dei yngste klubbgåarane, 13-åringane, medan samanhengen for gutar er sterkare i dei høgare alderstrinna, altså 16 og 17-åringane.

Spørsmåla om erfaring med alkohol og andre rusmiddel var formulert på følgjande måte: «Har du vore med på eller gjort noko av dette det siste året – dei siste 12 månadene?», med «Drukke så mykje at du har følt deg tydeleg rusa», «Brukt hasj eller marihuana», «Sniffa» og «Brukt andre narkotiske stoff som kokain, LSD, ecstasy, amfetamin, heroin eller noko anna» som svaralternativ. Ungdomane skulle så krysse av for kor mange gonger dei hadde gjort dei ulike handlingane. Vi har laga såkalla dikotome variablar for våre analysar, slik at vi skil mellom dei som ikkje har gjort det, og dei som har gjort det ein eller fleire gonger.

Det siste tiåret har det vore ein sterk tendens i retning av auka alkoholbruk blant norske tenåringar totalt. Aukinga har vore særleg sterk blant jenter (Skretting og Bye 2003). Korleis er skilnadane mellom ungdom i fritidsklubb og ungdom som ikkje bruker fritidsklubb?

Når vi undersøkte desse skilnadane etter kjønn, men ikkje alder, fann vi relativt sterke samanhengar mellom det å vere i fritidsklubb og det å ha vore full for gutar, men ikkje for jenter. Vi avgjorde difor å køyre analyser som kunne få fram skilnadar mellom dei ulike alderstrinna for gutter og jenter. Vi presenterer her tabellane som viser funna for jenter og gutar på ulike alderstrinn når det gjeld erfaringer med å ha vere full.

Tabell 2: Jenter. Drukke så mykje at du har følt deg tydeleg rusa minst ein gong siste 12 månad etter alder. Prosent (N=4451)

Alder	Har vore i fritidsklubb ein eller fleire gonger siste veke	Har ikkje vore i fritidsklubb siste veke	Total (N)
13***	21	11	14 (106)
14***	49	27	33 (302)
15***	66	47	52 (483)
16*	78	67	69 (592)
17(ns)	74	76	76 (740)

***p<0,001. *p<0,05. ns = Ikkje signifikant samanheng

Tabell 3: Gutar. Drukke så mykje at du har følt deg tydeleg rusa minst ein gong siste 12 månad etter alder. Prosent (N=4303)

Alder	Har vore i fritidsklubb ein eller fleire gonger siste veke	Har ikkje vore i fritidsklubb siste veke	Total (N)
13*	23	15	17 (114)
14**	38	28	31 (262)
15***	64	43	47 (345)
16(ns)	69	64	65 (592)
17(ns)	78	78	78 (761)

*** p<0,001. ** p<0,01, * p<0,05, ns = Ikkje signifikant samanheng.

Desse tabellane viser at det på visse alderstrinn er ein større del av ungdomane som har vore i fritidsklubb ein eller fleire gonger sist veke som oppgjev å ha vore fulle minst ein gong siste år, samanlikna med dei ungdomane som *ikkje* har vore i klubb siste veke. Det er også viktige kjønna mønster når det gjeld samanhengane mellom det å ha vore i klubb og det å ha vore full som til dels samsvarer med mønstra når det gjeld røyking. For jentene er det ein sterk samanheng mellom fritidsklubb og erfaring med å ha vore full for 13, 14 og 15 åringar, medan samanhengen blir svakare for 16-åringane og forsvinn heilt for 17-åringane. Dette samsvarer med mønsteret vi såg for jenter og røyking ovanfor. For gutane samsvarer ikkje mønsteret for det å ha vore full i same grad med røykemønsteret. For gutane er det ein svak samanheng mellom det å ha vore full og ha vore i fritidsklubb for 13-åringane, men denne samanhengen blir sterkare for 14-åringane og enno sterkare for 15-åringane. Frå denne sterke samanhengen for 15-åringane er det ingen statistisk signifikant samanheng for 16- og 17-åringane. Jentene i klubb synest altså å vere tidlegare ute med å vere berusa enn jamaldrande jenter som ikkje går i klubb, og dei held fram med å ha fleire slike erfaringar også opp til 16 år. Dei 14- og 15-årige gutane som er klubb-brukarar er også

litt tidlegare ut enn jamaldringane, men så jamnar dette seg ut når dei blir 16, og det er ikkje lenger skilnadar mellom gutar i og utanfor klubb når det gjeld erfaringar med å ha drukke seg full på alkohol

Når det gjeld cannabis finn vi mindre tydelege samanhengar enn for tobakk og alkohol. Dei sterkaste samanhengane når det gjeld cannabis finn vi for dei 14-årige jentene, men det er også ein tydeleg samanheng for jentene på 15 år. For gutane er det svake samanhengar for alderstrinna 15 og 16. Om ein ser på 15-åringane, er det åtte prosent av gutane som ikkje har vore i fritidsklubb som har erfaring med cannabis, medan tolv prosent av dei som har vore i klubb har slike erfaringar. For jentene er skilnaden noko større; der har 5,5 prosent av jentene som ikkje har vore i klubb erfaring med cannabis, medan 10,5 prosent av jentene som har vore i klubb har slike erfaringar.

Felles for tobakk og alkohol er altså at samanhengen mellom rusbruk og fritidsklubb gjeld for yngre jenter og for litt eldre gutar. Om ein ser nærare på prosentdelen av ungdom med og utan erfaring med cannabis på dei trinna der det ikkje er sterke nok samanhengar til at dei er statistisk signifikante, ser vi også at det er ein konsistent mønster i materialet som viser at ein litt større del av ungdomar som har vore i fritidsklubb i heile aldersspennet har erfaringar med cannabis samanlikna med ungdom som ikkje har vore i fritidsklubb.

Sniffing viser ein tilsvarande trend, men med mindre skilnadar. Også her er samanhengane sterkast når det gjeld jenter, men berre statistisk signifikant når det gjeld dei 14- og 15-år gamle jentene. Samanhengen er sterkast for dei 15-år gamle jentene: Av dei som *ikkje* har vore i fritidsklubb siste veke, har fire prosent erfaring med å sniffe, medan nesten ti prosent av dei som *har* vore i fritidsklubb har slike erfaringar. Når det gjeld andre narkotiske stoff, er det ein svak samanheng ($p < 0,05$) mellom fritidsklubb og slike erfaringar for 15-åringane både når det gjeld gutar og jenter. Tre prosent av dei 15 år gamle gutane som *ikkje* har vore i fritidsklubb har prøvd narkotika, medan seks prosent av gutane som *har* vore i fritidsklubb har prøvd. For jentene på 15 har 1,5 prosent av dei som *ikkje* har vore i fritidsklubb prøvd narkotika, medan 4,5 prosent av jentene som *har* vore i fritidsklubb har prøvd det same. Det er ein signifikant samanheng også for 16-årige gutar, medan det for dei andre alderstrinna ikkje er signifikante samanhengar. Likevel er det verdt å merke seg at ein både når det gjeld sniffing og andre narkotiske stoff finn det same mønsteret som når det gjeld cannabis; altså eit konsekvent mønster der ein litt større del av ungdomar i fritidsklubb frå og med 14-årsalderen har erfaringar med desse rusmidla enn blant ungdom som ikkje har vore i fritidsklubb.

Mønster i rusbruk og konsekvensar for forebygging

Tala som blir presenterte her er altså utelukkande ein analyse av førekomst av ulike rusmiddel blant ungdom som brukar fritidsklubb samanlikna med ungdom som ikkje gjer det. Vi har ikkje kontrollert for sosioøkonomisk bakgrunn eller andre forhold som ein vanlegvis tek med i analysane for å undersøke kva faktorar som verkar sterkast inn på ein statistisk samanheng. Vi veit med andre ord ikkje om det er fritidsklubben i seg sjølv som gjer at ungdom som har vore i klubb brukar meir rusmiddel enn andre ungdomar på visse alderstrinn. Vi har berre slått fast at ein i fritidsklubb har sjanse for å møte ein større konsentrasjon av ungdomar til dømes i 14-15-årsalderen som har erfaringar som det å ha vore full, enn om ein tek ei tilfeldig vald gruppe av ungdomar som *ikkje* har vore i klubb. Men dermed har vi også slått fast at dersom målgruppa for fritidsklubbane er ungdom med tendensar til risiko-åtfærd, mellom anna når det gjeld rusåtfærd, så har dei lykkast med å nå denne gruppa.

I artikkelen «Forebyggende foreningsliv» som vi refererte kort til i innleiinga, såg Pedersen (1993) nærare på kjenneteikn ved ungdomar som er med i ulike typar organisasjonar, også fritidsklubbar.¹⁴ Funna som blir presenterte i denne artikkelen er gjort på bakgrunn av ei undersøking der ein har følgd fleire ungdomar over tid, eit såkalla longitudinelt materiale, og slike data kan gje ei djupare forståing av relasjonen mellom fritidsklubb og ungdoms erfaringar med rusmiddel.

Gjennom å sjå på kjenneteikn ved ungdom som er medlemmer i ulike organisasjonar, fann Pedersen at relativt ulike ungdomsgrupper trekkjer mot nokså ulike miljø. Eit kjenneteikn ved fritidsklubbar er at dei rekrutterer ungdom som ofte kjem frå lågare sosial klasse og som oftare hadde opplevd samlivsbrot hjå foreldre (ibid.: 202). Pedersen fann at 43 prosent av ungdomane som var klubbbrukarar hadde foreldre som ikkje budde saman, medan 28 prosent av totalutvalet hadde det (ibid.).¹⁵ Pedersen fann også at foreldra til klubbbrukarar oftare røykte, noko som samsvarer med at røyking er meir utbreidd i lågare sosiale lag. Analysane tyda ikkje på at klubb-ungdom oftare kom frå heimar som har eit høgare alkoholforbruk enn andre ungdom, noko som også er som forventa på bakgrunn av at alkoholforbruket er størst i høgare sosiale lag (ibid.: 210). Analysane tyder likevel på at

¹⁴ I Pedersen sitt materiale var eit påfallande funn at ungdom som gjerne har blitt betrakta som sær s risikoutsett – ungdom som ikkje deltok i noko organisert aktivitet eller organisasjonar – faktisk hadde den lågaste risikoen for utvikling av rusbruk (ibid.: 206).

¹⁵ I *Ung i Norge 2002* såg denne skilnaden ut til å ha forsvunne.

ungdom som går i klubb blir rekrutterte frå miljø der *vener* har nokså høgt forbruk av rusmiddel (ibid.). Pedersen framhevar at det er vanskeleg å kome fram til eit eintydig bilete når det gjeld årsakene til skilnadane mellom ungdom i klubb og annan ungdom. Han meiner likevel at funna i dette materialet tyder på at ungdom i klubb oftare er kjenneteikna av typiske risikofaktorar for å utvikle ulike typar problem, og han trekkjer dermed den konklusjonen at klubbane faktisk organiserer dei ungdomane dei er tenkt å gjere (ibid.: 210).

Men seier funna i denne artikkelen noko om det er slik at rusforbruket blant ungdom aukar som ein konsekvens av «jamaldersosialisering», slik dei svenske undersøkinga som også blei referert til i innleiinga gjorde? Pedersen fann at cannabisforbruk auka når ungdom som røykte hasj slutta i klubben, eller sklei vekk frå annan organisert aktivitet (Pedersen 1993: 206, Pedersen 1998: 113) Når ein såg på samanhengen mellom hasjbruk og drop-out frå fritidsklubb, var det ikkje store skilnadar mellom dei som blei verande medlemmer og dei som fall ut. Analysane tyda på at det ikkje var fleire «drop-outs» mellom dei som hadde prøvd hasj enn mellom dei andre medlemene. Derimot fann ein at mellom dei som sklei vekk i dei eldste aldersklassene, var det ein tendens til at fleire heldt fram med eit allereie etablert mønster av hasjbruk, enn om ein samanlikna med den gruppa som blei verande i klubben (ibid.: 207).

Kva tyder dette for spørsmålet om i kva grad klubben faktisk påverkar ungdomane sin bruk av rusmiddel, som til dømes hasj? Er det slik at så lenge klubben greier å halde på ungdom som eksperimenterer med hasj, unngår ein at dei aukar omfanget av røykinga? Eller spelar klubben eller dei andre aktivitetane lita rolle for utviklinga i hasjbruken? Desse spørsmål er det vanskeleg å gje eintydige svar på. Materialet frå dei to klubbane kan gje eit bakteppe for å forstå meir av desse tendensane.

Klubbane i lokale ruskulturar

I denne delen av rapporten skal vi gå nærare inn på dei to fritidsklubbane sine posisjonar i lokale ruskulturar. Med posisjon tenkjer vi her på korleis klubben blei oppfatta med omsyn til klubbbrukarane sin rusmiddelbruk i lokalmiljøet. Vidare skal vi sjå på om ungdomane meinte at klubben påverka deira rusmiddelbruk, og i kva grad leiarane opplevde at dei var i ein posisjon som gjorde det mogleg å påverke haldningar til rusbruk. Inntaket til denne kunnskapen er ungdom og tilsette sine eigne oppfatningar, ikkje målingar av skilnadar i rusmiddelbruk mellom klubbungdom og annan ungdom.

Ungdom og tilsette både i Bjørkelia og Almåsen hadde inntrykk av at folk i lokalmiljøet meinte at klubbane ikkje rekrutterte dei «flinkaste og snillaste» ungdomane i lokalmiljøet. Dette var tydelegast i Bjørkelia, der særleg fleire av jentene var svært medvitne om at det å gå i klubben mellom jamaldringane var assosiert med det å «ikkje ha noko liv», slik vi har nemnd tidlegare. For begge klubbane var også dette omdømmet delvis knytt til rusmiddel. I Almåsen var det særleg sambandet mellom klubben og røykarar som var tydeleg. I Bjørkelia blei klubben assosiert med ungdom som gjekk mykje på fest, og til dels med ungdomar som hadde vore involvert i eit lokalt hasjmiljø tidlegare. I Bjørkelia fortalde både leiarar og ungdomar at mange foreldre ikkje ønskte at barna deira skulle byrje i fritidsklubben fordi dei frykta at i klubben ville dei lære å røyke og drikke. Klubbleiarane gav uttrykk for at dei opplevde slike rykte som urettvise og urimelege, ettersom klubbane var rusfrie tiltak. Tore, leiaren i Bjørkelia, uttrykte til dømes stor frustrasjon over at han av og til fekk høyre om foreldre som nekta ungdomane sine å bli med på turar i regi av klubben, fordi det etter sigande «berre var drikking» på desse turane. Faktum var, i følgje Tore, at dei aldri hadde opplevd problem med drikking i alle dei åra turane hadde funne stad.

I det følgjande skal vi sjå nærare på forteljingar om ulike rusmiddel i dei to klubbane.

Tobakk

I begge fritidsklubbane var det mange ungdomar som røykte. Det å «gå ut og røyke» var eit fast element i samhandlingsmønsterane i begge klubbane. I Almåsen gjekk røykinga føre seg ved inngangen der det vanlegvis stod ei stor gruppe ungdomar samla. Nokre av ungdomane i Almåsen svarte på spørsmålet om kvifor dei byrja i fritidsklubben, at det var «Fordi jeg hadde begynt å røyke». Dette peikar mot ein idé om at ungdomane som trekte mot klubben var ungdomar som røykte, og at det å byrje å henge med dei som røykte også blei ein invitasjon inn i klubbmiljøet. Ei 13-år gamal jente i Almåsen sa da også følgjande om kva slags inntrykk dei som *ikkje* brukte klubben hadde av klubbungdom: «De fleste som ikke er her, de røyker jo ikke, ikke sant. Og da blir det sånn at 'Her er det så jævla mange røykere, så da går vi ikke hit!'»

For leiarane i Almåsen var tobakk eit nokså uproblematisk rusmiddel, og dei tolererte i høg grad at ungdomane røykte. Tove og Bente, to av dei kvinnelege leiarane røykte sjølve, og dei kunne røyke saman med ungdomane ute. Den eine mannlege leiaren, Geir, gjorde eit stort poeng av at han var imot røyk av helseårsaker, men han var likevel ofte ute ved

inngangen for å snakke med ungdomane medan dei røykte. Geir kunne gjerne på venskapleg vis småerte både ungdom og vaksne som røykte. Ei 16 år gamal jente som hadde fått mykje hjelp i klubben, og som hadde eit særskilt godt forhold til Geir, sa at ho var blitt motivert til å slutte å røyke på grunn av han. Ho fortalde at noko av det verste med at ho ikkje hadde fått det heilt til, var at ho kom til å skuffe Geir.

Røyking som sosial aktivitet syntes ikkje like sentral i Bjørkelia som i Almåsen. I Bjørkelia blei regelen om at det ikkje var lov til å røyke på trappa utanfor innskjerpa i løpet av hausten, og dei som røykte måtte dermed trekke litt lenger unna. Det å gå ut og røyke blei gjerne kombinert med å gå ut for å sjå på mopedar eller for å prate. Med unnatak av Marianne, den eldste av leiarane, som også var den som snakka mest med ungdomane om rus, deltok ikkje leiarane i ungdomane si røyking. Marianne såg ut til å nytte røykefellesskapet ute til samtale med ungdomane, både gutar og jenter. Det at røykepausane ute blei eit godt høve til samtale, må sjåast i samanheng med tendensen til at fortrulege samtaler helst fann stad utanfor hovudrommet i klubblokala, slik vi har nemnd ovanfor.

Alkohol

Til skilnad frå tobakk, var temaet alkohol på enkelte måtar meir tilstades i Bjørkelia fritidsklubb enn i Almåsen. Dette hadde truleg direkte samanheng med opningstider: Almåsen hadde ope tidlegare på ettermiddagen og ikkje på fredagar, medan Bjørkelia hadde fredagsope frå sju til halv tolv, og ein del av hausten også ope på laurdagskveldar. Å vere leiar i Bjørkelia på fredagar innebar difor at ein måtte passe på at klubben var ein rusfri stad også desse kveldane. Dette kravde litt ekstra erfaring og evne til observasjon, meinte fleire. Almåsen hadde tidlegare hatt fredagsope, men slutta med det – mellom anna fordi det var lite folk på desse kveldane. Anders, ein av leiarane i Almåsen, gav uttrykk for at han var letta over at han ikkje lenger måtte ha denne kontrollfunksjonen.

I begge klubbane var ungdomane si støtte til at klubben skulle vere ein rusfri stad klar: «Ellers ville det blitt helt kaotisk,» sa ein gutane i Bjørkelia. Gjennom feltarbeidet fekk eg likevel inntrykk av at det var ein viss skilnad mellom ungdomane i dei to klubbane i synet på om klubben skulle blande seg inn i ungdomane sitt rusforbruk utanfor klubben. Eg vil argumentere for at dette illustrer ein skilnad i ungdomane si oppfatning av kva ein klubbleiar skulle vere, og eit par hendingar der dette blei tydeleg skal viast litt plass her.

Som vi var inne på i presentasjonen av dei to klubbane, blei tre ungdomar i Bjørkelia seint på hausen utviste fordi dei hadde gått inn på

klubben etter å ha drukke alkohol. Dei fleste meinte at det var vanskeleg å gå på fest og på klubben same kveld fordi leiarane var så flinke til å oppdage kven som har drukke, «De oppdager det med en gang,» sa fleire av ungdomane. Likevel hadde nokre ungdomar prøvd seg ein fredagskveld. Klubbleiaren Tore fatta mistanke, og ungdomane blåste raudt på klubben sitt alkometer. Tore meinte at grunnen til at dei prøvde seg var at det hadde vore vikarar ein del fredagar på rad, og at desse ikkje hadde hatt erfaring nok til å oppdage om nokon hadde drukke. «Vi hadde bare tenkt oss innom før vi skulle videre», kommenterte ein av dei som blei utviste for drikking.

I samband denne episoden blei ein annan gut i ungdomane si forståing «utvist for livet», fordi han hadde kjøpt øl til mindreårige på klubben. Denne guten hadde fylt 18 og hadde i alle tilfelle sin siste haust som klubbbrukar. Saka kom opp ved at ein av dei klubbtilsette som arbeidde i nærleiken av den lokale matvarebutikken hadde observert guten med bæreposar med øl som openbart ikkje berre var tiltenkt eige forbruk. Dette hadde skjedd fleire gonger i løpet av hausten, men det var først i etterkant av eit personalmøte i samband med den andre alkoholsaken, at dette kom opp.

Avgjerda om at denne guten skulle utvisast «for livet» fall ikkje i god jord hjå guten sin kameratgjeng. Hovudinnvendinga gjekk på at dette ikkje hadde noko med klubben å gjere, og at personen som hadde sagt i frå om ølkjøpet «ikke skjønner forskjellen på klubb og fest». Denne hendinga og reaksjonane frå ungdomane kan tyde på at i alle fall for ein del av ungdomane blei ikkje klubben og leiarane sett på som ein institusjon som hadde noko med deira liv og aktivitetar *utanom* klubben å gjere.

Eit anna døme underbygger denne forståinga av Bjørkelia si rolle for ungdomane: Denne hausten var det mykje merksemd i lokalmiljøet rundt privatfestar der mange ungdomar deltok. Lokalavisene skreiv om gigantiske festar med mykje fyll og øydelegging av innbu. Svært unge ungdomar var i følgje avisene festarrangørar, utan at det var foreldre til stades. Store flokkar med ungdomar blei stadig observert på vandringar mellom slike private festlokale. Både hærverk og vald følgde i kjølvatnet av desse vandrane ungdomsflokkane. Avgjerda om å halde klubben open også på laurdagar var ein direkte respons frå klubben på dette nye festmønsteret, og håpet var at ungdomane skulle trekke inn på klubben i staden for å vere ute og drikke og lage bråk.

Men både ungdomane og leiarane sine rapportar tyda på at som tiltak for å redusere festinga, var laurdagsopninga langt frå vellukka: «Lørdag, det er festdagen, det», understreka mange av ungdomane i klubben uttrykkeleg som forklaring på kvifor det var uaktuelt å gå på klubb denne kvelden.

Besøksboka tyda på at berre eit titals ungdomar var innomhus desse kveldane, dei fleste av dei ungdomar som kom for å spele biljard og som likevel ikkje ville ha vore ute for å feste. I motsetnad til laurdag, var fredag litt meir aktuell som klubbkveld, men i første rekke dersom det ikkje var fest nokon stad, hevda fleire av gutane. Ein gut som sjølv aldri ville ha gått på klubben på ein laurdag meinte likevel at tiltaket kunne vere fint for dei yngre, 8. klassingane til dømes: «Men de kommer jo i den alderen, de og», uttalte han, og refererte til at når alderen for å byrje å gå på fest var nådd, ville det i alle tilfelle vere vanskeleg å motivere ungdomar til å gå på klubben i helgene.

Døma ovanfor tydar på at klubben ikkje i så stor grad blei oppfatta som relevant for ungdomane sin rusbruk, utover det at klubben var ein rusfri stad. Som rusfri arena blei han for den dominerande gjengen på klubben dermed nesten utelukka som ein stad å vere på tidspunkt når det var mogleg å gå på fest. Den gruppa som ikkje var interessert i fest, tok likevel imot tilbodet. Det mest sentrale poenget her er kanskje likevel at klubben og leiarane for ein stor del av ungdomane ikkje blei oppfatta som ha å legitimitet til å bry seg om kva ungdomane gjorde på fritida.

Eit utdrag frå eit intervju med ei av jentene i Bjørkelia kan også underbygge dette:

Intervjuar: Tror du det betyr noe for ungdom hva klubblederne mener om at ungdom drikker?

Jente: Nei

Intervjuar: Tror du ikke det? Hvorfor ikke det?

Jente: Fordi de på en måte skal være der som kompisene dine, ikke som foreldre.

Intervjuar: Ok, så klubbledere skal være kompisar?

Jente: Ja... Bli litt mer. Selvfølgelig, det blir ikke akkurat forbilder heller, det blir litt mer... kompisar du godt kan betro deg til: «Åh, det skjedde i helga». Uten at du på en måte får noe pes for det. (Jente 17)

Jenta i sitatet ovanfor var mellom dei ungdomane i Bjørkelia som var mest kontaktsøkjande overfor leiarane, og som brukte ein stor del av tida si på klubben til å sitje på kjøkkenet og snakke med leiarane, særleg Tore. Jenta vil gjerne fortelje om opplevingar på fest i helga, men ho seier at ho ikkje vil ha «pes» – kritiske kommentarar – frå leiarane. Det er ikkje deira oppgåve, meiner ho.

Dette stilte seg noko annleis for ungdomane i Ålmåsen fritidsklubb, og vår påstand er at dette hadde med innhaldet i klubbleiarane sine stillingar å gjere. Kombinasjonen av rolla som klubbleiarar og feltarbeidar eller ute-

kontakt for Bente og Geir syntes å medverke til at ungdomane aksepterte at dei oppsøkte ungdom også på arenaer utanom klubben og brydde seg om kva som gjekk føre der. Måten ungdomane reagerte på leiarane sine besøk på ein arena for utefestar illustrer dette. Mange av ungdomane i Almåsen hadde ein felles festreferanse som stadig blei trekt fram, særleg på byrjinga av hausten, da sommaren enno var friskt i minne. «Nygårdsfestane»¹⁶ hadde vore eit fast fredagsinnslag nesten heile sommaren. Initiativtakarane til desse festane var sentrale i miljøet på klubben, og ein stor del av ungdomane syntest å vite mykje om kva som skjedde der, anten dei sjølve hadde vore med på festane eller ikkje. Festane hadde etterkvart fått ein del merksemd i lokalavisa, både på grunn av klagar frå naboane og på grunn av at det hadde vore svært unge ungdomar til stades som hadde drukke alkohol. Bente og Geir hadde som feltarbeidarar vore innom festane nokre gonger. Dei hadde også hatt ei oppslag i avisa der dei oppmoda foreldra i lokalmiljøet om å orientere seg betre om kva ungdomane deira gjorde om kveldane.

Korleis reagerte så ungdomane på at Geir og Bente kom til festane? Fleire av ungdomane fortalde at dei yngste hadde sprunge og gøymd seg når Bente og Geir kom bortom festplassen fordi dei var redde for at dei kom til å ringe heim til foreldra. Nokre av dei litt eldre ungdomane som hadde vore med på å organisere festane, meinte at avisoppslaga om festane var overdrivne og feilaktige. For eit par gutar syntes dette å ha medverka til at dei ikkje likte leiarane så godt lenger. Når eg spurde ungdomar om kvifor Bente og Geir hadde gått til desse festane, var svaret likevel vanlegvis «For å se hvordan det gikk med oss.» Trass i at besøka blei oppfatta som ein slags kontroll som innebar risiko for sanksjonar, verka det altså som besøka blei tolka som omsorg og interesse for ungdom frå leiarane si side. Vidare var det påfallande at ungdomane oppfatta leiarane sitt besøk på ein utandørsfest som ein sjølvstøtt del av det at dei var ungdomsleiarar. Det var med andre ord ein stor grad av aksept for at leiarane kunne bry seg om det ungdomane gjorde utanom fritida.¹⁷

¹⁶ Oppdikta namn, det eigentlege namnet referer til ein geografisk stad i lokalmiljøet.

¹⁷ I løpet av hausten var det også andre døme på at klubbleiarane/feltarbeidarane greip inn i og uttalte seg i media om negative aktivitetar som ungdomar i lokalsamfunnet dreiv med. Ved eit høve gjekk ei ungdomsgruppe ut i pressa og meinte at gruppa var blitt framstilt på ein feilaktig måte av Geir i eit oppslag eit par dagar tidlegare. Dei uttrykte altså usemje med hans tolking av hendingane, men oppslaget tyda ikkje på at dei stilte spørsmålsteikn ved hans rett til å bry seg med det som gjekk føre seg i ungdomsmiljøet. Fleire av ungdomane i denne gjengen var også faste i Almåsen fritidsklubb, og Geir arbeidde mykje målretta med desse ungdomane med problematikk knytt til vald.

Med tanke på at opplæringa som leiarane skulle få i samband med dette prosjektet gjekk på å samtale med ungdom om rus, er det også relevant å sjå på korleis ungdom og leiarar fortalde at dei snakka med kvarandre om alkohol. Intervjumaterialet tyda på små skilnadar mellom klubbane når det gjaldt i kva ungdomane oppfatta at leiarane *formidla* om alkohol. Det direkte svaret på spørsmålet om leiarane snakka om rus, eller fest, eller drikking,¹⁸ var stort sett at leiarane ikkje snakka noko særleg om det. Typiske svar kunne vere «I alle fall ikke som jeg har hørt» eller « I alle fall ikke med meg». Dette generelle spørsmålet om leiarane snakka om drikking blei med andre ord oppfatta som eit spørsmål om denne konkrete ungdomen hadde blitt snakka med om problematisk rusbruk. På spørsmål om kva leiarane sa om festar, var eit vanleg svar at leiarane kunne spørje om kvar det var festar og seie ting som «Ver forsiktig». Dei kunne også få forteljingar om kva som hadde skjedd på festane i etterkant. Jenta i intervju-utdraget ovanfor sa dette om korleis leiarane snakka om rus:

Jente: Han [*en av lederne*] kan for eksempel spørre hva jeg gjorde i helga, og så sier jeg «Var på fylla».

Intervjuar: Hva sier han da?

Jente: Nei, så ler han kanskje litt. Og så forklarer jeg hele situasjonen.

Intervjuar: Og så sier han?

Jente: Nei, han sier ikke så mye.

Intervjuar: Tror du han synes det er greit at ungdom drikker?

Jente: Jeg veit ikke. Jeg tror ikke han... Jeg tror ikke han har gitt uttrykk for at han har så veldig mye mot det liksom. Men du får ikke lov til å komme inn her hvis du har drikk, liksom. Han tar deg jo da. Men jeg tror ikke han har noe sånn «Nei, ikke drikk». (Jente 17)

Vidare var det ei så godt som unison oppfatning om at det ikkje betydde noko for ungdom kva leiarane sa om drikking. Det var også stor semje om at leiarane nok i større eller mindre grad aksepterte at ungdom drakk, i alle fall så lenge det dreidde seg om ungdom og ikkje barn, fordi drikking likevel ikkje var noko leiarane kunne gjere noko med. Eit vanleg argument for at leiarane nok innerst inne aksepterte drikking blant ungdom var dessutan at dei jo hadde vore unge sjølv ein gong, og sikkert visste korleis det var. Eit utdrag frå eit intervju med ein gut i Bjørkelia illustrerer også dette:

¹⁸ Alle orda blei brukt i ulike formuleringar for at eit breiast mogleg spekter av assosiasjonar skulle vekkast.

Intervjuar: Men festing og sånn, som Marianne spør om. Hva tror du lederne her synes om det?

Gut: Jeg tror ikke det er *det* de har så mye meninger om, for det gjør de fleste her uansett. Det gjør jeg også hvis jeg er på en fest, så kan jeg drikke noen øl og... Det gjør alle som er her nå i alle fall. Alle som er her nå, i hvert fall, drikker når du er på fest.

Intervjuar: Synes lederne det er dumt. Hvis du fortalte det til Tore?

Gut: Jeg veit ikke, han kan jo ikke gjøre noe med det *han*. Det er jo i så fall foreldrene sin oppgave å gjøre noe med det hvis de ikke liker det. Men... Det... de kan si at det er dumt og sånn, men de kan ikke gå rundt på lørdagskveldene og si at vi ikke skal drikke.

Intervjuar: Betyr det noe for ungdom hvis for eksempel Tore synes det er dumt

Gut: Jeg tror ikke noen bryr seg om det, for å være ærlig. Men det kan jo kanskje bli mindre kult. (Gut 16)

På bakgrunn av dette er det rimeleg å seie at alkohol blei oppfatta som eit rusmiddel ein *kunne* snakke med leiarane om. Dette gjaldt både i Bjørkelia og Almåsen. Ettersom samtaler hadde ein meir sentral plass i Almåsen enn i Bjørkelia, syntes det likevel å vere skilnadar når det gjaldt kor mykje det blei snakka om alkohol. Intervjua med leiarane viser at leiarane i Bjørkelia meinte at dei snakka relativt lite om rusmiddel med ungdomane i klubben, medan særleg Bente og Geir i Almåsen sa at dei snakka relativt mykje om dette temaet. Det kan også hende at det å snakke om drikking *innebar* noko anna i Almåsen ettersom relasjonane mellom leiarar og ungdom i denne klubben var nærare, og ettersom leiarane hadde ei rolle som vaksenpersonar som i større grad blei oppfatta som å vere involverte i ungdomane sine liv også utanom klubbkonteksten.

Ein kan få inntrykk av at det var ein motsetnad mellom den tydelege haldningane leiarane meinte at dei formidla når det gjaldt dette rusmidlet, og måten ungdomane oppfatta at leiarane innerst inne aksepterte det at ungdom drakk som ein uunngåeleg del av ungdomstida. Denne motsetnaden må sjåast i samanheng med at alkohol på mange måtar blir sett på som eit legitimt rusmiddel og at det at ungdom debuterer med alkohol før dei eigentleg er gamle nok blir rekna som normalåtferd. Konsekvensen av dette var at alkohol – trass i at leiarane eigentleg ikkje aksepterte at ungdomane drakk – likevel var eit legitimt samtaletema mellom leiarar og ungdom i begge klubbane. Bente sa følgjande om korleis ho snakka med ungdom om alkohol:

Bente: Ja, hvis noen snakker om at i helga var jeg kjempedrita og sånn, for eksempel, så tar vi – sier – snakker jeg jo alltid om det. Altså –

Intervjuar: Hva sier du?

[...]

Bente: Ja, da sier jeg at du kan ikke drikke før du er 18 år, vet du. Sånn er det bare. Og da – og så sier jeg noe om at den som begynner å drikke tidlig drikker mye mer som eldre, for eksempel. Det er viktig å ha gode holdninger på det. Klart – eller altså jeg forstår at dere smaker og sånn – Jeg kan ikke lyve og si at ikke jeg skjønner det, for det skjønner jeg jo.

Intervjuar: Ja.

Bente: Men det er dumt å drikke seg full ... Og i hvert fall hvis det er jenter og sånn, så sier jeg det – Du mister jo en del hemninger, ikke sant... Og du kanskje gjør noe som du angrer på. Og gutta også – De kan fort komme opp i bråk. Og også komme opp i situasjoner som de ikke ønsker å være.

Leiarane i Almåsen la i intervjuet vekt på å vere vaksenperson som var tydelege når det gjaldt å formidle kva dei stod for når det gjaldt rusmiddel. Bente var oppteken av motsetjinga mellom det å på den eine sida vere klar over at når ungdom blir 15-16 år, så byrjar dei ofte å drikke, og på den andre sida vere heilt tydeleg på at ho ikkje aksepterte at ungdom drakk. Ho meinte vidare at det å ha ei tydeleg grunnhaldning medførte at i ein samtale med ein ungdom til dømes om ein fest, ville ungdommen vite kva ho stod for *utan* at ho presiserte si eiga haldning. Dermed kunne ho i slike samtaler konsentrere seg om å få forteljinga om det som hadde hendt.

Eit sentralt element i LØFT skulle vere å endre dialogar som den ovanfor. Dersom klubbleiarane i samtaler av dette slaget tidligare la vekt på eigne meningar om ungdomanes rusbruk og kva dei meinte konsekvensane kunne bli, skulle leiarane gjennom LØFT trene på å spørje meir om kva ungdomane sjølve meinte og korleis dei opplevde festar. Ved å tone ned dei vaksne sine haldningar i samtalen, var ønsket å få ungdomanes eigen versjon betre fram. Gjennom ei slik dreining skulle ungdomane bli meir medvitne om eigne grenser og strategiar i situasjonar som dreidde seg om rusbruk. Erfaringane med å dreie samtalanen på denne måten skal drøftast nærare i neste kapittel.

Cannabis/hasj

Som samtaleemne hadde hasj¹⁹ ein annan posisjon enn alkohol i begge klubbane. I klubbane blei det skapt eit tydeleg inntrykk av at hasj ikkje var

¹⁹ Vi vil her bruke omgrepet hasj fordi dette var begrepet ungdom og leiarar sjølve brukte.

eit legitimt rusmiddel i ungdomsmiljøet generelt, og ikkje eit rusmiddel ungdom utan vidare kunne snakke ope om, verken med kvarandre eller med leiarane. Intervjumaterialet frå begge klubbane tyder på at ungdomane ikkje hadde full oversikt over kven i ungdomsmiljøet som hadde prøvd hasj. Berre nokre få ungdomar fortalde sjølve om erfaringar med hasj i intervju. Det ville likevel ikkje vere underleg om ungdomar som hadde slike erfaringar, valde å ikkje fortelje om det.²⁰

Leiarane i Bjørkelia hadde få samtaler om hasj med ungdomane. Hilde, ein av leiarane som tidlegare hadde vore involvert i fleire prosjekt knytt til klubben, hadde hatt ein del slike samtaler når ho tidlegare hadde arbeid intens med ei fast gruppe ungdomar. Marianne, som var den som var mest interessert i ungdom og rusbruk, fortalde som den einaste at ho kunne lykkast med å få til samtaler som indirekte dreidde seg om hasjbruk gjennom dei relasjonane ho hadde til ein del av gutane.

Hasj hadde også vore eit viktig tema i klubben i ein tidlegare periode, i samband med at nokre ungdomar som var faste klubb-brukarar hadde blitt tekne av politiet og deretter barnevern i samband med relativt omfattande bruk og sal av hasj. Leiarane i klubben visste om det som føregjekk, men ettersom mange andre instansar i lokalmiljøet allereie var involvert, hadde dei ikkje hatt ei aktiv rolle i denne saka. Fleire av ungdomane som var i klubben nå kjende godt til det som hadde hendt og til dei involverte ungdomane. I intervju fortalde fleire av ungdomane om korleis denne gjengen hadde endra seg frå å vere sosiale ungdomar til å isolere seg og skli ut av gjengen som heldt til i klubben. Saman med ei anna historie frå ein gut som fortalde om korleis han sjølv sklei bort frå kameratgjengen og dermed klubben i ein periode da han hadde byrja å røyke mykje hasj, illustrerer dette kanskje ein dynamikk der meir omfattande bruk av illegale rusmiddel ser ut til å føre til at ungdomane trekkjer seg bort frå det dominerande jamaldermiljøet, og da kanskje også bort frå klubben.²¹

Desse historiene illustrerer også det som i intervju med ungdomane blei framstilt som eit viktig skilje: Skilnaden mellom det å ha *prøvd* eit illegalt rusmiddel som til dømes hasj, og det å bruke det jamleg. Ungdomar i begge klubbane snakka om at det var ein ting å ha prøvd hasj for å finne ut

²⁰ Eg la i intervju vekt på ikkje å presse ungdomar til å fortelje om erfaringar med illegale rusmiddel, og spurde oftare om kva dei meinte om hasj enn om dei hadde prøvd sjølve. Når eg spurde direkte, sa eg også at dei ikkje trong å fortelje om det. Dei forteljningane om erfaringar med hasj som eg fekk tilgang til blei fortald som eksperimentering som nå var avslutta.

²¹ Dette synest å vere i samsvar med funna til Pedersen (1993).

«hvordan det er», noko anna å bruke det jamleg. Å røyke jamleg blei omtalt som å vere «dophue» eller «hasjvrak», med andre ord ein svært negativt ladd kategori.

I Almåsen var det heller ikkje ofte at det fann stad samtaler som dreidde seg om hasj. Bente og Geir sa at det var svært sjeldan at nokon utan vidare kom og fortalde om eige hasjbruk. Dei samtale dei hadde kom vanlegvis som ei følgje av direkte konfrontasjonar med personar dei via ulike kjelder hadde fått mistanke om at var involvert i hasjbruk. Det kan altså synast som det var viktig for at klubben skulle kunne arbeide med slike saker at ein både hadde tillit i ungdomsmiljøet, men også at ein hadde lokale nettverk som kan gjere dei kjend med ungdom i risikosituasjonar. Almåsen syntes i større grad enn Bjørkelia å ha kontinuerleg tilgang på slik informasjon gjennom kontakten med andre institusjonar i kommunen, og gjennom ungdom som kunne vere urolege for vener. Ein viktig bakgrunn for å forstå at leiarane fekk denne informasjonen, var at dei av ungdomane blei oppfatta som vaksenpersonar ein kunne ha tillit til, og som var i stand til å hjelpe og setje i verk fornuftige tiltak. Fleire av ungdomane som var nært knytte til klubben hadde som nemnd fått ulike former for profesjonell hjelp via leiarane. Mange av ungdomane nemnde dessutan i intervju at det at dei hadde høyrd frå andre ungdomar at leiarane på klubben var fine å snakke med og dessutan kunne formidle hjelp, og at dette hadde motivert dei til å drøfte eigne problem med leiarane i klubben.

Geir og Bente, som begge var dei som var mest involverte i dette arbeidet, var opptekne av å setje i verk gode tiltak når dei fekk høyre om noko som kunne vere problematisk, og opplevde at nettverket av andre instansar som samarbeidde gjennom SLT var til god hjelp i dette. Geir fortalde i intervju om korleis dei hadde arbeidd med nokre saker der dei var blitt urolege for ungdomar som dei mistenkte at røykte ein del hasj. Denne saka gjaldt to 15 år gamle jenter:

Geir [...] Vi har testa folk, et par jenter som gikk sammen med en gutt på et par og tjue. Og det gjorde utslag.

Intervjuar: Men hvordan... med hvilken hjemmel kan dere på en måte?

Geir: Nei altså, vi snakka. Vi snakka om at politiet skulle gå inn og ta bekymringssamtale. For det kan de gjøre. Men så snakka vi videre med jentene, og sa at vi var bekymret... At de kan ta den testen hos oss. Er det positiv, da skjer det ingenting, uten at vi.... [uhørlig]

Intervjuar: Så det var rett og slett et samarbeid dere hadde med politiet, at dere var enige om?

Geir: Den ene valgte å ta det hos oss, den andre valgte å ta det hos politiet. Begge hadde utslag.

Intervjuar: Hva var grunnen til at den ene tok det hos dere, den andre ikke.

Geir: Ja ... Det ... Hun som testa hos oss, hun så nok litt alvorret i det, tidligere. [...] Hun gråt da hun fikk resultatet. Og... jeg tok rundt henne og sa at «Vi gjør jo dette fordi vi bryr oss om *deg*. Vi er redde for *deg*.» Hun skjønnte jo det, da. Hun gjorde det. Og... så seinere, så var 'a sur da. For da så jeg at hun var sammen med han typen igjen. «Det er ikke en gang lov til å sitte og prate med folk!» «Det er helt greit. Men så lenge du vanker med han, så kommer jeg til å rapportere deg. Så fin jente som du er, så skal du drive med det tullet der!» [...]

I denne saka hadde fleire av klubben sine samarbeidspartnarar vore urolege for jentene. Men ettersom alle syntes å vere samde om at det var leiarane i klubben som hadde det næraste forholdet til jentene, var det klubbleiarane som hadde fått ansvaret for å snakke med dei og gje dei moglegheit til å bli testa utan at det blei politisak av det. Den eine jenta, som tok testen hjå politiet, forsvann etter kvart ut frå klubben, medan dei framleis hadde god kontakt med den andre jenta. Ein vidare samtale mellom Geir og denne jenta skal presenterast i det neste kapitlet. Anne, Geir og Bente, som var dei leiarane som var mest involvert i slike saker, understreka at det var viktig å ha ein god relasjon til ungdomane frå før for å kunne ta opp ein sak som til dømes mistanke om hasjrøyking. Bente fortalde at ho kunne konfrontere ungdomar med mistankar på ein direkte – etter hennar syn av og til for direkte – måte.

Intervjuar: Hva slags reaksjoner får du da?

[...]

Bente: Nei, noen kan jo bli støtt, på en måte. Jeg prøver å moderere det altså. Jeg gjør det. Men det jeg kan gjøre er at: Jeg hører at du driver og røyker, for eksempel. Da må jeg ha en relasjon til dem, altså.

Intervjuar: Ja.

Bente: Jeg hører at du driver og røyker. Du trenger ikke å svare på dette, men er det riktig? Gjør du det? Som regel så sier de jo ja: «Ja, jeg gjør det.» Og da kan [jeg spørre]: Hvem er du sammen med? Hvorfor gjør du det? Hva føler du nå?

Desse døma viser at ein viktig skilnad mellom det å tematisere hasj i forhold til alkohol i klubben, er knytt til konsekvensane av å ta opp dette temaet. Der alkohol er eit rusmiddel som ungdomane *forventar* at dei vaksne tolerer,

forventar ungdom at hasjrøyking ikkje er tolerert og uunngåeleg vil føre til sanksjonar. Difor er det heller ikkje så rart at ungdom som brukar eit illegalt rusmiddel ofte vil trekkje seg bort frå vaksenkontakt, slik døme frå begge klubbane viste.

Det var likevel ein viktig skilnad mellom Bjørkelia og Almåsen når det gjaldt kva moglegheiter dei hadde til å handtere saker som gjaldt illegal rusbruk. Bjørkelia hadde ein perifer posisjon i forhold til andre lokale instansar som var ansvarlege for saker der det var meldt bekymring for ungdomar. Leiarane visste at dei måtte melde vidare dersom dei fekk kunnskap om hasjbruk. Men med den posisjonen klubben hadde, ville det å melde saka vidare mest truleg medføre at dei ikkje lenger ville bli involvert i arbeidet med den konkrete saka og ungdomen ville mest sannsynleg forsvinne ut frå klubben. I Almåsen hadde Geir og Bente posisjonar der dei av andre instansar ofte blei sett på som dei som stod nærast ungdomane og i den beste posisjonen for å ta seg av slike saker. Dermed kunne klubben følgje saka og ungdomen over tid, og om det lukkast, få ungdomen til å halde fram i klubbmiljøet.

På bakgrunn av dette melder det seg nokre spørsmål knytt til samtaleteknikken som skulle prøvast ut i dette prosjektet: Vil ein gjennom ein ny spørjeteknikk kunne få i gang opne samtaler sjølv når temaet er ein form for rusmiddelbruk som klubbleiarar er forplikta til å setje i verk sanksjonar overfor? Korleis vil graden av tillit til leiarane påverke korleis LØFT kan brukast på eit slikt tema? Desse spørsmåla skal vi kome inn på i det neste kapitlet.

Kva tyder klubben for ungdomane sin rusbruk?

Korleis kan fritidsklubben styrke det rusførebyggande arbeidet sitt? Med bakgrunn i gjennomgangen ovanfor kan det sjå ut som det er fleire utfordringar knytt til dette: Ungdom i fritidsklubb synest å vere ei relevant målgruppe for rusførebyggande arbeid fordi dei konsumerer meir rusmiddel enn ungdom som ikkje er i klubb. Men om ein tek ungdomane sine utsegner på alvor, synest klubben i liten grad å vere ein arena som har direkte relevans for deira konsum av rusmiddel. Ungdomane legg vekt på at dei tek avgjerder om rusbruk utanfor klubben, i ungdomsstyrte samanhengar, og dei hevdar i intervjumaterialet at leiarane sine meiningar om deira rusbruk ikkje har noko å seie for korleis dei vel å konsumere rusmiddel utanfor klubbkonteksten. Vidare understrekar ungdomane at det å bruke rusmiddel er basert på deira eigne val, at dei bruker rusmiddel fordi dei har lyst på dei erfaringane som rusmidla gjev dei.

Ungdomane sine grunngevingar for at klubben – eller for den saks skuld vener – ikkje påverkar deira forbruk av rusmiddel, kan kanskje kallast ein ideologi som framhevar individet som sjølvstendig og uavhengig (jf. Krange 2004). At til dømes vener påverkar ungdoms rusbruk er likevel godt dokumenter (sjå til dømes Nielsen, Rudberg et al. 1990; Pedersen 1998). Men trass i at ungdomane i dei to klubbane sine ideologiar hadde mange likskapstrekk, var leiarane i dei to klubbane i litt ulike posisjon i høve til ungdomane og dei lokale ruskulturane. Leiarane i Almåsen var ute på arenaer der rusmiddelbruk gjekk føre seg og dei kunne gripe direkte inn i ungdom sin rusmiddelbruk. Dei syntes også å ha legitimitet til å gjere det, frå ungdomane sitt synspunkt. Ei tilsvarende rolle hadde ikkje klubbleiarane i Bjørkelia.

Likevel kan ein med bakgrunn i dei tidlegare drøftingane spørje om klubbleiarar vil møte nokre særskilte utfordringar når det gjeld å påverke ungdomar sine haldningar til rusmiddel: Dei har til dømes i utgangspunktet mindre autoritet over ungdomane enn andre vaksne – som til dømes foreldre. Som nemnd gav ungdomane uttrykk for ei forståing av at klubbleiarar *i større grad* enn andre vaksne tolererte ungdoms rusbruk, i alle fall når det gjaldt legale rusmiddel. I den grad klubbleiarar kan påverke ungdom sine haldningar til rusmiddel, kan ein difor tenkje seg at det må vere på måtar som tek utgangspunkt i noko av det som eventuelt *skil* relasjonane ungdom har til klubbleiarar frå relasjonar dei har til andre vaksne. Grunngevinga for å bruke LØFT i klubb er slik knytt til ei forståing av at relasjonane mellom ungdom og leiarar i klubb har særskilte kjenneteikn, som til dømes at dei er basert på tillit og frivilligheit. Med utgangspunkt i denne relasjonen ser ein dermed for seg at leiarane gjennom bestemte spørjetechnikkar kan få ungdom til å setje ord på og reflektere over eigne haldningar og handlingar når det gjeld rus. Erfaringane med dette skal drøftast i neste kapittel.

6 Erfaringar med LØFT i Almåsen fritidsklubb

Om lag midtvegs i feltarbeidet deltok dei tilsette i Almåsen fritidsklubb på eit kurs i løysingsfokusert samtaleteknikk, LØFT. Ettersom dette kurset berre blei gjennomført i Almåsen, dreier dette kapitlet seg om erfaringane frå denne klubben. I slutten av kapitlet vil vi likevel drøfte kva resultat ein kunne sjå for seg at eit tilsvarende kurs ville hatt i Bjørkelia. Bakgrunnen for og innhaldet i kurset er skildra av oppdragsgjevar i kapittel to. Den følgjande gjennomgangen har ikkje som ambisjon å gje ei heilskapleg vurdering av LØFT som terapeutisk metode, men konsentrerer seg i staden om å drøfte korleis metoden blir anvendt etter opplæringa og kva konsekvensar dette har i konteksten der han blir prøvd ut. I oppsummeringa vil vi likevel gå litt nærare inn på den teoretiske bakgrunnen for metoden.

Analysane i dette kapitlet er hovudsakleg basert på forteljingar frå leiarane om deira erfaringar med LØFT og på eit intervju med ein ungdom som fortel om ein LØFT-samtale. Vidare bygger analysane på observasjonar av samhandling mellom leiarar og ungdom etter at kurset var gjennomført. Omfanget av data som omhandlar erfaringar med LØFT er svært lite. Trass i at eg auka tida eg brukte på feltarbeid i denne klubben i vekene etter kurset, var det vanskeleg å gjere tilstrekkeleg mange observasjonar av samtaler mellom ungdom og leiarar der LØFT blei brukt til å få eit godt, observasjonsbasert bilete av korleis metoden blei praktisert. Leiarane var i hovudsak entusiastiske etter kurset og ivrige til å prøve ut det nye verktøyet, men det var likevel ei avgrensa mengde samtaler dei hadde å rapportere om: Tidsperioden frå kurset til slutten av feltarbeidet var kort, og verken leiarane eller eg som feltarbeidar ønskte å i utgangspunktet å sjølv *skape* situasjonar der LØFT kunne brukast, da dette ikkje ville vere i tråd med målsetjinga om at samtalene skulle springe ut av naturlege situasjonar. I tillegg var Bente, leiaren i klubben, og – i følgje dei andre – den som snakka lettast med ungdom, sjukmeldt ein lengre periode like etter kurset. Anne, den femte leiaren som arbeidde berre ein kveld annankvar veke, hadde eg av ulike årsaker ikkje høve til å observere i klubben etter kurset. Anders bestemte seg med ein gong for ikkje å bruke metoden. Det er difor i praksis Bente, Geir og Tove sine samtaler eg har fått høve til å observere. Alle leiarane, inkludert Anne, har blitt intervjua fleire gonger i etterkant for å oppsummere

erfaringane med metoden. Det er også viktig å nemne at døma på samtaler som blir trekte fram her ikkje er vald ut av eit stort utval av samtaler som eg har fått kjennskap til, men at nesten alle samtalene som leiarane har referert til som LØFT-samtaler på spørsmål frå meg, blir nemnd i dette kapitlet. Fordi materialet er så lite, har eg vald å gje ein relativt detaljert presentasjon av det materialet som er tilgjengeleg.

Det svært avgrensa datamaterialet gjer det vanskeleg å trekke klare konklusjonar omkring resultata av og potensialet ved å bruke LØFT som verkty for rusførebygging i klubb. Den korte tidsperioden som metoden blei prøvd ut i klubben medfører også at det vil vere urealistisk å sjå endringar på «ungdomsnivå», slik målsetjinga med prosjektet var. I dette kapitlet vil eg difor bruke det tilgjengelege materialet til å drøfte korleis LØFT blir forstått og praktisert, og kva for praktiske og teoretiske utfordringar for bruken av LØFT i fritidsklubbar som synest å vere relevante.

Sju veker med LØFT i Almåsen

Korleis opplevde leiarane opplæringa i den nye samtaleteknikken, og korleis var erfaringane deira med å prøve ut metoden i klubben? I denne delen skal eg skildre den tilbakemeldinga leirane gav feltarbeidaren i løpet av dei sju vekene etter kurset. Målsetjinga er her å illustrere korleis bruken av metoden fann stad, og korleis haldningane til og opplevingane av å bruke metoden utvikla seg i løpet av denne perioden.

Fire av dei fem leiarane som var med på kurset var svært begeistra da eg møtte dei første arbeidsdag etter kurset. Bente hadde i eit intervju vi hadde gjort tidlegare uttalt at ho innerst inne trudde det var lite ein som ungdomsleiar kunne gjere for faktisk å endre ungdom sine haldningar til rus. Første dag etter kurset refererte ho til denne utsegna og fortalde at dette kurset hadde fått henne til å endre meining: Ungdomsleiarar *kan* lykkast i å gjere noko på dette feltet, meinte ho nå. Entusiasmen var stor, og dei første par vekene observerte eg stadig leiarane i ferd med å fylle ut skjema om LØFT-samtaler dei hadde hatt. Dette skjemaet var meint som eit hjelpemiddel for å arbeide meir systematisk og gjere det mogleg å følge opp samtaler seinare.

Fleire av leiarane meinte at det viktigaste som var nytt med LØFT, og som også var vanskelegast, var det å skulle fokusere på det positive. «Selv om det er ting jeg synes er borti natta skal jeg rose det bittelille som er bra» Leiarane snakka vidare om utfordringa knytt til det å snu tankane ungdomane – få dei til å sjå andre, og negative sider ved det å drikke. Geir

framheva at han syntes han var blitt flinkare til å lytte, fordi han var nøydd til å ta utgangspunkt i det ungdomane sjølve sa for å bruke LØFT.

I nesten alle LØFT-samtalene leiarane kunne fortelje om, hadde temaet vore alkohol. Dette er i ikkje overraskande med bakgrunn i dei ulike måtane ein kunne snakke om legitime og illegitime rusmiddel på, slik vi nemnde tidlegare. Eit unnatak er ein av samtalene som Geir refererte til. Denne samtalen hadde handla om hasjbruk. Geir meinte at eit vilkår for denne samtalen og for at jenta kunne snakke om hasj, var at han tidlegare hadde snakka med denne jenta om temaet. Denne saka refererte vi også til i førre kapittel. Basert på Bjørn si detaljerte forteljing, blei denne samtalen skildra slik i feltdagboka:

Geir sit og fyller ut skjemaet der dei skal notere informasjon frå LØFT-samtaler. Han skriv om ein samtale som må ha vore torsdag. Han viser meg skjemaet og teikningar frå samtalen. Han har snakka med ei jente frå ei grunnkursklasse på vidaregåande som dei hadde «styrt» litt med i forhold til hasjbruk i vår. Samtalen kom i gang med utgangspunkt i ein brosjyre som er ein del av kampanjemateriellet som «Aksjonsuka mot rusmisbruk» har delt ut. I brosjyren er det ein labyrint. Avhengig av om ein svarer ja eller nei på ulike spørsmål, hamnar ein til slutt anten i ein boks som gratulerer med standpunktet mot narkotika eller i ein boks for dei som ikkje har teke eit slikt ønskeleg standpunkt. Samtalen gjekk føre seg i «leiarsofaen». Jenta hadde peikt på labyrinten og sagt:

– Geir, jeg havna her, jeg!

Jenta har ved enden av labyrinten hamna i kategorien der det står «Du tilhører et lite mindretall. Det er ditt liv, og du må selv bestemme over det. Men vi vil anbefale at du slutter. Å bruke narkotika går ut over både deg selv og andre». Det er spørsmålet «Vil du bruke narkotika igjen?», som gjer at ho hamnar i denne kategorien. Ho fortel Geir at ho ikkje kan garantere for at ho ikkje vil prøve igjen, til det hadde ho for mange positive opplevingar med rus. Dei snakkar vidare om både hasj og alkohol og samtalen dreier mot alkohol. Geir fortel at han lagar ein tabell med positive og negative sider ved å drikke. Den positive lista blir kort, og Geir seier at han gjev henne «rett» i punkta ho nemner her. Den negative lista blei lengre (å spy, dårleg dagen etter...). Geir teiknar også ei livsline og konsentriske sirkalar for å illustrere korleis rusbruk etterkvart fører til at sjølv om ein først brukar rus for å få opplevingar og sanseintrykk utanom det vanlege, vil ein etter kvart trenge rus også for å kome opp på «normalnivå».

– Korleis brukte du LØFT i denne samtalen, spør eg.

Geir seier at det viktigaste er at han let vere å fordømme. Særleg når samtalen dreiar inn mot ein gut som ho vankar med, som Geir meiner er

dårleg selskap. Geir fortel jenta at guten har sagt at han er med i «Ungdom mot narkotika», og reiser rundt og held foredrag mot narkotika. «Det gjør han i hvert fall ikke, han er en dust», seier jenta. Geir seier at fordi han ikkje i utgangspunktet gjekk negativt ut, gjekk heller ikkje jenta i forsvar. Ho seier at ho ikkje vankar med han, berre helsar på han. Dermed får Geir høve til å forklare henne kvifor dei var urolege for henne da ho tidlegare vanka saman med han. Samtalen blir avslutta ved at det kjem fleire folk inn i rommet. Avslutningskommentaren til jenta er «Det må da være flere positive ting med å drikke?» Ho seier at ho vil prøve å kome på fleire punkt slik at ho kan vise Geir.

Elementa frå LØFT som Geir har teke i bruk her, er for utan det å ikkje for-dømme, teknikken som handlar om å få ungdomane til å setje opp negative og positive sider ved det å drikke. Denne teknikken er ikkje nemnd i lista over spørjemåtar i innleiingskapitlet, men fleire av leiarane refererte til denne måten å spørje på som ein del av LØFT. Leiarane har på kurset blitt fortald at det som vanlegvis skjer, er at lista over negative ting blir svært lang, medan den positive blir kort. Dette er for dei fleste ungdomane ei overrasking, slik som det var for denne jenta. Da ho gjekk frå samtalen, var det tydeleg at ho hadde fått noko å tenkje på, og at ho ønskte å vise Geir at det er fleire gode grunnar til å drikke enn dei ho kom på der og da. Dette dømet kan tyde på at samtaleteknikken sette i gang ein refleksjon hjå jenta.

Bente meinte at kurset hadde endra hennar tilnærming til samtaler der ungdom fortel om at dei har vore «drita fulle i helga». Medan ho før kanskje ville ha sagt «Men i all verden, vil du drikke så mye?», ei utsegn ho opplever som litt moraliserande, meiner ho nå at ho heller stiller spørsmål som «Hvor full var du?», eller «Er du så full hver gang?» I slike situasjonar bruker ho kontrollskalaen, og ho opplevde han som svært nyttig. I løpet av prosjektet var det særleg ein samtale ho har hatt som ho opplevde som vellukka. Ein heil gjeng med ungdomar var samla i sofaen. Det var dei som byrja samtalen ved å fortelje om ein fest dei hadde vore på. Samtalen blei bra fordi ungdomane var engasjerte og interesserte. I denne samtalen brukte ho skalaen ein heil del: «Føler du at du har kontroll?» I forlenginga av at ho stilte slike spørsmål til enkeltungdomar, byrja ungdomane å justere kvarandre: «Du har ikke så mye kontroll.» Ein av ungdomane sine reaksjonar på denne samtalen skal eg kome tilbake til nedanfor.

Tove og Anne nemnde også døme på at dei hadde vore med på samtaler som hadde enda opp med at ungdomane hadde kome til kort når dei skulle forklare ei åtferd knytt til rus. Eit døme på dette var ein samtale som Anne hadde leia tidlegare, like etter kurset. Tove fortel meg om samtalen:

Tove veit ikkje alle detaljane om korleis samtalen starta, for ho hadde kome til litt etter at dei hadde byrja. Det var både gutar og jenter til stades. Samtalen dreidde seg om alkohol, og Anne hadde stilt spørsmålet

– Hvis det var ei fin jente på fest som ikke drikker, hva gjør du for å få henne? Hvem hadde turt å sette fra seg ølposen?

Det var delte meiningar blant gutane som dette spørsmålet var retta mot. Som døme på bruk av LØFT trekkjer Tove fram det å gje positiv respons dersom nokon sa at dei ville ha turt å setje frå seg ølposen.

– Korleis reagerer ungdomane, spør eg.

– De tar til seg rosen, seier Tove, alle liker å få ros.

Til ein som ikkje ville ha sett frå seg ølposen hadde Anne sagt: «Hun du var sammen med sist, hvordan ble dere sammen? «Vi gikk i samme klasse,» svarer han. «Så da liker hun deg jo sånn som du er til vanlig,» hadde Anne spurd. «Hvordan turte du å ta initiativ overfor henne? Hvorfor?»

– Oj, da må jeg begynne å tenke da!, svara guten.

Om ein skal ta ungdomane på ordet, kan altså slike samtaler setje i gang refleksjonar rundt kva alkohol har å seie for det å etablere relasjonar, slik ein intensjon med metoden var. Tove er ny i klubben og har ikkje hatt tid til å bygge så mange relasjonar til ungdomane før ho blir kasta ut i å prøve ut den nye metoden. Til nokre ungdomar har Tove allereie etablert gode relasjonar, eit par av desse er jenter som opplever vanskar på fleire område. I samtaler rundt dette har Tove opplevd at LØFT er nyttig, for eksempel til å kunne snu fokuset til ungdomen til kva som er positivt i livet.

Det var likevel tydeleg at det ikkje var gitt at det å bruke ein av dei konkrete teknikkane frå kurset – skalering, «mirakelsfest», fokus på unntak og spørsmål om kva vener og nær familie meiner om drikking – ville kunne føre til ein slik refleksjon. Anne fortalde at hennar erfaring var at ein først måtte ha lykkast med å snu samtalen – altså at ungdomane hadde byrja å reflektere over negative sider ved det å drikke – *før* ein kunne byrje å bruke spørjeteknikkane. Dette peikar på ei problemstilling som kanskje kan skildrast med det omgrepet som psykologar gjerne omtaler som *inntoning* – det å leve seg inn og respondere på det den andre fortel. Dei samtalene der element frå LØFT-metodikken ikkje syntes å føre dialogen og refleksjonen vidare, var samtaler der desse elementa nærast blei «strødd på», utan at samtalen var prega av inntoning.

Fleire av leiarane opplevde at dei etterkvart hamna i situasjonar der dei enda opp med å seie det same som dei hadde sagt før, og at dei av den grunn låste seg litt i forsøka på å prøve LØFT. Geir foreslo i samband med dette at ein burde ta sikte på å bruke LØFT på alle tema, ikkje berre på rus. Han prøvde sjølv å bruke metoden i forhold til vald, ein tematikk han var svært oppteken av. Ei vidare utfordring som fleire av leiarane nemnde, handla om skilnaden mellom rollespela dei laga på kurset og realitetane dei møtte i klubben. Da dei sjølve spelte rolla som ungdomar på kurset, var dei for hasj og drakk kjempemykje. «Her er jo ungdomane stort sett enige med lederne,» fortalde Geir. Kursleiaren hadde korrigert kursdeltakarane når han opplevde at dei overdreiv i rollespela, men det kunne altså likevel opplevast som enklare å konstruere samtaler når det var haldningar som utpeikte seg som tydelege utfordringar for leiarane.

Anders var den einaste av leiarane som bestemte seg for ikkje å bruke LØFT etter kurset. Han hadde fleire innvendingar mot det å bruke LØFT for å snakke om rus. Innvendingane gjekk ikkje på metoden i seg sjølv; han opplevde samtalemåten som i tråd med det han sjølv trudde på når det gjaldt å samtale med ungdom. Han følte seg likevel ikkje vel med å skulle presse temaet rus på ungdomane. Han opplevde at situasjonane blei kunstige og at det var han som styrte både ungdomane og samtalen. Han meinte at det at han ikkje følte seg vel med denne rolla hadde samanheng med at han ikkje såg det som naturleg for han å snakke om rus. Han meinte i staden at andre, som hadde interesse for det, heller burde ta opp dette temaet. Anders sine innvendingar var slik knytt både til hans tankar rundt kva han ønskjer at samhandlinga med ungdomane skulle bestå i, men også til at han ikkje tidlegare hadde lagt vekt på temaet rus. Han opplevde det difor som unaturleg å plutselig skulle byrje å interessere seg for dette, og i tillegg snakke om dette på ein måte som var ny for han.

Mot slutten av prosjektet, like før jul og på endelege oppsummeringar på nyåret, var stemninga når det gjaldt LØFT meir resignert enn i starten. Bente opplevde at det var tungt å dra lasset med å motivere dei andre leiarane til å bruke metoden. Ho trudde på metoden, men ho meinte at kurset var for kort til å lære nok. Dersom dei hadde lært meir, ville det ha blitt meir «hold» i det, meinte ho. Ho peikte også på at dei hadde det så hektisk i kvardagen at dei ikkje hadde tid til å setje seg ned å ha slike samtaler. Og nå, såpass lenge etterpå, kjendes det rett og slett ikkje naturleg å bruke metoden lenger, fortalde ho.

Ovanfor har vi skildra korleis leiarane opplevde den første fasen med å prøve ut det nye samtaleverktøyet etter innføringskurset. Korleis blei desse forsøka oppfatta av ungdomane?

«Vi satt og prata om rus og alt mulig sånn her om dagen»

I løpet av prosjektperioden var det ikkje mogleg å spore endringar i ungdom sine måtar å fortelje om rus på som kunne knytast til leiarane si praktisering av LØFT. Den umiddelbart mest sannsynlege årsaka til dette, er dei få samtalenene av denne typen som fann stad i løpet av prosjektperioden.

For å prøve å kome på sporet av dei samtalenene leiarane hadde hatt med ungdomane, spurde eg i intervju og i uformelle samtaler ungdomane om leiarane snakka om drikking eller hasj nokon gong. Som nemnd tidlegare svarte dei fleste ungdomane negativt på dette, truleg med tanke på at spørsmålet kunne tolkast som eit spørsmål om leiarane snakka spesielt med *dei*. Ved å spørje meir konkret etter om leiarane snakka om eller spurde etter festar nokon gong, kunne det kome fram stadfestande svar om at leiarane kunne spørje, men at dei ikkje sa så mykje om det. Dette mønstret var det same før og etter kurset. I den siste perioden av feltarbeidet prøvde eg også å spørje uformelt etter om ungdomane hadde merka at leiarane snakka meir om rus, drikking, festar eller hasj nå i det siste, også på dette fekk eg negative svar. Truleg kunne datainnsamlinga på dette området med fordel vore gjort i form av ei meir systematisk kartlegging, til dømes gjennom strukturerte spørsmål til alle ungdomane eller liknande. Eg kunne og ha spurd leiarane meir etter dei konkrete ungdomar som hadde delteke i «LØFT-samtaler», og undersøkt om desse ungdomane refererte til desse samtalenene.

Med det relativt avgrensa omfanget av utprøvinga av metoden, er det likevel grunn til å tru at ein gjennom ei slik kartlegging ikkje ville ha gjort omfattande funn. Det er altså eit openbart metodisk problem som knyter seg til det å oppdage og kartlegge desse endringane. Dette skal vi kome tilbake til nedanfor. Men det kan også vere eit poeng å undersøke nærare om det kan vere slik at ungdomane oppfattar samtaler om rus med leiarar som også å handle om noko anna enn sjølve rusen. Dette skal vi drøfte nærare med utgangspunkt i eit eksempel.

I ungdomsmaterialet finst det berre ein direkte referanse til ein samtale som leiarane sjølve karakteriserte som ein LØFT-samtale. Ovanfor er Bente sitt referat av denne samtalen med ein gjeng ungdomar teke med. I eit intervju eg gjorde nokre dagar etter at denne samtalen hadde funne stad, referer Svein, ein gut på 17, til denne samtalen. Eg har tidlegare på kvelden

observert at kameratgjengen hans har ropt på Bente, og lattermilde sagt at ho må kome over å prate med ein av kameratane om «rusproblemet hans». Under intervjuet kjem guten på eige initiativ inn på samtalen med Bente. Eg spør om leiarane snakkar meir med nokre ungdomar enn med andre, og kva dei snakkar om:

Svein: Hva skal jeg si da. Hvis det er noe å ta opp med forskjellige folk, så. Jeg veit ikke jeg. Men vil du prate med dem, liksom, så er det bare å prate. Dem går det an å prate med, og. [...] Du kan sitte og diskutere. Men de driver mest og bare prater om noe, liksom. Vi satt og prata om rus og alt mulig sånn her om dagen.

Intervjuar: Ja, for dere ropte til Bente i stad, han som... [Svein: Ja.] Og dere sa, «Bente, nå må du komme og prate om rus med han»?

Svein: Ja, for at på torsdag, tror jeg det var. Så satt jeg og prata med Bente om kameraten min, som var ganske drita [*kniser*]. Og så... begynner hun å spørre meg, «Drikker du mye?», og. Og så begynte jeg å koddde med henne, og sa «Ja, jeg har et rusproblem, Bente!» [*ler*]

Intervjuar: Skjønte hun at du tulla?

Svein: Ja... sånn halvveis.

Intervjuar: Men hvorfor spurte hun om det da, eller hvorfor begynte hun å spørre?

Svein: Jeg veit ikke jeg. Hun begynte å spørre sånn «Drikker dere ofte, og?», «Hva drikker dere? « og masse sånn.

Den 17 år gamle guten har tydeleg merka seg denne samtalen, og Bentes måte å spørje på, som litt utanom det vanlege. Hans respons er å vende spørsmålet til spøk, med å hevde at han har «eit rusproblem», noko han seinare gjentek til Bente om kameraten. Han verkar overraska over at ho har spurt på denne måten.

Intervjuar: Hva syntes du om at hun spurte på den måten?

Svein: Jeg? Jeg har ikke noe i mot det, liksom. Jeg prater ganske åpent med Bente og sånn, liksom. Hun kjenner tydeligvis faren min. Veit hvem det er.

Intervjuar: Men når hun spør om sånne ting. Hvorfor vil hun vite det?

Svein: Finne ut åssen ungdommen er, kanskje. Åssen det er å være ungdom nå. Alt forskjellig.

Intervjuar: Når hun stiller sånne spørsmål, tror dere at hun vil forandre noe? At dere skal drikke mindre, for eksempel? Er det derfor hun spør?

Svein: Eh... Jeg veit ikke, jeg. Det finnes jo grenser da, for hva hun sikkert tolerer liksom. Men. Hvis det er sånn derre at drikker hver helg, og bruker masse penger på drikke, og det er det eneste du *vil* liksom, så er det selvfølgelig, hu reagerer jo på det.

Intervjuar: Ville det bety noe, tror du, for ungdom, hvis Bente syntes at noen drikker for mye?

Svein: Jeg veit ikke åssen makt hu har, innafor der, liksom. Men jeg vil si at det hjelper ikke å ha foredrag om rus, liksom. For det... Jeg tror at ungdommer i dag gjør akkurat hva dem vil, liksom. Dem velger sjøl om dem vil på fester eller ikke. Om det står en stor plakat med en som har drikk i seg i hel, liksom, så trur jeg faktisk at dem trur at dem klarer fint aleine, uansett.

Svein signaliserer at han godtek at Bente stiller desse spørsmåla om eit tema som på mange måtar representerer eit privat område der ein er sårbar for kritikk frå andre. Det verkar som det er tilliten og det opne forholdet han har til henne som gjer at han aksepterer at ho spør på denne måten. Han oppfattar altså ikkje Bente sitt spørsmål som kritikk eller moralisering, men derimot som ei positiv interesse for ungdom: Ho vil vite korleis ungdom er og korleis det er å vere ungdom. Svein er ikkje i utgangspunktet overtydd om at Bente ønskjer å forandre ungdom si drikking med å stille slike spørsmål, og han har ein idé om at ho til ein viss grad aksepterer at ungdom drikk så lenge det dreier seg om eit forbruk med måte. Det einaste Svein ser for seg kan påverke ungdomane, er dersom Bente kan setje makt bak si bekymring for ein ungdom, noko han seinare i intervjuet vender tilbake til når han fortel at Bente har høve til å kontakte barnevernet om det blir naudsynt.

Svein sine refleksjonar rundt denne samtalen synleggjer spenningsfeltet mellom ungdoms hevd på autonomi og deira kunnskap om vaksen omsorg og kontroll, slik vi også var inne på i avslutninga av det førre kapitlet. Svein insisterer på at ungdom gjer det dei sjølve vil – også når det gjeld alkohol – og at det ikkje hjelper å halde foredrag om rus. Men han er samstundes klar over at ein vaksen som Bente vil prøve å påverke ungdom som går for langt, anten med overtaling eller makt. Utsegna om at «Jeg veit ikke åssen makt hu har, innafor der», peikar mot at han er klar over at Bente har ei rolle der ho kan setje sanksjonar bak orda sine.

Men når Svein seier at Bente nok ville ha reagert dersom det å feste var det einaste ein ungdom *ville*, tyder det også på at han trur at Bente bryr seg om *korleis det går* med ungdom. Relasjonen han har til Bente frå før, samt

kunnskapen om at ho hjelper ungdom som har problem, kan slik seiast å vere grunnlaget for hans tolking av kva denne samtalen betyr. Dette gjer at det blir viktig å spørje om korleis desse samtalene vil bli tolka om ein *ikkje* har slike relasjonar, og vidare, om det er mogleg å bygge relasjonar ved hjelp av eit slikt samtaleverkty.

Det som skjer i situasjonen der gutane ropar til seg Bente for at ho skal snakke med kameraten om «rusproblemet hans» tydar kanskje på at talemåten til Bente blir oppfatta som litt unaturleg, eller i alle fall som annleis. Kanskje oppfattar dei henne som meir «sosialarbeidersk» i talemåten enn ho vanlegvis er, og dei møter denne talemåten med å venda han til humor. At ungdom er vare for talemåtar som ikkje verkar naturlege eller oppriktige, opplevde også eg. Under ein lang og interessant samtale med tre gutar i Bjørkelia om rusbruk, bestemte eg meg for å teste korleis dei ville reagere på skalerings-teknikken som eg hadde fått med meg frå Almåsen. I løpet av samtalen prøvde eg ved eit par tilfelle å spørje om kor stor grad av kontroll dei hadde i ulike situasjonar «på ein skala frå ein til ti?» «Fælt så glad du var i den skalaen din, da», parerte ein av gutane. I denne samtalen blei formuleringa eit brot som ikkje verka som ein naturleg del av samtalen.

Men humoren som gutane brukar for å peike ut kameraten som dei ertar for «rusproblemet», kan også tenkjast å ha ein dobbelt botn. Gutegjengen fortel i ein seinare samtale med meg at denne kameraten drikk mykje og til og med har sove ute i fylla. Dei ler av historiene dei fortel om han og svarer – når eg spør – at dei ikkje er urolege for han: «Han må gjøre som han vil.» Likevel kan det tenkjast at dei ved å gjere kameraten si drikking til tema overfor Bente opplever at dei har fått informert ein vaksen utan at dei har måtte innrømme for seg sjølv og kameraten at dei er urolege.

Hypotesen om desse unge gutane sine intensjonar med spøken sin er kanskje å strekke tolkinga for langt. Likevel tyder forteljningane på at det å vise interesse for temaet rus i seg sjølv opnar for informasjon. Når leiaren i dette tilfellet set seg ned med desse spørsmåla, er det likevel tydeleg at det ikkje berre måten ho stiller spørsmål på, men den posisjonen ho har frå før – som ein person som bryr seg, som ikkje fordømer – som gjer samtalen vellukka.

Nokre veker seinare fortel den same Svein om ein fest han har vore på. Eg og eit par jenter sit overfor Svein og høyrer på. Geir kjem inn i rommet og set seg også ned attmed oss. Geir spør om det «Blei noe klining på slutten av festen?» Svein svarer leande at det er det betre å gjere tidleg på kvelden; mot slutten er det så mykje «spysmak». Han fortel at ei jente hadde spurd han om å kline på sist fest, men han hadde sagt at ho ikkje burde; det kom ikkje til å

smake særleg godt. Han held fram på sin vanlege, leande måte med å fortelje at han var så dritings på denne festen at han enda opp med å spy i vasken.

- Hvorfor blei du så full, da, spør Bjørn.
- Drakk så mye forskjellig, fortel Svein.
- Hadde du kontroll, held Bjørn fram.

Svein svarer eit litt nølande nja, og held fram med å fortelje at han ikkje plar kjøpe seg så mykje drikke. Notata frå resten av samtalen er unøyaktige, men viser at samtalen døyr ganske fort, utan at det skjer ei vending i samtalen der Svein snakkar om andre, negative sider ved det å drikke. Det å vere full er ei positiv oppleving, blir ståande som hans konklusjon på samtalen. Dette dømet understrekar poenget med at grepa frå LØFT ikkje alltid greier å bryte gjennom den «ordinære» måten å fortelje ei historie på, og at det å få snudd samtalen i mange situasjonar kan vere vanskeleg, sjølv om spørjetechnikane andre gonger kan skape ansatsar til nye refleksjonar.

Desse og andre utfordringar skal drøftast nærare nedanfor.

Moglegheiter og avgrensingar for LØFT i fritidsklubb

Gjennomgangen ovanfor viser at vi har ei svært avgrensa mengde empirisk materiale om korleis LØFT blir praktisert i klubben, og dermed lite som kan brukast som grunnlag for å drøfte kva slags effekt metoden kan tenkjast å ha i klubb. I det følgjande skal moglegheiter og avgrensingar for metoden difor også drøftast på bakgrunn av dei tidlegare diskusjonane om fritidsklubb som kontekst og klubbane sine posisjonar i lokale ruskulturar. I denne diskusjonen vil det også bli viktig å trekkje inn dei strukturelle rammene for klubben si verksemd og drøfte kva dette har å seie for korleis metoden blir brukt. I diskusjonen tek vi utgangspunkt i oppdragsgjevar sine grunngevingar for valet av LØFT som metode for rusførebyggande arbeid i fritidsklubbar.

1. Var opplæringa tilstrekkeleg?

Som nemnd i kapittel to, var det særleg to faktorar som var med på å bestemme omfanget av opplæringa. Den eine var økonomi. Eit meir langvarig kurs ville ha vore kostbart med tanke på honorar til kurshaldar og ekstra timar til klubbtilsette. Det blei i utforminga av prosjektet teke høgde for at kurset rett og slett kunne vere for kort til å gje tilstrekkeleg opplæring, men ein ønskte likevel å gjennomføre opplegget for å sjå kva erfaringar ein

ville hauste. Ein annan faktor som påverka omfanget av opplæringa, var ønsket om at ein ikkje skulle innføre ein metode som var for omfattande og som ville kunne opplevast som uhandterleg i klubbkvardagen og vanskeleg å sameine med idealet om eit ikkje *for* vaksenstyrt tiltak. Til saman kan dette formulerast i kriteriet *god nok opplæring i ein metode som er tilstrekkeleg, men ikkje for omfattande*. Valet fall dermed på ein «kvardagsversjon» av eit terapeutisk verkty frå ein tradisjon innanfor psykologien som er ressursfokusert og som blir framstilt som i opposisjon til mykje av den tradisjonelle, problemfokuserete psykologien (De Shazer 1991).

Ei viktig målsetjing med å velje LØFT til opplæringa av leiarane var at metoden skulle representere noko nytt. I tillegg til tanken om at dette ville gjere det lettare å spore endring, var ein sentral idé her at det å lære noko nytt skulle heve leiarane sin motivasjon.

Entusiasmen leiarane gav uttrykk for etter kurset gav indikasjonar på at kurset *var* motiverande. Leiarane gav også uttrykk for ei nesten motsetnadsfylt forståing av at det dei lærte på kurset på den eine sida var noko grunnleggande nytt – «Du må tenke helt annerledes, snu tankene dine, liksom» – og likevel meir av det same: Det som blei formidla på kurset blei opplevd som i tråd med og ei forsterking av det dei allereie trudde på i arbeid med ungdom, som det å styrke ungdomane i trua på eigne ressursar.²²

Var kurset tilstrekkeleg til å lære også den forenkla varianten av metoden? Klubbleiarane opplevde at dei hadde fått mykje ut av dei to dagane med kurs, men utover hausten blei dei likevel meir og meir opptekne av at dei gjerne skulle ha lært meir, og hatt meir rettleiing. Det var også tydeleg at den avgrensa opplæringa i LØFT gjorde at forståingane av kva LØFT eigentleg var og av kva slags spørjetechnikkar som skulle forståast som del av metoden, kunne bli uklare. Slik fekk samtaleverktøyet kanskje ein meir «personleg vri» enn den heilskaplege metoden skulle tilseie.

Dette kan tyde på at opplegget ikkje heilt tilfredsstillar kriteriet som blei formulert ovanfor. Kort opplæring i ein forenkla versjon av ein eigentleg svært kompleks metodikk fordrar at forståinga av kva for grunnleggjande idé metoden kviler på er svært god. Om ikkje denne ideen blir klar nok, vil

²² Entusiasmen var uttrykk for begeistring over kurset og metoden i seg sjølv, men han kan kanskje også tolkast som ei uttrykk for eit generelt ønske frå klubbtilsette om å få meir kunnskap om metodar i arbeid med ungdom. Dersom kurset var eit element i ei generell styrking av den barne- og ungdomsfaglege kompetansen i klubb, vil det kanskje vere ein svakheit at prosjektet legg opp til ei einssidig opplæring i det som i fagutdanningar er eit blant fleire sosialfaglege verkty, som er eigna til nokre typar problemstillingar, men ikkje til alle.

ein risikere at det kursdeltakarane sit igjen med berre er spørjeteknikkane, utan at desse er godt nok forankra i den overordna målsetjinga med å bruke desse verktya. Når leiarane opplevde at dei gjekk tomme og gjentok seg sjølve, var det kanskje fordi dei ikkje hadde fått tilstrekkeleg kunnskap om grunnideen ved metoden til at dei kunne improvisere med dei spørjeverktya dei hadde fått. Aleine kunne desse formuleringane lett opplevast kunstige og gjentakande.

2. Medverkar metoden til at ungdomen sine refleksjonar kjem i fokus?

Slik LØFT blir framstilt i den terapeutiske litteraturen, og slik det også blir framheva i kapittel to, er ein sentral tanke med metoden at ein skal medverke til å auke eigenrefleksjon om ei særskilt åtferd. Auka refleksjon skal i neste omgang kunne medverke til åtferdsending. I det følgjande skal vi først drøfte overføring av dette prinsippet frå terapi til klubb, og deretter drøfte målsetjinga om å snu fokus frå leiarane til ungdom i haldningspåverknaden.

Med bakgrunn i den tilgjengelege informasjonen om kurset, har det vore vanskeleg å gje ei detaljert vurdering av i kor stor grad «klubbversjonen» av LØFT kviler på andre idear enn den metoden som blir brukt i terapeutiske samanhengar. Ettersom kunnskap om gode erfaringar frå terapi-konteksten har spela ei viss rolle for valet av LØFT som metode for rusførebygging i klubb, er det likevel rimeleg å understreke at ein ikkje ut frå evalueringar av terapierfaringar utan vidare kan dra slutningar om at LØFT skal verke på same måte i ein klubbkontekst. Til det er det for mange forhold som er ulike: Når LØFT blir brukt i terapिसamanheng er ramma ofte ei form for kontrakt mellom terapeut og klient som inneber at dei skal arbeide saman om å endre noko som klienten oppfattar som eit problem. Ein av personane som har utvikla metoden, De Shazer, legg vekt på at den terapeutiske relasjonen i løysingsbasert terapi er ein forhandla, samtykka og samarbeidsbasert innsats med eit bestemt fokus (De Shazer 1991: 74). Sjølv om det kan vere ulike gradar av semje om kva som er problemet (jf. Osborn 1999) vil også ein ungdom som er tvungen til terapi vere klar over at nokon rundt han eller henne meiner han eller ho har eit problem.

Konteksten rundt samtalene i klubben skil seg frå dette på fleire måtar: Samtalene om rus mellom leiarar og ungdomar vil ikkje på same måte vere ein relasjon der ein er samde om premissa for samhandlinga. Dette gjer også metodikken ekstra krevjande for dei vaksne: I LØFT-terminologi vil ungdomane definerast som «kundar» (Aambø 2004). Dette inneber at dei berre er med i samtalen så lenge dei sjølve ønskjer det. Leiarane i Almåsen

opplevde difor at dei i varierende grad lykkast med å få ungdomane til å delta engasjert i samtalen over tid. Metoden stilte altså store krav til dei vaksne som dyktige «samtaleregissørar» og som interessante og tillitsvekkande vaksne for ungdomane.

I terapikonteksten vil klienten og hjelpar vere samde om kva som er problemet, og løysingsfokuserte terapeutar tek utgangspunkt i at klientar *ønskjer* endring, har ressursar til å sjå for seg endring og gjer sitt beste for å skape endring (Gingerich og Eisengart 2000). Med bakgrunn måten mange av ungdomane i intervjumaterialet snakka om til dømes alkohol, kan ein ikkje ta for gitt at dei vil sjå på sine eigne ruserfaringar som problematiske. Den underliggande målsetjinga for den vaksne vil likevel ofte vere å få ungdom til å innsjå at den «ordinære» rusåtferda er problematisk. Trass i at ein gjennom LØFT skal fokusere på det positive og ikkje moralisere, vil posisjonane som dei vaksne og ungdomane har i relasjonen til kvarandre på mange måtar vere etablerte på førehand. Eit døme på kva utslag dette gjev seg er når Svein intervjuet i over er overraska over Bente sin måte å spørje om rus på, men at forventinga han har til kva målsetjing ho har med å snakke med han om dette likevel er i tråd det med han forventar at ein vaksen vil meine.

Ein vidare skilnad mellom LØFT i ein terapisisituasjon og i klubb vil vere at ungdomane i dei fleste tilfella ikkje vil gå inn i samtalen med kunnskap om kva leiarane ønskjer med samtalen. Ein av leiarane i klubben som fekk opplæring i LØFT følte seg ikkje til pass med det å skulle styre ungdomane i ei særskilt retning, slik han opplevde var målsetjinga med LØFT. Ulike leiarar vil truleg ha ulike oppfatningar om dette er eit problem eller ikkje. Likevel blir vi gjennom denne innvendinga merksame på både at det kan vere ulike syn på kva leiarrolla i klubb skal innebere, til dømes når det gjeld rettleiingsfunksjonen, men også at LØFT i denne samanhengen kviler på ein ulikeverdige relasjon mellom ungdom og leiarar. Dette siste treng ikkje vere problematisk – ungdomane seier også tydeleg at dei meiner at leiarrolla er nettopp å ha kontroll og autoritet på klubbarenaen. Ei innvending som kan rettast mot LØFT i denne samanhengen er likevel at målet med samtalen ikkje blir gjort klart for ungdomane, noko som nesten kan oppfattast som uærleg. Det er ein hårfin balanse mellom å ta ei open, haldningslaus rolle for å utfordre ungdomane sine eigne haldningar og fremje refleksjon, og det å framstå som uærleg omkring eigne handlingar og agendaer. Leiarane framheva i intervjuet *før* LØFT-kurset at dei var opptekne av å vere tydelege vaksne, som set klare grenser. Det å ende i situasjonar der ein seier «Så bra at du ikkje drakk meir, at du ikkje hadde mindre kontroll»

til ein 15-åring som har vore full på fest, stiller store krav til leiaren sin evne til å på same tid vere tydeleg, open og nysgjerrig.

Opplevinga av å styre ungdomane i samtalen er også relevant i høve til ei meir grunnleggjande målsetjing med å bruke LØFT. I skildringa av LØFT i kapittel to blir det lagt vekt på at leiarane i samtaler med ungdom i staden for å lukke samtaler med moraliserande utsegner skal rette fokus mot ungdomane sine refleksjonar: Kva meiner du? Kva var di oppleving? Slik prøver ein å kome bort frå rusførebygging som vaksenstyrt prosjekt, og ein prøver i staden å styrke ungdomane sin evne til å reflektere over eigne grenser. Dette ligg nært opp til det som blir skildra i den terapeutiske litteraturen, der hjelparen si rolle skal vere å få fram det som allereie finst i den hjelpesøkande (sjå til dømes Aambø 2004).

Men i kva grad kan ein forvente at denne forma for rusførebygging *unngår* å bli eit vaksenprosjekt? I materialet omkring erfaringane med LØFT som vi bygger på her, blir den vaksne sitt prosjekt meir tydeleg enn ungdomane sine refleksjonar. Ein del av forklaringa på dette er openbart eit metodisk problem: Ettersom det nye samtaleverktøyet i så liten grad blei brukt, var det vanskeleg å spore konkrete erfaringar med LØFT utan å gå vegen om leiarane. I leiarane sine forteljingar blir den vaksne stemma i samtalen og den vaksne regien tydeleg. Leiarane har vore opptekne av korleis dei brukte metoden, noko som er naturleg når ein nettopp har lært og prøver å meistre eit nytt verkty. I samtalen med den unge guten Svein ovanfor, er det også eit metodisk problem at intervjuaren har spurd om korleis han oppfatta leiaren sine spørsmål og ikkje om kva han sjølv svarte. Sjølv om han utdjuar kva han sjølv meiner om rus seinare i samtalen, får vi ikkje vite om Bente sine spørsmål førte til at han blei meir medviten om sine grenser i den konkrete samtalen.

Spørsmålet om ein gjennom metoden vil få ungdomane sine refleksjonar og ikkje dei vaksne si styring i fokus, kan altså ikkje avklarast her. Vi har ikkje empirisk materiale som kan seie noko om det. Argumenta ovanfor synleggjer likevel at den vaksne leiaren uunngåeleg vil legge ein del av premissa for ungdomane sine refleksjonar, og at posisjonane som den vaksne og ungdomen har i høve til kvarandre vil spele ei rolle for korleis dialogen omkring rus utviklar seg. Dermed vil det også vere rimeleg å hevde at måten ungdomane tolkar dei nye erfaringane med dei vaksne si interesse for deira rusbruk, vil bli påverka av slags relasjon dei har til leiarane og til klubben frå før. Svein tolka Bentes spørsmål som uttrykk for omsorg og interesse, andre ungdomar i ein annan situasjon ville kunne ha tolka interessa på ein annan måte.

3. Er eksisterande verksemd eigna for å bruke LØFT?

Ungdom & Fritid ønskjer å bruke LØFT til å styrke tilsette sin teoretiske og praktiske kompetanse i spesielle spørjeteknikkar som skal mogleggjere meir målretta rusførebyggande arbeid innanfor rammene av den eksisterande drifta. Den grunnleggande ideen her er altså at den rolla leiarane har innanfor klubben og dei relasjonane dei har til ungdomane, skal brukast meir målretta til rusførebygging. Eit viktig vilkår for at eit rusførebyggande prosjekt basert på LØFT skal fungere i klubb, må difor vere at klubben har ei «eksisterande verksemd» som oppfyller visse minimumskrav. For å illustrere dette skal vi igjen framheve nokre ulike sider ved dei to fritidsklubbane frå feltarbeidet, Bjørkelia og Almåsen.

Den ansvarlege for klubben i Almåsen, Bente, opplevde at det var krevjande å motivere personalet til å halde fram med å bruke metoden, trass i at personalet i denne klubben var relativt samla og hadde god kommunikasjon seg i mellom. I denne samanhengen var dette knytt til ein uheldig situasjon der ho var borte frå arbeid over lengre tid nokså umiddelbart etter kurset. På eit generelt plan synleggjer dette likevel at det å setje ein ny metode som LØFT ut i praksis er sårbar for manglande kontinuitet i personalgruppa. Dersom eit tilsvarande prosjekt hadde blitt prøvd ut i Bjørkelia, er det truleg at utfordringane med å motivere personalgruppa ville ha vore enno større. Dei fleste tilsette i denne klubben såg kvarandre sjeldan ettersom dei jobba ulike kveldar, og det var ikkje ressursar til meir enn eit par møte i året. I ein slik klubbkvardag ville det truleg blitt meir opp til den enkelte tilsette å motivere seg sjølv til å halde fram med å bruke metoden. Dette ville også medført at ei eventuell målsetjing om å følgje opp samtaler, noko som synest å vere sentralt for at refleksjonar skal kunne utviklast over tid, ville vere vanskeleg å gjere på tvers av personalgruppa.

Vidare synest det å vere av viktig for gjennomføringa at den eksisterande verksemda er prega av eit klima der samtale mellom leiarar og ungdom er ein naturleg del av klubbaktivitetane, og at relasjonane mellom leiarar og ungdom er tillitsfulle. I Almåsen snakka ikkje leiarane *meir* med ungdomane etter kurset enn tidlegare ettersom dei allereie var så aktive. Målet med kurset var da heller ikkje at dei skulle snakke meir, men annleis med ungdomane. I Bjørkelia var samtale ein mindre sentral del av det som føregjekk i klubben, og ein *kunne* tenkje seg at ei opplæring i LØFT ville ha oppmuntra til meir samtale. Samstundes kan det hende at dei leiarane som i utgangspunktet ikkje opplevde å lykkast i særleg grad med å få til samtaler med ungdomane ville ha opplevd at det ikkje baud seg så mange høve til å

bruke LØFT, og at dette ville ha gjort det vanskeleg å få tilstrekkeleg med øving til å halde kunnskapen ved like.

Eit anna spørsmål dreier seg om korleis eit plutselig forsterka fokus på og interesse for rus ville ha blitt oppfatta av ungdomane i Bjørkelia. Det sparsommelege materialet frå Almåsen gjev ein indikasjon om at dersom det er tillitsfulle relasjonar mellom ungdom og leiarar, vil denne forsterka interessa bli tolka som ein form for omsorg og positiv interesse. I Bjørkelia var den dominerande gruppa ungdom allereie kategorisert som problem-ungdom både innanfor og utanfor klubben, og relasjonane mellom ungdomane og leiarane var ikkje like nære som i Almåsen. På bakgrunn av dette må ein ta høgde for at ei tilsvarande endring i fokus frå leiarane si side kunne ha blitt oppfatta som meir av «det same maset» som denne gruppa ungdom opplevde elles, og at klubben ikkje blei den «fristaden» som leiarane la vekt på at dei ønskte at klubben skulle vere. Her er det naturleg å tenkje at ulike ungdomar vil reagere ulikt, slik det også er truleg at ungdomane i Almåsen ville gjere det.

Skildringa av dei to klubbane sine posisjonar i lokale «ruskulturar» i det tidlegare kapitlet, synleggjorde også at «den eksisterande verksemda» i desse klubbane – i alle fall når det gjeld rusførebyggande arbeid – var forskjellige både på eit praktisk og eit idémessig plan. Bjørkelia var i liten grad trekt aktivt inn i arbeid med konkrete saker som dreidde seg om ungdom og rus, medan Almåsen til dagleg stod mitt oppe i slikt arbeid. Når Bente oppsummerte nokre av erfaringane med å prøve ut LØFT mot slutten av feltarbeidet, var eit av problema ho nemnde at dei ikkje hadde nok *tid* til å praktisere metoden. Det paradoksale i denne merknaden var at Bente og Geir i same stund var i ferd med å setje i verk tiltak overfor nokre ungdomar med tilknytning til klubben for å forhindre vidareutvikling av hasjbruk. Den eksisterande rusførebyggande verksemda i denne klubben innebar altså både primær, sekundær og tertiærførebyggande arbeid.

Slik dette prosjektet er utforma, ligg fokuset på primærførebygging. Erfaringane frå feltarbeidet i Almåsen tydeleggjorde likevel at primærførebygging inneber noko anna i ein klubb der ungdomane veit at leiarane kan yte konkret bistand og setje i verk tiltak også på andre nivå, enn i ein klubb der leiarane ikkje har ein slik posisjon. Det var tydeleg at moglegheitene leiarane i denne klubben hadde til å handle, var med på å bygge tillit som i sin tur gjorde dei til relevante samtalepartnarar om rus. I Bjørkelia blei ikkje leiarane i same grad oppfatta som å ha denne rolla, og dermed blei dei heller ikkje i same grad oppfatta som relevante samtalepartnarar i forhold til russpørsmål. Slike skilnadar i eksisterande klubbverksemd vil vere med på å legge rammer både for korleis LØFT blir gjennomført og oppfatta av

ungdomane i klubben. Men dette poenget gjer det også relevant å spørje om kva som vil vere den mest fruktbare metoden for å utvikle rusførebyggande arbeid i fritidsklubbar: Kva vil gevinsten ved den forma for haldningsskapande/pedagogiske tiltak som LØFT representerer vere i forhold til å styrke det konkrete arbeidet med rus gjennom å trekkje klubbar inn i lokalt arbeid slik dei hadde gjort i Almåsen? Dette spørsmålet er ikkje minst relevant med tanke på dei utfordringane som knyter seg til å måle effekten av haldningsskapande tiltak, slik vi tidlegare har nemnd og som skal drøftast nærare nedanfor.

4. Endring – i og utanfor klubb?

Eit av måla med å bruke LØFT i klubb er at ein skal kunne sjå effekt i form av endringar på ungdomane, formulert som at ein ønskjer å sjå om spørjetechnikane «gjev utslag» på ungdomane. Kva slags effekt eller utslag er det så ein ser etter med dette tiltaket? I målformuleringa blir det slått fast at det er endring eller auke i refleksjonsnivået hjå ungdomane ein ønskjer å oppnå. Det problematiske med dette kriteriet er at det er flytande kva konkrete handlingar eller utsegner ein peikar på, og at det er uklart kor «store» utslag som skal vere tilstrekkeleg for å definere prosjektet som vellukka. Ei viktig målsetjinga for dette forprosjektet har da også vore å utvikle kriterium som skal gjere det mogleg å måle eller fastslå om ein metode som LØFT har effekt.

I løpet av perioden som forprosjektet har gått føre seg, var det som nemnd svært vanskeleg observere endringar som kan knytast til leiarane sitt kurs. Endringane eg såg etter var i første rekke merkbare brot med etablerte måtar å snakke om rusmiddel på i første del av feltarbeidet, og ikkje minst direkte referansar til samtaler med leiarane om rusmiddel. I utgangspunktet kan dette verke som fenomen det ville vere mogleg å observere, men gjennom feltarbeidet har det blitt tydeleg i kva grad også dette er komplekse og flytande storleikar. Måten ungdomane snakkar om og reflekterer rundt rusbruk på vil vere avhengig av kven dei snakkar med og i kva kontekst samtalanane går føre seg. Det er difor gjennom feltarbeid vanskeleg å etablere eit utgangsmål som ein skal måle endring opp mot. Sjølv om intervju-situasjonen tilsynelatande er ein lik kontekst «før» og «etter», vil feltarbeidaren truleg utøve ulik påverknad på eit tidleg og seint tidspunkt i feltarbeidet.

I det følgjande vil vi gå eit steg tilbake og utforske den teoretiske bakgrunnen for at dette kontekstperspektivet er relevant. LØFT er ei tilnærming som baserer seg på at ungdom sin rusbruk, og samtalene om dette, *kan* endrast med medvitne grep frå leiarane si side. Målsetjinga vil vere å snakke

om rusbruk på ein annan måte, slik at rusbruken kan få andre tydingar (sjå til dømes De Shazer 1991). Tanken er at omgrep ikkje har meining i seg sjølv eller meining for individet, men at meininga ligg mellom individa (ibid.: 76). Difor kan også meininga endrast gjennom dialog.

Noko av hovudinnvendinga mot at LØFT skal fungere rusførebyggande *utanfor* klubbkonteksten – slik målsetjinga med prosjektet må forventast å vere – ligg dermed i den teoretiske grunngjevinga for metoden. Gjennom at tydinga av ord og av språk er *dialogisk*, vil denne tydinga også vere ulik innanfor forskjellige språkspel²³ eller kontekstar. Med utgangspunkt i dette vil meining kunne endrast innanfor den enkelte dialogen eller konteksten. Spørsmålet er berre om denne nye meininga vil bli transportert til nye kontekstar eller språkspel, med nye dialogar? Dette vil vere vanskeleg både å kartlegge og måle. I terapisisitasjonar ser det til ein viss grad ut til å fungere (Gingerich og Eisengart 2000) – men så er det som skjer i ein avgrensa terapi på mange måtar meir konkret og uttalt enn det som skjer i samtalene mellom ungdom og klubbleiarar omkring rus. Det same er Lilja *et al* (2004: 299) inne på når dei peikar på at fritidskulturar berre indirekte kan bli påverka av til dømes førebyggingsprogram i skulen.

Situasjonen når ungdom og vaksne snakkar saman i ein klubb vil truleg først og fremst vere definert som ein situasjon som handlar om denne relasjonen og denne konteksten. Dette peikar mot at variablar som er relevante å måle for å kunne seie noko om korleis LØFT verkar, truleg med fordel kan knytast direkte til relasjonen mellom ungdom og leiar. Det er lett å oversjå at LØFT inneber at leiarane som brukar metoden ikkje er ein form for nøytrale agentar som formidlar ein metode, og at det er dei metodiske verktya som eventuelt påverkar ungdomane. Metoden blir formidla gjennom og vil uunngåeleg vere fundert i leiarane og i deira relasjonar til ungdommane. Det mest direkte og kanskje pålitelege målet for om LØFT fungerer vil difor vere å sjå etter endringar i ungdomane si oppleving av relasjonen mellom ungdom og leiarar. Ei konkretisering av kva dette kan innebere skal vi kome tilbake til i det neste og avsluttande kapitlet.

²³ Språkspel er eit omgrep som stammar frå filosofen Ludwig Wittgenstein. De Shazer definerer omgrepet som «Self-contained linguistic system that creates meaning through negotiation between therapist and client » De Shazer (1991).

Oppsummering

Gjennom analysane i dette kapitlet har vi prøvd å svare på det som er hovudproblemstillinga i denne rapporten: Korleis kan LØFT medverke til å få ungdom i fritidsklubb til i større grad å stille spørsmål rundt eiga rusåtfærd?

Den første konklusjonen er at det ikkje er mogleg å trekke eintydige konklusjonar om kva *potensial* ein slik metode har om han blir brukt i ein klubbsamanheng ettersom evalueringsperioden er svært kort og opplæringa knapp. Vi har ikkje empirisk materiale til å vurdere om kurset får ungdomane til å reflektere annleis eller meir omkring eiga rusåtfærd, langt mindre til å vurdere om dette får konsekvensar for deira faktiske rusåtfærd.

Gjennom å ha følgd prosjektet på nært hald, synest det likevel å vere grunnlag for å peike på at det i første omgang er omfanget av leiarane sin bruk av metoden, og graden av kompetanse i å anvende metoden som eit relevant samtaleverktøy, som representerer det viktigaste hindret for å sjå resultat. Det er difor viktig å peike på at ettersom dette prosjektet ikkje kan definerast som eit førebyggingsprogram, der ein i større grad kan gå ut frå at heile gruppa av ungdomar blir utsett for meir eller mindre den same påverknaden, vil det også i framtidige evalueringar av eit tilsvarende eller liknande prosjekt i fritidsklubbar vere viktig å undersøke korleis og i kva grad den metoden ein måler effekten av, faktisk blir brukt.

Vidare viser erfaringane med LØFT i Almåsen fritidsklubb at leiarane som gjennomgår opplæringa, tek i mot og gjer bruk av metoden med eit bakteppe av eigne erfaringar, interesser og forståingar av det å vere klubbtilsett. Korleis dei så blir i stand til å bruke verktøyet for å oppnå den definerte målsetjinga, vil vere avhengig av korleis dei synest verktøyet passar til den måten dei ønskjer å vere leiar på, om dei opplever målsetjinga som viktig, og ikkje minst av relasjonane dei har til ungdomane. Korleis ungdomane tek i mot og eventuelt blir påverka til å reflektere over eiga rusåtfærd, vil også vere avhengig av relasjonen dei har til leiaren og om leiarane i utgangspunktet har legitimitet til å snakke om desse tema med ungdom.

Eit ytterlegare spørsmål dreier seg om i kor stor grad ungdomane tek med seg eventuelle nye refleksjonar om rusbruk som dei har gjort seg i samtalen med leiaren *frå* klubben og *til* dei kontekstane der rus blir konsumert. Det er denne overføringa mellom kontekstar som til sjuande og sist vil vere avgjerande for å kunne seie noko om det er samanheng mellom refleksjonar eller haldningar og faktiske handlingar, i dette tilfelle når det gjeld konsum av rusmiddel. Spørsmålet om samanhengen mellom haldningspåverknad og handlingsendring er eit stort problemfelt innanfor evaluering av førebyggande haldningsarbeid.

På grunnlag av dei utfordringane ved å anvende denne metoden som har blitt trekte fram i denne diskusjonen, synes det rimeleg å hevde at det truleg vil vere vanskeleg å få synlege og målbare resultat *utelukkande* ved hjelp av ei kortvarig opplæring av tilsette i ein metode som LØFT. Eit alternativ for det vidare arbeidet med prosjektet vil difor vere å utvide opplæringa i metoden og oppfølginga av leiarane etter opplæringa. Dette ville truleg gjere bruken av metoden meir omfattande og meir varig; med andre ord rette seg mot det som blei nemnd som det primære hinderet for at metoden skal kunne føre til dei ønskete resultatata. Men sjølv med ei grundigare opplæring i LØFT og meir bruk av metoden, vil det framleis vere usikkert kva effekt ein vil vere i stand til å identifisere og måle når det gjeld endring i ungdomane sitt refleksjonsnivå eller konsum av rusmiddel.

Med utgangspunkt i problema det gjerne medfører å påvise slike endringar, vil vi i det neste og avsluttande kapitlet drøfte om det er andre måtar ein kan tenkje seg å styrke og synleggjere det rusførebyggande arbeidet i fritidsklubbar på.

7 Tilrådingar for vidareutvikling av prosjektet

I dette siste kapitlet tek vi utgangspunktet i den usikkerheita som knyter seg til spørsmålet om ein vil kunne få målbare resultat med ei vidare satsing på LØFT. Målsetjinga er å diskutere kva alternative strategiar som kan vere fruktbare for å fremje og synleggjere førebyggjande verksemd i klubb meir generelt. Vi vil difor ta eit steg tilbake for å sjå nærare på det ein ønske å oppnå med LØFT og dei forholda som gjorde at ein valde denne metoden:

Målsetjinga med prosjektet kan brytast ned i to delar: Det *direkte* målet er å styrke klubbungdom sin evne til refleksjon rundt eigen rusbruk, noko som i neste omgang skal gjere dei i stand til å ta gode avgjerder på dette feltet. Å medverke til refleksjonsskapande samtaler om rus kan setjast som ein merkelapp på dette målet. Den eine premissen denne målsetjinga kviler på, er at det er ein samanhang mellom haldning/refleksjon og handling. Den andre premissen, som vi skal sjå nærare på nedanfor, er at fritidsklubb er ein eigna arena til å utvikle desse refleksjonane rundt rusåtferd fordi relasjonen mellom ungdom og tilsette i klubb er av ein slik art at dette er mogleg.

Det *indirekte* målet med prosjektet er å synleggjere klubben som rusførebyggjande arena. Å styrke klubbens legitimitet som førebyggjar kan vere ein merkelapp på dette målet. Grunngevinga er at ein gjennom klubb møter grupper av ungdom som det er viktig å rette merksemd mot i førebyggjande samanhang. Bakgrunnen for dette målet kan hevdast å vere at fritidsklubbar ikkje i tilstrekkeleg grad opplever å bli tatt på alvor som viktige aktørar i førebygging, noko som mellom anna blir synleg gjennom at fritidsklubbar i mange kommunar opplever å stadig vere truga av nedlegging, slik vi nemnde innleiingsvis. Ein vil difor kunne hevde at ein underliggende tanke i prosjektet er at dette indirekte målet skal nåast gjennom å vise til målbare effektar av det første og direkte målet: Altså at fritidsklubb blir synleggjort som førebyggjande tiltak gjennom at ein ser målbare effektar av det refleksjonsskapande arbeidet i klubb.

Med utgangspunkt i feltarbeidserfaringane i dei to klubbane, vil vi i denne avsluttande delen av rapporten drøfte kva som synest å vere naudsynte faktorar for å arbeide med desse målsetjingane i kvar av klubbane, og i kva grad LØFT verkar å vere eit godt verkty for dette arbeidet. I tilknytning til desse punkta vil vi også presentere konkrete tilrådingar til det vidare arbeidet med prosjektet.

Utvikle refleksjonsskapande samtaler om rus

Nokre hevdar, i tråd med den tyske pedagogen, kulturteoretikaren og ungdomsforskaren Thomas Ziehe, at ungdom i dag er kulturelt fristilte (Pedersen 1998; Laxvik 2001). Denne kulturelle fristillinga handlar om at samfunnendringar i dag skjer så raskt at ungdom ikkje på same måte som før kan ta over foreldregenerasjonen sine normer. Forskarar er usamde om graden av slik fristilling (Krange 2004; Prieur 2004), men dei fleste er samde om at det i dag blir stilt større krav til ungdom om å reflektere, skape meining og konstruere identitetar enn tidlegare.

I boka *Bärande relationer*, om «gode møte» i open verksemd i fritidsklubbar, hevdar Laxvik at om ein tek utgangspunkt i denne kulturelle fristillinga, vil klubbleiarar si rolle vere

att få den unge att fundere över vad hon själv tycker og känner genom att aktivt lyssna. Genom att besökaren högt får pröva sina tankar mot en vuxen som inte moraliserar utan som tålmodigt lyssnar till den unges trevande stärks hon i sina ställningstaganden. Dette leder också till insikt om nödvändigheten av att ta ställning och ta ansvar för sig själv (ibid.: 33).

Det Laxvik skildrar er eit ideal for å legge til rette for refleksjonsskapande samtaler med ungdom. Eit vidare poeng for Laxvik er at for at klubbleiaren skal kunne medverke til slike samtaler, må visse vilkår vere til stades når det gjeld relasjonen mellom ungdom og vaksen. Laxvik (2001) kallar dette vilkåret for *bärande relationer*. Berande relasjonar kan definerast som ein prosess der ein utviklar ein berekraftig og likeverdige, tillitsbasert og gjensidig stadfestande relasjon (ibid.: 44). At slike relasjonar er ein prosess tyder at dei tek tid å bygge. At dei er berekraftige og likeverdige inneber at den er sterk nok til å tåle til dømes konflikhtar. At den er basert på tillit inneber at det er ein nær relasjon der ein kan snakke ope om vanskelege ting. At den er gjensidige stadfestande inneber i ein fritidsklubb at ein ikkje har ambisjonar om å endre den andre, men at fråveret av ein slik ambisjon får den andre til å utvikle seg og endre seg når det høver for dei (ibid.: 45-6).

Laxvik sitt perspektiv på berande relasjonar og refleksjonsskapande samtaler synest på mange måtar å fange det ein ønskjer å oppnå med dette prosjektet. Innvendinga vil vere at ein gjennom LØFT vil ha ambisjon om å endre ungdomane sine haldningar til rus, noko som til ein viss grad bryt med idealet for ein berande relasjon. Likevel kan det vere fruktbart å sjå nærare på påstanden om at føresetnaden for refleksjonsskapande samtaler i klubb er at klubben er prega av berekraftige relasjonar mellom tilsette og ungdomar. Kva skal til for å utvikle slike relasjonar? Kva finst allereie og kva ville trengast i dei to klubbane for å utvikle slike relasjonar?

I perioden der feltarbeidet fann stad var det Bjørkelia fritidsklubb som såg ut til å møte flest utfordringar i arbeidet med å utvikle berande relasjonar, i alle fall overfor ein del av ungdomane i klubben. Ungdomane gav til dømes uttrykk for at dei hadde tillit til leiarane, men det var likevel tydeleg at denne tilliten ikkje i like stor grad som i Almåsen opna for å samtale om problem eller konfliktområde. Ufordringa Bjørkelia stod overfor kan kanskje formulerast som eit behov for å styrke dei «vertikale» relasjonane – mellom ungdom og leiarar, slik at dei «horisontale» relasjonane, eller jamalder-relasjonane, ikkje blei einerådande i same grad som dei var no.

Kva kan ein så sjå for seg at kunne medverke til å styrke relasjonane mellom leiarar og tilsette i klubben? Med utgangspunkt i det dei tilsette i klubben sjølve fortalde, er det fleire element ein kan peike på her: Meir tid med ungdomane er ein faktor. Med mange leiarar i små stillingar kunne det bli lite kontinuitet i arbeidet. Fleire av leiarane peikte på at ulike typar prosjektarbeid og turar, som innebar meir tid med dei same ungdomane, gav eit heilt anna grunnlag for å bygge gode relasjonar. Ein annan faktor ville vere å frigjere tid til å samtale eller å gjere ting saman med ungdomane, til dømes gjennom at dei vaksne ikkje aleine var tilretteleggarar av klubbdrifta, men at ein i staden overførte fleire av desse oppgåvene til ungdomar, gjerne som fellesaktivitetar for ungdomar og vaksne. Mest grunnleggande er kanskje likevel ei tydeleggjering av den berande ideen med klubben og kva rolle leiarane skulle ha i han. Slik klubben fungerte nå, hadde mange av leiarane i nokså stor grad det Jacobsen (2000) karakteriserer som ei «vaktmeisterrolle». Det verkar rimeleg at ei tydeleggjering av kva klubben skulle vere og kva rolle han skulle ha i det lokale førebyggjande arbeidet, måtte kome frå kommunen som var ansvarleg for klubbdrifta.

Kunne LØFT ha svart på utfordringane klubben stod i? Om LØFT blei innført i Bjørkelia kunne ein tenkje seg at leiarane kanskje i større grad ville ha dratt i gang samtaler med ungdomane. Kanskje kunne LØFT vore eit godt verktøy for å samtale med ungdom som dei fleste leiarane såg ut til å meine at det var litt vanskeleg å snakke ordentleg med. På den andre sida kunne ein tenkje seg at det å aktivt ta i bruk LØFT ville kunne opplevast som unaturleg eller kunstig – både av leiarar og ungdomar – fordi det ville bryte med etablerte samhandlingsmønster og relasjonar der det å gjere ting saman med leiarar hadde ei langt meir sentral rolle enn det å samtale. Poenget her er ikkje å påstå at det ikkje kan vere konstruktivt å bryte slike samhandlingsmønster. Poenget er likevel at eit avgrensa tema som rus ikkje nødvendigvis ville vere den beste innfallsvinkelen til slikt endringsarbeid.

I Almåsen var samtaler mellom tilsette og ungdom ein langt meir sentral del av klubbaktiviteten. Som tidlegare nemnd viste dette seg mellom anna i korleis mange av ungdomane brukte klubbleiarane som samtalepartnarar omkring eigne problem, men også gjennom korleis ungdomane stadig oppsøkte leiarane for ulike typar samhandling. Leiarane i Almåsen var i større grad enn leiarane i Bjørkelia fokuserte på relasjonane til enkeltungdomar i klubben, og deira ambisjon om å møte enkeltindivid var eit tydelegare element i leiarrolla enn i Bjørkelia. Med utgangspunkt i desse relasjonane kunne leiarane ta opp ei rekke problemstillingar – også rus – med ungdomane.

Kvaliteten i desse relasjonane må knytast til tida dei same leiarane hadde i klubben, men også til kva for mandat klubben og dei klubbtilsette hadde fått frå kommunen. Det var sjølvsagt også ein samanheng mellom desse faktorane. I tillegg kom rollene nokre av leiarane hadde i forlenginga av rolla som klubbtilsette; som utekontaktar og som sentrale i samarbeid med skule og andre instansar. Gjennom kombinasjonen av desse rollene såg dei ut til å lykkast *både* med å gje klubben legitimitet blant andre vaksne og med å få ein posisjon blant ungdom som vaksne ein kunne ha tillit til. Utfordringa for leiarane i denne klubben var også å etablere relasjonar til ungdom som i utgangspunktet ikkje i så stor grad søkte vaksenkontakt, verken i klubb eller på andre arenaer. Variasjonen i leiarane sin bakgrunn og aktivitetane dei drog i gang syntes å vere ein styrke for å nå også ungdom som trekte seg bort frå annan samhandlinga med vaksne i klubben.

Som vist i kapittel fem blei LØFT-metoden i Almåsen eit supplement til den måten dei allereie arbeidde på og som kanskje kunne hatt potensiale til å styrke leiarane sin kompetanse på samtaler om rus dersom om opplæringa hadde vore meir omfattande. Leiarane si forsterka interesse for russpørsmål gjennom LØFT ville av ungdomane truleg blitt oppfatta som eit element i leiarane sitt *samla* engasjement for ungdom. Dei eksisterande samhandlingsformene i klubben gjorde at det baud seg høve til å prøve ut metoden til ein viss grad, men sjølv med dei relativt rikelege personalressursane i klubben og kulturen for samtale, var det som nemnd vanskeleg å få brukt metoden tilstrekkeleg og vedvarande.

Med tanke på samanlikninga mellom Almåsen og Bjørkelia synest det også rimeleg å peike på at LØFT aleine truleg ikkje kunne ha *skapt* dei samhandlingsformene mellom ungdom og tilsette som prega Almåsen. LØFT synes tvert i mot å ha som vilkår at relasjonane verktøyet skal prøvast ut innanfor er gode nok til at metoden kan kvile i desse relasjonane. Med bakgrunn i kunnskapen om i kva grad fritidsklubbar er ueinsarta tiltak, synes det problematisk å ta desse relasjonane for gitt.

Ei første tilråding for vidareutviklinga av prosjektet er difor at ein arbeider vidare med metodar for å utvikle relasjonar mellom tilsette og ungdom i klubb. Eit slikt arbeid kan til dømes gjerast gjennom ei generell skolering i relasjonsbygging med bakgrunn i barne- og ungdomsfagleg utdanningar. Eit alternativ vil vere å setje i verk prosjekt for å samle erfaringar frå klubbtilsette og ungdom om relasjonar i eksisterande verksemdar, og bruke dette som utgangspunkt for metodeutvikling når det gjeld relasjonsbygging. Ei slik tilnærming vil innebere metodeutvikling med utgangspunkt i eksisterande erfaringar – ei form for datadriven metodeutvikling – i staden for ei teoridriven metodeutvikling som LØFT representerer. Eit deltema kan også vere erfaringar med ulike måtar å samtale om rus på. I eit slikt prosjekt bør ein også ha fokus på kva rammevilkåra for klubben har å seie for tilsette sitt høve til å bygge relasjonar til klubb-brukarane.

Styrke fritidsklubbar sin legitimitet som førebyggjande verksemd

I regjeringas handlingsplan mot rusmiddelproblem 2002-2005 (Regjeringen og Sosialdepartementet 2002) står følgjande:

Forebygging er mest effektiv når det er tilpasset de lokale forhold og beslutninger tas så nært de berørte parter som mulig. Et godt og etablert samarbeid mellom skole, barnevern, sosialtjeneste, helsevesen og politi gjør det også lettere å nå barn og ungdom i risikozonen. Det blir derfor viktig å involvere så mange aktører som mulig på lokalt plan og samordne innsatsen i en helhetlig, lokal strategi (ibid.: 17).²⁴

Fritidsklubbar er ikkje nemnd i dette avsnittet om førebygging på lokalt plan. Kanskje kan dette tolkast som at fritidsklubbar ikkje blir sett på som ein sjølvstendig del av det førebyggjande arbeidet på lokalt nivå. Helland og Øia (2000) påpeiker at fritidsklubben i Noreg aldri har vore omfattande evaluert etter strengt vitenskaplege kriterium, og at dette truleg har samanheng med låg sosial prestisje og manglande interesse og forståing både frå forskarar og styresmakter.

På denne bakgrunnen kan det vere interessant å bruke dei to klubbane i denne studien som utgangspunkt for å sjå nærare på ulike posisjonar fritidsklubbar kan ha i lokale «førebyggingslandskap». Som vi har hevda ved fleire

²⁴ Gjennomgangen av effekten av rusførebyggjande tiltak (NOU 2003: 4) viser gode erfaringar med samordning av lokale tiltak.

høve tidlegare i rapporten, hadde dei to klubbane svært ulike slike posisjonar. Dei hadde ulike formelle roller når det gjaldt tilknytning til kommunale nettverk av aktørar involvert i førebyggjande arbeid, og vi har tidlegare argumentert for at dette kom til uttrykk i to ulike forståingar av kva rolle fritidsklubb hadde i lokal førebyggjande verksemd. Desse forståingane kan oppsummerast i desse to punkta:

1. Fritidsklubben er ein stad å vere for ungdom som i liten grad er aktivisert eller organisert på andre måtar. Klubben kan hindre at særleg problemungdom driv rundt i det offentlege rom og lagar bråk. Klubben er ein rusfri stad, og om klubben er attraktiv nok, vil ungdom gå dit i staden for å drikke. Gjennom å aktivisere ungdom kan ein få dei til å tenkje på noko anna enn rus.
2. Klubben er ein stad å vere for ungdom som i liten grad er aktivisert eller organisert på andre område. Klubben skal legge til rette for at ungdom etablerer relasjonar til vaksne med realkompetanse i barne og ungdomsarbeid som kan fange opp ungdom i risikosona. Klubben skal førebygge og arbeide med ungdom i samarbeid med andre kommunale instansar.

Denne samanfattainga av ulike førebyggingsforståingar synleggjer mellom anna at likskapen mellom desse forståingane ligg i målgruppa, medan skilnaden er å finne i kva for relasjonar som blir tillagt vekt: Innanfor den første forståinga er det ein underliggende premiss at jamalder-relasjonane innanfor klubben kan vere av same art som utanfor klubben – spissformulert uttrykt som at klubben er ein ungdomsgjeng som er flytta innomhus. I Bjørkelia blei klubben si rolle som førebyggjar formulert som at «Når klubben stenger blir det mer hærverk,» og dei prøvde å halde klubben open i helgene for å få ungdomane til å kome innomhus i staden for å vere ute og drikke.

I den andre forståinga er relasjonen mellom ungdom og leiarar vektlagt på ein annan måte, med ein tydelegare ambisjon om at leiarane skal intervenere i og forme den ungdomsgruppa som kjem til klubben. Denne forståinga prega Almåsen og kan sjåast som ei direkte spegling av den rolla kommunen hadde tilkjend klubben som aktør i det førebyggjande arbeidet, mellom anna gjennom å gje klubbtilsette sentrale posisjonar i ulike nettverk, samt å legge til rette for at klubbtilsette var fulltidstilsette ungdomsarbeidarar på ulike arenaer.

Det finst ikkje dokumentasjon på at måten dei driv klubbarbeidet i Almåsen faktisk verkar rusførebyggjande. Det dei *kunne* dokumentere var likevel at dei blei forstått som eit rusførebyggjande tiltak i kommunen, og at

dei fekk informasjon om og blei involvert i konkrete saker som dreidde seg om ungdom og rusbruk. Ungdomane i klubben gav også uttrykk for at dei brukte klubbleiarane aktivt som samtalepartnarar, og dei visste at dei tilsette i klubben kunne formidle ulike former for relevant hjelp. Legitimiteten som førebyggjande verksemd i lokalmiljøet som denne klubben hadde kan kanskje seiast å vere eit døme på det å synleggjere klubbar som rusførebyggjande verksemd, som vi har omtalt som ei indirekte målsetjing for dette prosjektet. I denne samanhengen blir det viktig å framheve at i kor stor grad ein klubb vil ha potensial til å fungere førebyggjande også vil vere avhengig av kva slags rolle han blir tilkjend i det kommunale førebyggingsarbeidet, mellom anna i form av ressursar og posisjon i nettverk. Dermed kan det vere fruktbart å kartlegge kva slags tiltak som må til for å få fleire klubbar over i ein posisjon som tilsvarer den Almåsen hadde.

Med bakgrunn i dette er det to problem ved valet av LØFT som metode for å styrke klubbens legitimitet som førebyggjar som bør framhevast. Det første er at ein med vektlegginga av denne metoden risikerer å legge ei svært stor byrde på klubbtilsette for å endre forhold som for ein stor del dreier seg om rammevilkår som dei tilsette ikkje rår over. Det ville til dømes vere urimeleg at dei enkelte tilsette i Bjørkelia, med dei små stillingane sine og dei svært avgrensa moglegheitene til kontakt med kollegaer og andre instansar som arbeidde med ungdom, *aleine* skulle stå ansvarlege for å gjennomføre eit tiltak som skulle kunne gje målbare effektar på ungdoms refleksjonar og kanskje åtferd i forhold til rus.

Eit anna problem er at ein gjennom denne måten å synleggjere førebyggjande verksemd på ikkje vil kunne vise kva ressursar til å drive klubben godt har å seie for klubbane sine faktiske moglegheiter til å drive førebyggingsarbeid. Det vi er inne på her kan kanskje karakteriserast som ein debatt om høna og egget – altså spørsmålet om kvar ein skal byrje for styrke klubbar si rolle på dette feltet?

På bakgrunn av erfaringane frå feltarbeidet i dei to klubbane er den andre tilrådinga for det vidare arbeidet med prosjektet å kartlegge ulike erfaringar med å integrere og bruke fritidsklubbar i det førebyggjande arbeidet i kommunane. I samband med dette bør ein også kartlegge korleis klubben sine ressursar påverkar høve til samarbeid med andre tiltak og institusjonar, og korleis ressursar påverkar ulike måtar ein kan drive førebyggjande arbeid i klubb på. Gjennom ei slik kartlegging vil ein kanskje kunne dokumentere ein eventuell samanheng mellom rimelege ressursar og integrering av klubben i lokalt arbeid, og gode resultat med førebygging.

Også ei slik tilnærming vil innebere utfordringar med tanke på korleis ein kan måle kva som er vellukka førebygging. Det er likevel grunn til å tru at spørsmål som til dømes går på ungdom si oppleving av klubbtilsette som personar dei kan oppsøke for å ta opp problem, samt andre kommunale instansar si oppfatting av klubben som ein relevant samarbeidspartnar i arbeid med ungdom, kan gje indikasjonar på korleis klubben blir forstått som førebyggingsaktør. Slik kunnskap kan spele ei viktig rolle for å motivere kommunar til å satse på å utvikle gode fritidstilbod.

Avslutning

Bakgrunnen for dette prosjektet har vore eit ønske om å utvikle det rusførebyggande arbeidet i fritidsklubbar gjennom opplæring i eit samtaleverkty for klubbtilsette. Spørsmålet vi har stilt er om dette verktøyet var eigna til å få ungdom til å stille spørsmål ved eiga rusåtferd. Det har også vore eit mål at resultat av dette arbeidet skal kunne målast og dokumenterast. Vi har ovanfor vist at det er ei rekke utfordringar som knytte seg til å måle effekten av dette konkrete verktøyet. Men kva inneber målsetjinga om å måle effekt for fritidsklubbar meir generelt? Vi vil avslutningsvis presentere nokre refleksjonar rundt dette spørsmålet.

Det er forståeleg at også fritidsklubbar ønskjer å synleggjere og dokumentere i kva grad dei har førebyggande effekt. Dette er i tråd med at styresmaktene i større grad stiller til krav til at førebyggande tiltak skal kunne dokumentere resultat for at dei skal få økonomisk støtte. Ein kan også hevde at når det gjeld fritidsklubbar er ønsket om slik dokumentasjon også ein konsekvens av at ein har lagt så stor vekt på førebygging i legitimeringa av verksemda som klubbane driv.

Som tidlegare nemnd er den vitskapleg godkjende måten å måle effekt av førebyggande tiltak på, eksperimentelle forskingsdesign med intervensjons- og kontrollgrupper og før og ettermålingar. Slike studiar er arbeidskrevjande og dermed kostbare, og det vil difor vere viktig at ein har gode indikasjonar på at det tiltaket ein vil teste effekten av både er moglege å setje i verk og tilpassa den konteksten det skal brukast i. Erfaringane med samtaleverktøyet som blei utprøvd i dette forprosjektet tyda på at det var langt vanskelegare å gjennomføre bruken av verktøyet enn forventet. Som nemnd er det også andre utfordringar som knyter seg til å evaluere effekten av dette verktøyet, mellom anna når det gjeld å vite kva slags påverknad ungdomane har blitt utsette for i klubben samt å isolere effekten av dette tiltak frå andre påverknadar.

Spørsmålet er dermed korleis ein skal arbeide vidare for å dokumentere korleis fritidsklubbar eventuelt verkar førebyggjande.

Dei svenske undersøkingane som blei presentert innleiingsvis, der forskarane konkluderte med at det å vere i fritidsklubb eller liknande verksemd, såg ut til å auke sjansane for at ein del ungdom fekk problem (Mahoney, Stattin et al. 2004), kan innebære at fritidsklubbar står overfor reelle utfordringar når det gjeld å posisjonere seg som aktørar i førebyggingsverksemd og dokumentere at tiltaka dei tilbyr gjev positive bidrag til ungdom si utvikling. Dersom ein brukar førebygging som argument for å legitimere verksemda, vil det kunne slå hardt tilbake dersom det blir stilt spørsmål ved desse påstandane, til dømes gjennom slike forskingsresultat. Analysane av tal frå den representative ungdomsundersøkinga som blei presentert tidlegare i denne rapporten, understrekar likevel at fritidsklubbane rekrutterer ei viktig målgruppe når det gjeld rusførebygging. Det er difor svært positivt at ein gjennom prosjektet har hatt vilje til å gå inn i spørsmålet om korleis ein kan utvikle klubbarenaen for at førebyggingsarbeidet skal bli betre, i staden for å ta for gitt at eit lokale der ungdom kan vere i seg sjølv verkar førebyggjande.

Det er likevel noko paradoksalt i ønsket om å dokumentere førebyggjande effekt gjennom eit relativt kortvarig og smalt tiltak som det som har vore prøvd ut her. Paradokset ligg i at den ideologiske grunngjevinga for fritidsklubb tradisjonelt har argumentert for at verdien av klubb ligg i storleikar som i svært liten grad let seg kvantifisere, og som ein ikkje kan vente å sjå resultat av i løpet av eit kort klubbsemester. Ein har snakka om å styrke ungdom sin vekst, medverke til sosial læring, i seinare tid også om *empowerment* – eller kyndiggjering (Stafseng 1978; Frønes 1979; Stephansen 1983; Jacobsen 2000; Laxvik 2001). Helland og Øia (2000) nemner ei rekkje grunnar for å tru at ein veldreven fritidsklubb med god oppslutning kan medverke til førebygging. Mellom desse er til dømes av å halde ungdom i nærmiljøet, å tilby eit alkoholfritt tilbod, særleg i helgene og høve til å gje positiv tilhøyre for ungdom som ikkje lukkast i ei rekkje andre samanhengar (ibid.: 194). Å evaluere eit smalt aspekt ved klubbverksemda, synest i liten grad å samsvare med dei *overordna* måla ein har med fritidsklubbar. Dette reiser også spørsmål om kva verdien av fritidsklubbar skal knytast til: Har det ein verdi i seg sjølv at ungdomane har ein stad å vere og treffe vener når dei opplever å vere uønska på andre offentlege arenaer? Eller kan fritidsklubbar berre forsvarast dersom ein kan vise at dei i framtida vil medføre at ein får redusert omfanget av problem som samfunnet fokuserer på?

På denne bakgrunnen er det grunn til å presisere nokre sider ved dei tilrådingane som blei presenterte ovanfor: Det synest viktig å peike på at ein ikkje kan ta relasjonar mellom ungdom og tilsette i klubb for gitt, og at eit systematisk arbeid med relasjonar mellom klubbtilsette og ungdom vil vere eit nødvendig grunnlag for å utvikle refleksjonsskapande samtalar. Det synest også rimeleg å understreke at refleksjonsskapande samtalar bør kunne handle om alle tema som er viktige for ungdom, ikkje berre tema som passar til ein vaksen dagsorden.

Vidare må ein ha som utgangspunkt at klubbtilsette ikkje kan utvikle berande relasjonar til ungdom utan rimelege rammevilkår. Desse rammevilkåra må innebere stillingar som mogleggjer kontinuitet i samveret med ungdomane, men også kapasitet til integrering av klubbar og klubbtilsette i det øvrige lokale førebyggings- og ungdomsarbeidet. Sett under eitt er ei overordna tilråding dermed at vurderer nøye om ein i staden for å isolere, utvikle og evaluere *eit* aspekt ved klubbverksemda – rusførebygging – heller bør arbeide systematisk med å utvikle og eventuelt evaluere fritidsklubb som heilskap. Dette gjeld både når det den «interne» klubbverksemda og integreringa i anna lokalt arbeid.²⁵ Gjennom ei slik heilskapleg tenking vil ein kunne utvikle ei djupare forståing av kva gode fritidsklubbar er og korleis dei kan medverke i førebyggande ungdomsarbeid på mange område. Det er å håpe at ei slik forståing kan motivere kommunar til å satse på å bygge ut og oppretthalde god klubbverksemd.

²⁵ Helland og Øia (2000) referer til dømes til ei liste utarbeidd av Vestel (1999) med ti punkt som kan brukast til å evaluere det faglege arbeidet i klubben. Her blir det nemnd forhold som talet på brukarar og faste brukarar, om brukarar tek med seg vener/familie, talet på brukarar som kan definerast som «utsette», samansetjinga av brukargrupper, kva personalet blir brukt til, endringar i registrert problemåtfærd, andre instansar sine vurderingar av klubben, breidda i opplevingar klubben kan tilby, og kva relasjonar leiarane legg vekt på å utvikle i høve til ungdomane.

Summary

In the history of youth clubs in Norway, an assumption of the positive effects of youth clubs on the prevalence of young people's alcohol and drug use has played an important role in explaining why youth clubs are important. The goal of the project described in this report has been to strengthen and focus the preventive work in youth clubs. The method that has been used is a simplified version of the therapeutic method called «Solution Focused Brief Therapy». By using this method as a tool when engaging in conversations with youth about alcohol and drugs, the club leaders' aim is to facilitate reflections about alcohol and drug use. The looked-for outcome of this new way of talking is that the youth become more aware of their actual opinions and decisions in this area. The main research question in this report is whether this particular tool is apt and adequate as a means to achieve this goal. A question relating to this is how the quality of the relationships between youth and club staff influence the practice of this methodology. An additional goal of the report is to investigate how the local context of the club and its available resources influence how the club staff can deal with issues concerning alcohol and drug use.

Two youth clubs have been involved in this pilot study. The research has been conducted through a three-month fieldwork. Half way through the fieldwork, the leaders in one of the clubs participated in a two-day course in solution focused methodology. In the second half of the fieldwork, the main focus of the research in this club was on how the leaders implemented the new method and how their interaction with the youth was influenced by their new skills.

The limited length and scale of the study precludes definite conclusions concerning the potential of this methodology in youth clubs in general. Nevertheless, one of the main findings in the study was that despite the enthusiasm of the leaders in the weeks following the course, data indicate that the training was too short to ensure sufficient mastery of the method. Moreover, the most obvious constraint on a possible effect on the youth was the restricted use of the method in the club. Even if inadequate training as well as the limited length of the fieldwork following the training are important limitations of this project, some of the findings should be taken into account when considering the general potential of this methodology in a club context. One important challenge that must be overcome in order to

achieve an extensive and lasting implementation of this method is how to ensure that the club staff will have sufficient opportunity to practice the method and support each other while doing it. A widespread feature of youth clubs is that the staff consists of a relatively large number of adults who work a relatively limited number of hours per week each. This structural feature limits possibilities for follow-up between the staff, but it can also mean that the relationships that each youth worker has with the youth can be of varying quality and continuity. Experiences from the youth clubs in this study show that there are good reasons to believe that good and trusting relationships between staff and youth is a necessary condition for a meaningful use of the method. In this context it is of relevance to point out that a comparison of the two clubs in the study indicate that the quality of the integration of youth clubs in other local arenas dealing with youth and prevention measures also seems to influence how club leaders are able to build and develop relationships with the club users. Consequently, a drawback with a methodology such as the one tested in this project, is its complete dependence on the club leaders' capacities, whereas the influence of the circumstances under which they work is not taken into account.

These contextual aspects of youth clubs and relationships within these clubs offer perspectives that are useful in view of the next stage of this project. Two suggestions for the further development of this project are put forward in this report: (1) Gather and analyse existing experience on how to build relationships in youth clubs. Include information on the club's resources and how these influence the context for developing good and trusting relationships. Use this knowledge as a starting point for developing methods for talking to young people about drug and alcohol use. (2) Collect and analyse information on integration of youth clubs in local communities and on the consequences of different forms of integration for the club's capacity to engage in drug prevention. Analyse how available resources influence the club's potential for playing an important part in local prevention work.

Referansar

- Berg, I. K. (1994). *Family-based services : a solution-focused approach*. New York, W.W. Norton.
- Berg, I. K. og S. D. Miller (1992). *Working with the problem drinker : a solution-focused approach*. New York, Norton.
- Brofoss, K., Sosialdepartementet, et al. (2003). *Forskning på rusmiddelfeltet : en oppsummering av kunnskap om effekt av tiltak : oppnevnt av Sosial- og helsedepartementet 9. september 2001 : avgitt til Sosialdepartementet februar 2003*. Oslo, Statens forvaltningstjeneste Informasjonsforvaltning.
- Danesi, M. (1993). "Smoking-Behavior in Adolescence as Signifying Osmosis." *Semiotica* **96** (1-2): 53-69.
- De Shazer, S. (1985). *Keys to solution in brief therapy*. New York, Norton.
- De Shazer, S. (1988). *Clues : investigating solutions in brief therapy*. New York, W.W. Norton.
- De Shazer, S. (1991). *Putting difference to work*. New York, Norton.
- De Shazer, S. (1994). *Words were originally magic*. New York, W.W. Norton.
- Frønes, I. (1979). *Et sted å være - et sted å lære en bok om sosial læring og forebyggede miljøarbeid*. Oslo, Tiden.
- Furman, B. og T. Ahola (2002). *Skap deg en bedre arbeidsplass!: en løsningsfokusert tilnærming*. Oslo, Gyldendal akademisk.
- Gingerich, W. J. og S. Eisengart (2000). "Solution-focused brief therapy: A review of the outcome research." *Family Process* **39** (4): 477-498.
- Helland, H. og T. Øia (2000). *Forebyggende ungdomsarbeid*. Bergen, Fagbokforl.
- Henriksen, Ø. og A. Sande (1995). *Rus: fellesskap og regulering*. [Oslo], Kommuneforlaget.
- Holth, P. og S. O. Helsedirektoratet (2003). *Planlegging og evaluering av forebyggende arbeid - en veiledning*, Sosial- og Helsedirektoratet, SIRUS (Statens institutt for rusmiddelforskning).
- Jacobsen, H. (2000). *Ungdomsarbeideren om kultur og metode i fritidsklubber*. Oslo, Kommuneforl.
- Jacobsen, H. (2003). *Fakta om klubb: Landsundersøkelsen 2002. Ungdom og Fritids tilstandsrapport om fritidsklubbene i Norge*. Oslo, Ungdom og Fritid.
- Krange, O. (2004). *Grenser for individualisering : ungdom mellom ny og gammel modernitet*. Oslo, Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi Universitetet i Oslo : NOVA.

- Langslet, G. J. (1996). *Løft av organisasjoner : løsningsfokusert tilnærming til utvikling og problemløsning*. Oslo, [s.n.].
- Langslet, G. J. (2002). *LØFT for ledere : løsningsfokusert tilnærming til typiske ledelsesutfordringer*. Oslo, Gyldendal akademisk.
- Langslet, G. J. (2004). *Gi hverdagen et løft!* Oslo, Gyldendal akademisk.
- Laxvik, T. (2001). *Bärande relationer : normativ rapport om förutsättningar för goda möten i öppen verksamhet på fritidsgård*. Stockholm, Fritidsforum.
- Lilja, J., J. Giota, et al. (2004). "Olika synsätt på utvärderingar av preventionsprogram för skolor." *Nordisk alkohol- & narkotikatidsskrift* **21** (4-5): 297-307.
- Mahoney, J. L. og H. Stattin (2000). "Leisure activities and adolescent antisocial behavior: The role of structure and social context." *Journal of Adolescence* **23** (2): 113-127.
- Mahoney, J. L., H. Stattin, et al. (2004). "Unstructured youth recreation centre participation and antisocial behaviour development: Selection influences and the moderating role of antisocial peers." *International Journal of Behavioral Development* **28** (6): 553-560.
- Mahoney, J. L., H. Stattin, et al. (2001). "Youth recreation centre participation and criminal offending: A 20-year longitudinal study of Swedish boys." *International Journal of Behavioral Development* **25** (6): 509-520.
- Nielsen, H. B., M. Rudberg, et al. (1990). *Jenters vei til rusmidler : et sosialiseringsperspektiv : rusforskningsprogrammet*. Oslo, Norges råd for anvendt samfunnsforskning.
- Osborn, C. J. (1999). "Solution-focused strategies with 'involuntary' clients: Practical applications for the school and clinical settings." *Journal of Humanistic Education & Development*, **37** (3): 169.
- Pedersen, W. (1993). "Forebyggende foreningsliv?" *Tidsskrift for Samfunnsforskning* **34** (3): 199-217.
- Pedersen, W. (1998). *Bittersøtt: ungdom, sosialisering, rusmidler*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Persson, A., M. Kerr, et al. (2004). "Why a leisure context is linked to normbreaking for some girls and not others: personality characteristics and parent-child relations as explanations." *Journal of Adolescence* **27** (5): 583-598.
- Prieur, A. (2004). *Balansekunstnere : betydningen av innvandrerbakgrunn i Norge*. Oslo, Pax.
- Ravndal, E., Ed. (2003). *Forebygging av narkotikamisbruk blant ungdom - politisk talemåte eller nyttig tiltak*. Medisin og samfunn: Festskrift til Grete Botten i anledning hennes 60-årsdag, Unipub 2003.
- Regjeringen og Sosialdepartementet (2002). *Regjeringens handlingsplan mot rusmiddelproblemer 2003-2005*. [Oslo], Sosialdepartementet.

- Rossow, I. og A. K. Bø (2003). Metoderapport for datainnsamling til Ung i Norge 2002. Oslo, Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA).
- Schancke, V. A. (2003). *Forebyggende og helsefremmende arbeid, fra forskning til praksis : en kunnskapsoppsummering med råd og anbefalinger*. [Ankenesstrand], Kompetansesenteret ved Nordlandsklinikken Forebyggingsseksjonen.
- Skretting, A. og E. K. Bye (2003). *Bruk av rusmidler blant norske 15-16 åringer : resultater fra den norske delen av de europeiske skoleundersøkelsene ESPAD, 1995, 1999 og 2003*. Oslo, Sirus.
- Stafseng, O. (1978). *Forebyggende tiltak som sosial prosess*. Oslo, UiO/ISO.
- Stafseng, O. (1984). *Ungdomsarbeid om sosialpedagogiske metoder og tenkemåter*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Stephansen, E. (1983). *Fritidsklubb som forebyggende miljøarbeid*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Storvoll, E. E. og O. Krage (2003). *Osloungdom og rusmiddelbruk : utbredelse og muligheter for forebygging*. Oslo, Nova.
- Vestel, V. (1997). *Ungdomskulturer og narkotikabruk*. Oslo, Norsk institutt for forskning om oppvekst velferd og aldring.
- Vestel, V. (1999). Om å måle kvaliteten på arbeid med fritidsklubber. Upublisert notat. Groruddalen.
- Walter, J. L. og J. E. Peller (1992). *Becoming solution-focused in brief therapy*. New York, Brunner/Mazel.
- Aambø, A. (2004). LOS: *løsningsorienterte samtaler*. Oslo, Gyldendal akademisk.